

KU og ROS til endra forslag til KPA 2026-2038

Innhold

INNLEIING	2
1. OM KONSEKVENSGREIING	2
1.1 LOV- OG FORSKRIFTSFESTA KRAV OG FØREMÅLET MED KONSEKVENSGREIING	2
1.2 FØRINGAR FRÅ PLANPROGRAM OG KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL	2
1.3 AVGJERSLEGRUNNLAG	2
2. METODE FOR UTARBEIDING AV KU	3
2.1 INNLEIING	3
2.2 UTGREIINGSTEMA OG KUNNSKAPSGRUNNLAG	3
2.3 KRITERIA FOR VURDERING AV KONSEKVENSGREIING FOR KVART KU-TEMA	6
2.4 USIKKERHEIT	7
3. VURDERING AV SAMLA VERKNADAR	7
3.1 SAMLA VURDERING – VERKNADAR FOR MILJØ- OG SAMFUNN VURDERT FOR KVART AREALFORMÅL	8
3.1.1 Bustadformål	8
3.1.2 Næring	9
3.1.3 Sentrumsføremål / bustad kombinert med andre formål	9
3.1.4 Sjø- og strandsone	10
3.1.5 Grøntstruktur og LNF-spreidd bustad	11
3.1 SAMLA VURDERING – VERKNAD FOR MILJØ OG SAMFUNNSTEMA	12
4. METODE FOR ROS-ANALYSE VINDAFJORD KPA	13
4.1 LOVVERKET OG KRAV TIL ROS-ANALYSE	13
4.2 METODE FOR UTFØRING AV ANALYSE	13
4.2.1 Prosess og medverknad	13
4.3 ROS-ANALYSE – KORT FORTALT	13
4.4 SÅRBARHEIT	14
4.5 VURDERING AV SANNSYN	14
4.6 VURDERING AV KONSEKVENSGREIING OG KONSEKVENSTYPAR	15
4.7 VURDERING AV RISIKO	16
4.8 AKTUELLE HENDINGSKATEGORiar FOR ROS-ANALYSEN	16
4.8.1 Presisering av vurderingar knytt til ulike hendingar	17
4.9 KUNNSKAPSGRUNNLAG NYTTA FOR Å VURDERA SANNSYN OG KONSEKVENSGREIING AV HENDINGAR I ROS-ANALYSEN	18
4.10 AVBØTANDE TILTAK – PLANGREP SOM FØLGJE AV ROS-ANALYSEN	19
4.11 USIKKERHEIT	19
4.12 KONKLUSJON	19
5. TILLEGG TIL ROS-ANALYSE	19
6. KU OG ROS – SKJEMA FOR AREALINNSPELA	23
AREALINNSPEL MED UAVKLART RISIKO	261

Innleiing

Det blei utarbeidd eit dokument for KU og ROS for alle arealinnspele til førstegangsbehandlinga (KU og ROS del 1, del 2 og del 3). Etter høyringa er det gjort endringar i planforslaget mellom anna med bakgrunn i motsegner og andre høyringsinnspele. Fleire arealinnspele er tatt ut, andre er endra og/eller justerte. I det følgjande er å lese:

- Metodekapittel som følgde KU og ROS til første gans behandling
- Tillegg til metode for ROS-analyse
- KU og ROS-skjema for alle einskildinnspele som er med i nytt forslag til KPA og
- ei oversikt over alle arealinnspele med uavklart risiko

1. Om konsekvensutgreiing

1.1 Lov- og forskriftsfesta krav og føremålet med konsekvensutgreiing

Ved utarbeiding og rullering av kommuneplanen sin arealdel skal det alltid gjennomførast ei konsekvensutgreiing (KU), jf. § 4-2 i plan- og bygningslova og §6 i forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta, 2009). Konsekvensutgreiinga skal visa kva viktige miljø- og samfunnsinteresser som blir omfatta av dei føreslegne tiltaka. Vidare skal utgreiinga skildra verknadane på desse verdiane for alle nye område for utbygging og ved vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde. KU-kravet gjeld og ved vesentleg endring av arealbruk i eksisterande byggeområder.

1.2 Føringar frå planprogram og kommuneplanens samfunnsdel

Planprogrammet for arbeidet med revisjon av kommuneplanen i Vindafjord blei vedteke i kommunestyret 22.06.2021. Planprogrammet legg føringar for arbeidet med revisjon av både kommuneplanens arealdel og samfunnsdelen. Det seier og noko om kva revisjonstema som gjeld for arealdelen i denne rulleringa:

- *Bustadutvikling/tettstadutvikling*
- *Landbruk og anna næringsutvikling*
- *Bruk og vern av sjø og strandsone*
- *Føresegner til arealdelen*
- *Gjennomgang av eldre reguleringsplanar*

Innkome arealinnspele som gjeld andre arealformål enn det som er tema i denne kommuneplanrulleringa er silt ut av kommunen før KU er gjennomført.

Samfunnsdelen til kommuneplanen (vedteken i kommunestyret 18.06.2024), og arealstrategien som er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen gir overordna føringar for arbeidet med arealdelen. For dei satsingsområda som vart fastsett i planprogrammet er det i samfunnsdelen utarbeida mål, strategiar og arealstrategiar for å sikre måloppnåing i planperioden. Satsingsområda er:

- *Berekraftig kommune*
- *Attraktive lokalsamfunn*
- *Framtidsretta tenester – gode liv og livslang læring*

I tillegg har samfunnsdelen sektorovergripande tema med tilhøyrande mål, strategiar og arealstrategiar:

- Klima og miljø
- Samfunnstryggleik
- Folkehelse

1.3 Avgjerslegrunnlag

Kommuneplanen sin arealdel er ein oversiktsplan med fokus på langsiktig utvikling og heilskap – og då skal konsekvensutgreiing og ROS-analyse ha same fokus: Tilstrekkeleg kunnskap om verknader av forslaget for å kunna ta ein «grovavklaring», med andre ord anten ja eller nei til utbygging. Konsekvensutgreiinga for kvart arealinnspele

dannar avgjerslegrunnlaget for om innspelet skal tilråddast. Dei innspela som er tilrådd med vidare i planen er vurdert med omsyn til risiko- og sårbarheit (ROS-analyse).

I tillegg til konsekvensutgreiing for kvart enkeltinnspel krev KU-forskrifta at ein skildrar verknadane alle innspela samla sett vil få for dei ulike miljø- og samfunnsomsyn. I tråd med KU-rettleiaren blir dei samla vurderingane delt inn i to delar: samla vurdering for kvart arealformål og samla vurdering for kvart utgreiingstema (KU-tema).

2. Metode for utarbeiding av KU

2.1 Innleiing

Metodikken for konsekvensutgreiing gitt i rettleiar «*Konsekvensutredninger av kommuneplanens arealdel*» (2012) frå Miljøverndepartementet er nytta i arbeidet. Metoden legg til grunn ein systematisk, trinnvis framgangsmåte. Kvart enkelt innspel blir lagt inn i eit vurderingsskjema. Først blir det gitt ein kort presentasjon av innspelet, lokalisering og kva som er arealstatus på området i dag (Nullalternativet). Vidare blir aktuelle miljø- og samfunnstema i innspelsområdet gjennomgått. Påverknad/omfang innspelet får for desse verdiane samanlikna med nullalternativet avgjer kva grad av konsekvens innspelet frå for aktuelt tema. Det blir konkludert med om tiltaket har positiv, nøytral, negativ eller sterk negativ konsekvens. Som ei oppsummering i kvart innspelsskjema er det gitt ei samla vurdering av konsekvens det enkelte innspelet vil få, med grunnlag i dei tematiske funna. I enkelte innspel er det foreslått avbøtande tiltak, som for eksempel reduksjon av innspelsområdet, framfor at innspelet ikkje blir tilrådd berre fordi ein mindre del av området gjerne er konfliktylt å gå vidare med.

Nullalternativet

Nullalternativet i denne konsekvensutgreiinga er definert som eksisterande situasjon, inkludert eksisterande planstatus i KPA eller reguleringsplanar. Det betyr at eit område som er sett av til utbyggingsføre mål i gjeldande planar, men som ikkje er realisert, blir vurdert i høve til den moglege framtidige utbygginga som gjeldande planar opnar for.

Konsekvenskategoriar

Konsekvensvurderingane for kvart tema er gjort med utgangspunkt i ei fagleg vurdering basert på tilgjengeleg kunnskap. Grunngeving for konsekvens er skildra med tekst for kvart tema. Konsekvensane er ikkje talfesta, og samla vurdering er dermed ikkje matematisk basert. Følgande konsekvensnivå er nytta i vurderinga av kvart enkelt innspel:

- Positiv/nøytral konsekvens – verknadane av arealinnspelet er positive eller nøytrale i høve til nullalternativet
- Svak/middels negativ konsekvens – verknadane av arealinnspelet er svak eller middels negative i høve til nullalternativet
- Sterk negativ konsekvens – verknadane av arealinnspelet er sterkt negative i høve til nullalternativet

Innanfor dei tre konsekvenskategoriane er det nyansar mellom konsekvensane for ulike arealinnspel, og det er skildra tydeleg om det er snakk om positiv, nøytral, svak, middels eller sterk negativ konsekvens.

2.2 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag

KU-rettleiaren har ei ikkje uttømmende liste over miljø- og samfunnstema, og kommunen har med grunnlag i denne definert kva tema som skal vurderast gjennom KU.

Det er viktig at vurderingane er etterprøvbare og at vurderingar av dei enkelte tema blir gjort med same grunnlag slik at dei i neste omgang kan samanliknast. Opplysningar om kjelder for kunnskapen som er lagt til grunn for konklusjonane er viktige å få fram.

Følgande tema er gjenstand for utgreiing i KU for kvart enkelt innspel;

Miljø

- Landbruk, fiske og mineralressursar
- Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Strandsona
- Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse

Samfunn

- Areal- og transportplanlegging

- Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)
- Målsettingar i KP

Landbruk, fiske og mineralressursar

Vurdering av omfang og verknad på landbruksareal og langsiktige konsekvensar for landbruksdrift i det landbruksarealet tiltaket inngår i. Fulldyrka jord er meir verdsett enn andre typar markslag og landbruksareal i kjerneområde for landbruk er meir verdifulle enn landbruksareal utanfor. Bonitet knytt til skog er sentralt i vurdering av verdi for om skogen utgjer ein ressurs.

For fiske inneber temaet vurdering av konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar. Konsekvensar for mineralressursar er basert på eventuelle registreringar av verdifulle ressursar, eksisterande verksemd og lausmasse- og berggrunnskart. På eit så overordna nivå, er det berre unntaksvis at dette tema er aktuelt. Sjølv om eit innspel vil krevje arealinngrep er det ikkje teke stilling til mineralressursen, berre viss det er eit innspel der formålet er utvinning av ein aktuell ressurs.

Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre

Temaet omfattar biologisk mangfald på land og i sjø. Det blir undersøkt om prioriterte arter, utvalde naturtypar, arter av stor/særleg stor nasjonal forvaltningsinteresse, verneområde og/eller områder omfatta av kommunens naturtypekartlegging blir påverka. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 og vurdering etter vassforskrifta §§ 4-7 blir lagt til grunn for vurdering. Dette omfattar blant anna at ein ved mangel på registreringar/kunnskap om naturmangfald skal vera føre-var ved tillating av nye tiltak. Temaet omfattar og skog, mark og myr sin funksjon som karbonlager, og kva konsekvensar eit tiltak kan ha for dette.

Landskap

Vurdering av verknad på landskap, kjente verdifulle landskapsområde, synlegheit/dominans i høve til eksisterande landskapsbilete. Uavhengig av registrering av verdifullt landskap vil eit tiltak som krevjer terrengtilpassing og bygging av nye bygningar føra til endringar i landskapsbiletet. Vurderingane inneber vurdering av terrengtilhøve og siktlinjer mot omkringliggende busetnad.

Kulturminne og kulturmiljø

Temaet omfattar kjende fornminne, verna og freda bygningar eller kulturmiljø samt eldre bygningar (før ca. 1850), samt prioriterte kulturlandskap.

Strandsona

Dersom eit tiltak ligg innanfor 100-metersbeltet frå sjø, eller har påverknad på denne sona, gjeld i utgangspunktet eit generelt byggeforbod, jf. plan- og bygningsloven §1-8. Det generelle forbodet er tydeliggjort i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (28.05.2021). I kommunar med mindre press på areala (sone 3) kan utbygging tillatast etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve, blant anna behov for næringsutvikling og arbeidsplassar, samlokalisering av naust, brygger mm. Arealinnspela blir vurdert i høve storleik, type tiltak, tilgjenge i strandsona før og etter tiltak mm.

Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse

Temaet omfattar tilgang til leike-, opphalds og friluftsansvar, og generelle verdiar knytt til bustad- og nærmiljø. Temaet inneber synleggjering av dagens sannsynlege bruk knytt til rekreasjonsverdiar, men informasjon om dette er ofte mangelfull. Avstand til skule, idrettsområde og andre rekreasjonsområde er og ein del av temaet.

Areal- og transportplanlegging

Temaet omfattar vurderingar av korleis arealinnspelet følgjer opp statlege, regionale og kommunale føringar areal- og transportplanlegging. Vurderingar av om innspelet er ei fortetting/transformasjon i utbygde område, eller beslaglegging av nye utbyggingsområde, og tilhøve til transportbehov og moglegheit for miljøvennleg transport er sentralt for temaet.

Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)

Vurdering av om tiltaket medfører stor/liten samfunnskostnad som følgje av offentlege eller private tiltak som er naudsynte for gjennomføring (gs-veg, va-anlegg, sosial infrastruktur). Offentleg finansiering er vektlagt høgare enn privat finansiering. (Vurderingane blir gjort etter skjønn, og er ikkje talfesta i denne vurderinga).

Målsettingar i KP

Vurdering av i kva grad tiltaket medverkar til å oppfylle mål i kommuneplanen, regionale og statlege føringar. Kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategiar Skjønnsmessige vurderingar opp mot arealstrategien. Med omsyn til «attraktive lokalsamfunn»; Bidreg tiltaket til å bygga opp om satsinga på bu- bedrifts- og besøksattraktiv kommune?

Kjelder som er nytta for innhenting av informasjon er lista opp i tabellen under;

Namn	Lenke til kjelde	Informasjon
NIBIO - kilden	www.kilden.nibio.no	Kartlag Arealtype (AR5), skogbonitet (AR5), dyrkbar jord.
Kystverkets kartlysning	https://kystinfo.no/	Farled, ankringsomrder, skipstrafikk
Fiskeridirektoratet si kartlysing Yggdrasil	https://portal.fiskeridir.no/portal/apps/webappviewer/index.html?id=9aeb8c0425c3478ea021771a22d43476	Kartlag fiskeriaktivitet og kystnre fiskeridata
Norges Geologiske Underskelse (NGU) geologiske kart	www.ngu.no/qeologiske-kart	Kart over berggrunn og kart over lausmasser
Naturbase	www.naturbase.no	Naturvernomrder, naturtypar, naturmangfald, artar og artsforvaltning, tilgjengelig strandsone
Artsdatabanken	www.artskart.artsdatabanken.no	Registrerte artar
Vakre landskap i Rogaland	https://www.rogfk.no/f/p1/i05526dee-64bd-490a-85fa-5f8bcf982f48/vakre-landskap-i-rogaland.pdf	Landskap med registrert verdi
Hgdedata	www.hoydedata.no	Terrangform
Riksantikvaren, Askeladden	https://askeladden.ra.no www.kulturminnesok.no	Registrerte kulturminne
Vindafjord kommune sin kommunedelplan for kulturminne og milj 2018-2030	https://www.vindafjord.kommune.no/f/p14/i9906a188-9814-4fc3-82c1-7a6400c8ed43/kulturminneplan-inkl-vedlegg-kart-ferdig-2018-versjon-webutgave.pdf	Lokale kulturminneverdiar
Kommunal kartlegging av friluftsomrde	https://kommunekart.com/klient/vindafjord/friluft?urlid=dcb144be-6b9e-4be0-a3b9-5e296f6aee2c	Friluftslivsomrder med registrert verdi
Flyfoto og gatebilette – Kommunekart, Norge i bilder, Google street view, Statens vegvesen	https://kommunekart.com/ https://www.norgebilder.no/ https://vegbilder.atlas.vegvesen.no/	Nyare og eldre flyfoto og gatebilette
Barnetrkk i Vindafjord	Kart fr kommunen	Oversikt over kor barn og unge gr/syklar (skuleveg og fritidsveg)
Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/?ch=1	Nasjonale fringar for berekraftig utvikling
RAPPORT Bustadanalyse Vindafjord, mars 2020	https://www.vindafjord.kommune.no/f/p14/i915f02f4-da5c-4b05-8284-b2501f29c14a/rapport-bustadanalyse-vindafjord_9_3_2020.pdf	Nverande og framtidig bustadbehov. Sentrumsanalyse for Skjold.
Kommuneplanens samfunnsdel og planprogram for kommuneplanen i Vindafjord	https://www.vindafjord.kommune.no/politikk/planar-og-styringsdokument/kommuneplan/revisjon-av-kommuneplan/	Mlsettingar i samfunnsdelen, Arealstrategi
Regionalplan for Haugalandet 2017	https://www.rogfk.no/vare-tjenester/planlegging/gjeldende-planer-og-strategier/bolig-areal-og-transport/regionalplan-for-haugalandet	Regionale fringar for areal- og transportutvikling

2.3 Kriteria for vurdering av konsekvens for kvart KU-tema

Miljøtema

Tema	Positiv/nøytral konsekvens	Svak/middels negativ konsekvens	Sterk negativ konsekvens
Landbruk, fiske og mineralressursar	Landbruk: Ingen omdisponering av landbruk og ingen innverknad på omkringliggende landbruksareal Fiske: Ingen fiskeinteresser / tiltak som styrkar fiskeinteresser Mineralressursar: Ingen påverknad for viktige/brukbare mineralressursar	Landbruk: Noko eller avgrensa inngrep i landbruksareal, utanfor kjerneområde for landbruk Fiske: Noko negativ verknad, men utan arealbeslag Mineralressursar: Noko negativ verknad for mineralressursar med verdi/bruksverdi	Landbruk: Større omdisponering av landbruksareal, omdisponering av samanhengande jordbruksareal i kjerneområde for landbruk Fiske: Stor negativ verknad, direkte arealbeslag Mineralressursar: Stor negativ verknad for viktige/brukbare mineralressursar
Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Positiv verknad (forbetra) eller ingen risiko for skade på naturmangfald/vassmiljø/karbonlagre	Risiko for skade på naturmangfald av lokal verdi, indirekte påverknad på vassmiljø og/eller i karbonrike areal	Risiko for skade på naturmangfald av regional eller nasjonal verdi, direkte inngrep i vassføyekomstar
Landskap	Liten synleg i landskapet, god tilpassing til eksisterande omgjevnadane	Noko synleg, berre delvis tilpassa eksisterande omgjevningar	Svært synleg, lite/ingen tilpassing til eksisterande omgjevningar
Kulturminne og kulturmiljø	Påverkar ikkje kjende fornminne eller verna eller freda bygningar eller kulturmiljø og i liten grad eldre bygningar (før 1850). Påverkar ikkje lokalt eller regionalt verdifulle kulturlandskap.	Påverkar i større grad eldre bygningar (før ca. 1850), eller har mindre verknad på lokalt eller regionalt verdifulle kulturmiljø eller kulturlandskap. Påverkar freda kulturminne/kjende fornminne, verna bygningar i liten grad. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.	Påverkar freda kulturminne/kjende fornminne, verna bygningar eller regionalt verdifulle kulturmiljø eller kulturlandskap i stor grad. Avbøtande tiltak vil få liten/ingen effekt.
Strandsone	Gjer situasjonen betre / Påverkar ikkje strandsona sin eksisterande bruk/innhald.	Ikkje vurdert å påverka strandsona negativt i særleg grad. Til dømes fortetting med same arealbruk	Påverkar strandsona i vesentleg grad negativt eller øydelegg området sine kvalitetar med omsyn til bruk.
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Gjer situasjonen betre / Påverkar ikkje forholda for barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Noko negativ verknad, for eksempel beslag av mindre viktig areal eller mellombels tap av areal som vil bli tilbakeført/erstatta med tilsvarande eller betre	Sterk negativ verknad utan reell erstatning

Samfunnstema

Tema	Positiv/nøytral konsekvens	Svak/middels negativ konsekvens	Sterk negativ konsekvens
Areal- og transportplanlegging	Fortetting/transformasjon i bygde område, redusert transportbehov, moglegheit for auka gange/syssel/kollektiv	Noko transportbehov (bilbruk), arealbeslag i tilknytning til eksisterande utbyggingsområde	Omfattande transportbehov og større nye arealbeslag
Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Ingen eller enkle tiltak – låg samfunnskostnad	Behov for tiltak – middels samfunnskostnad	Omfattande tiltak nødvendig for gjennomføring, som medfører store bidrag frå det offentlege
Målsettingar i KP	Oppfyller i stor grad kommuneplanens mål og har ingen eller ubetydeleg grad av målkonflikt med andre mål. Tiltak som legg til rette for attraktive lokalsamfunn / har ingen innverknad på tema.	Oppfyller i middels eller stor grad måla, men har samtidig middels målkonflikt med andre mål. Nytt og ved usikker verknad/nøytral verknad.	Oppfyller ingen eller berre eit mål og har samtidig stor konfliktgrad til andre mål. Tiltaket vil svekke utviklinga av attraktive lokalsamfunn

2.4 Usikkerheit

Kunnskapsgrunnlaget til KU er basert på tilgjengeleg informasjon i opne kart- og databasar, samt lokalkjennskap. Ein KU på kommuneplannivå blir gjort på eit overordna nivå, der ein ikkje har detaljkunnskap om eit område. Ved seinare detaljregulering kan det bli stilt krav til ein meir detaljert og omfattande KU eller undersøkingar. Ein vil i nokre tilfelle kunne oppleve at det kan vera mangel på kunnskap om eit KU-tema. Dette kan skuldast at området ikkje har vore kartlagt/undersøkt i høve dette temaet tidlegare. Eksempel på dette er til dømes naturmangfald, der det i tilgjengelege kjelder/databasar ikkje er gjort registreringar i høve til naturmangfald i eit område. I slike tilfelle vil tema i utgangspunktet hamne på grøn konsekvens i KU-skjemaet. Det same vil og gjelda kulturminne /kulturmiljø – er det ikkje kjende funn innanfor eit område eller i nærleiken - vil tema ikkje vere relevant å vurdere i KU. Spesielt for tema naturmangfald har ein i slike tilfelle landa på gul konsekvens sjølv om det ikkje er registrert særskilde interesser i eit område, då nedbygging av natur uansett har ein konsekvens for lokalt viktig naturmangfald, både som karbonlager og som leveområde for ulike artar.

3. Vurdering av samla verknadar

Forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta) krev at ein skildrar verknadane av dei einskilde utbyggingsområda kvar for seg, og dei samla arealbruksendringane i planen. Ei samla vurdering skal få fram eit bilete av kva summen av arealbruksendringar i planforslaget vil ha å seie for miljø- og samfunn. Det skal gje grunnlag for å vurdere utbyggingsforslag, og om verknadane av planen samla sett er akseptable for miljø og samfunn. Jamfør rettleiar T-1493 for kommuneplanens arealdel, bør den samla vurderinga delast inn i to delar: samla vurdering for kvart arealformål og samla vurdering for kvart utgreiingstema (KU-tema). Samanstillinga vil berre tar for seg dei arealinnspela som har gått vidare etter KU-vurdering. Samla konsekvens er sett basert på fargen (konsekvensen) det flest av.

Det er 11 innspel som ikkje er tilrådd tatt med vidare etter KU og ROS. Desse går fram av tabellen under.

Innspel nummer	Bygd	Gnr./bnr.	Formål	Grunngjeving
B01	Bjoa	- (i sjø)	Næring – testområde fiskefarm	Innspelsområdet er vurdert å kome innanfor influensområde for verdiane knytt til landskap og friluftsliv. Landskapsmiljø og friluftsliv blir vekta tungt. I KPA ligg det eit urealisert akvakulturområde søraust for Utbjoa ferjekai (Saltnes), ca 4 km frå innspelsområdet.
B10	Bjoa	261/15	Naust	Innspelet er ikkje tilrådd då det fører til terrenginngrep og beslaglegging av urørt strandsone.
VB01	Vike-bygd	322/9	Bustad	Innspelet bygger i liten grad opp om satsingsområda i KPS, og fører med seg inngrep i fleire andre verdiar, blant anna natur og landskap
SK07	Skjold	162/9	Fritids- og turistføremål	Slår noko negativt ut på landskap og strandsone. Det finst alternativt areal på eigedomen utanfor strandsona. Med omsyn til areal og transport blir innspelet vurdert å ha stor negativ verknad.
SK08	Skjold	162/9	Fritids- og turistføremål, kolonihage, utleige, næring	Innspelet slår negativt ut på fleire tema, men særleg landbruk og areal og transportplanlegging
VA05	Vats	110/3,6	Bustad	Innspelsområdet krev dyre infrastrukturtiltak. Bustadområdet beslaglegg ubyggd skog og ligg inneklemt mellom dyrka mark, og er ikkje ei fortetting av eksisterande bustadområde
VA11	Vats	Mange eige-dommar v/ AF Decom	Industri og riggområde i sjø (utvida bruk)	Innspelsområdet har store verdiar for fleire miljøtema, og innspelet går fram som veldig inngripande for fleire av desse temaa.
VD02	Vike-dal	66/73	Næring	Tilrådd i KU, men ikkje tilrådd etter ROS. Ein vurderer det slik at innspelet sjølv med avbøtande tiltak vil føra med seg uakseptabel risiko for trafikktryggleik blant anna.

Ø01	Ølen	291/9	Bustad	Innspelet fører til store arealbeslag i område med høg landbruksverdi. Det finst ledig bustadareal i nærleiken.
Ø02	Ølen	291/25	Bustad	Innspelet fører til store arealbeslag i område med høg landbruksverdi. Det finst ledig bustadareal i nærleiken.
Ø04	Ølen	269/19	Naust og bustad	Bustadføremålet er vurdert å vere konfliktfylt då det vil privatisere og auke presset på strandsona. Ei ny bustadtomt langs sjø der det ikkje er bustadar frå før, strid mot nasjonale, regionale og kommunale føringar for arealplanlegging.

3.1 Samla vurdering – verknadar for miljø- og samfunn vurdert for kvart arealformål

3.1.1 Bustadformål

Det er foreslått å legge inn 22 nye areal for bustadformål. Under følger ei samla oversikt over kva konsekvensar arealføremålet bustadføremål vil ha for dei ulike miljø- og samfunnstema. Samla sett gir bustadinnspela nøytral/positiv konsekvens for alle tema, forutan for naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre. Eit innspel har slått ut med sterk negativ verknad for to tema, men det er i samla vurdering for dette innspelet foreslått avbøtande tiltak, som gjer at innspelet likevel blir tilrådd tatt med vidare.

Innspel nummer	Bygd	MILJØ						SAMFUNN		
		Landbruk, fiske, mineralressursar	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Strandsona	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Areal og transportplanlegging	Teknisk infrastruktur, vegvatn og aviøp (VVA)	Måsettingar i KP
B05	Bjoa									
B06	Bjoa									
B07	Bjoa									
B08	Bjoa									
VB03	Vikebygd									
VB04	Vikebygd									
VB05	Vikebygd									
SK01	Skjold									
SK02	Skjold									
SK03	Skjold									
SK04	Skjold									
VA01	Vats									
VA02	Vats									
VA03	Vats									
VA04	Vats									
SA01	Sandeid									
SA02	Sandeid									
SA03	Sandeid									
VD01	Vikedal									
ØV01	Ølensvåg									
Ø05	Ølen									
Ø06	Ølen									
Samla konsekvens										

3.1.2 Næring

Det er 25 næringsområde som er gått vidare frå KU, men eitt av desse, VD02 er etter ROS-analyse ikkje tilrådd tatt med vidare. Ein del av innspela gjeld næringsområde i 100-metersbeltet langs sjø, og får difor noko negativ konsekvens for tema strandsone. Samla sett gir innspela og noko negativ konsekvens for landskap, naturressursar og naturmangfald, vassmiljø og karbonlager då næringsområde ofte medfører beslaglegging av store og gjerne urørte areal. 3 innspel får sterk negativ konsekvens for nokre tema, men det er i tilrådinga føreslått avbøtande tiltak som må følgast opp gjennom det vidare arbeidet med KPA og detaljplanlegging.

Innspel nummer	Bygd	MILJØ						SAMFUNN		
		Landbruk, fiske, mineralressursar	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Strandsone	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Areal og transportplanlegging	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Måilsettingar i KP
B02	Bjoa	Yellow	Red	Green	Green	Green	Yellow	Grey	Yellow	
B03	Bjoa	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
B04	Bjoa	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
B13	Bjoa	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
VB02	Vikebygd	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
VB06	Vikebygd	Grey	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
SK06	Skjold	Green	Yellow	Red	Green	Green	Red	Green	Green	
SK09	Skjold	Grey	Yellow	Green	Green	Green	Green	Yellow	Green	
SK10	Skjold	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
SK11	Skjold	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
SK13	Skjold	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Grey	
VA06	Vats	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
VA07	Vats	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
SA04	Sandeid	Green	Yellow	Green	Green	Green	Green	Yellow	Green	
SA05	Sandeid	Grey	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow	
VD02*	Vikedal	Grey	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	
VD03	Vikedal	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow	Green	
VD04	Vikedal	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow	Green	
VD05	Vikedal	Grey	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow	Green	
IM01	Imsland	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
IM02	Imsland	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Grey	
ØV02	Ølensvåg	Red	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow	
ØV03	Ølensvåg	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	
Ø07	Ølen	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow	Green	
Ø08	Ølen	Green	Yellow	Green	Green	Green	Green	Yellow	Green	
Samla konsekvens		Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	

*Innspel VD02 er tilrådd i KU, men er ikkje tilrådd i ROS.

3.1.3 Sentrumsføremål / bustad kombinert med andre formål

Innspel med forslag om sentrumsføremål eller bustadføremål kombinert med andre føremål er samla i tabellen under, og utgjer 8 områder. Nå negative verknadar med desse innspela. Samla sett noko negativt for tema kulturminne/kulturmiljø grunna transformasjon i område med kulturhistoriske verdiar. Det er i desse områda lagt til grunn at omsynet til kulturmiljøa må ivaretaast ved vidare planlegging og gjennomføring.

Innspel nummer	Bygd	MILJØ	SAMFUNN
----------------	------	-------	---------

		Landbruk, fiske, mineralressursar	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Strandsone	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Areal og transportplanlegging	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Målsettingar i KP
VB07	Vikebygd									
VB08	Vikebygd									
SK05	Skjold									
SK12	Skjold									
VA08	Vats									
Ø03	Ølen									
Ø09	Ølen									
Ø12	Ølen									
Samla konsekvens										

3.1.4 Sjø- og strandsone

17 områder knytt til sjø- og strandsone er tilrådd tatt med vidare. Dette er i hovudsak innspel for naust, men og nokre småbåtanlegg/småbåthamner. Dei fleste innspela ligg inntil eller nært opp til eksisterande naust og/eller småbåtanlegg, og gir difor avgrensa verknadar for miljø- og samfunnstema. Innspela vil medføre meir nedbygging av strandsona, men fordi det i fleirtalet av vurderingane er konkludert med at det enkelte innspelet får nøytral konsekvens for strandsone grunna at det er slike anlegg frå før i området, blir samla konsekvens nøytral.

Innspel nummer	Bygd	MILJØ						SAMFUNN		
		Landbruk, fiske, mineralressursar	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Strandsone	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Areal og transportplanlegging	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Målsettingar i KP
B09	Bjoa									
B11	Bjoa									
B12	Bjoa									
VB09	Vikebygd									
SK14	Skjold									
SK15	Skjold									
SK17	Skjold									
SK18	Skjold									
VA09	Vats									
VA10	Vats									
VA12	Vats									
SA06	Sandeid									
SA08	Sandeid									

VD06	Vikedal									
ØV04	Ølensvåg									
Ø10	Ølen									
Ø11	Ølen									
Samla konsekvens										

3.1.5 Grøntstruktur og LNF-spreidd bustad

Det er innspel om eit område for LNF spreidd bustad i Skjold og eit innspel om turveg ved Olalia i Sandeid. Samla konsekvens er slått saman til ei samla vurdering som gir nøytral konsekvens, i og med at det berre er to innspel som inngår i denne vurderinga.

Innspel nummer	Bygd	MILJØ							SAMFUNN		
		Landbruk, fiske, mineralressursar	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Strandsone	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Areal og transportplanlegging	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Målsettingar i KP	
SK19	Skjold										
SA07	Sandeid										
Samla konsekvens											

3.1 Samla vurdering – Verknad for miljø og samfunnstema

I tabellen under er samla konsekvens som kvart arealformål vil få for miljø- og samfunnstema presentert.

Samanstillinga tek utgangspunkt i samla konsekvens av kvart arealføremål, som går fram av tabellane i kapittel 3.1.

Føremålet er å få ei oversikt over den samla påverknaden dei nye arealføremåla i KPA – vil kunne ha på miljø og samfunnstema i kommunen som heilskap.

Samla konsekvens er vurdert å vere nøytral/positiv for samtlege miljø- og samfunnstema. Av tabellen kan ein likevel sjå at det er nokre gule ruter (svak/middels negativ verknad), spesielt for miljøtema. At innspela samla sett får nøytral/positiv konsekvens, heng truleg saman med at kommunen i forkant av KU og ROS har gjennomført ei grovsiling der innspel som ein ser har store negative verknadar ikkje er teke med vidare til KU og ROS.

Innspel nummer Bygd	MILJØ						SAMFUNN		
	Landbruk, fiske, mineralressursar	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Landskap	Kulturmiljø og kulturmiljø	Strandsone	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Areal og transportplanlegging	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Målsettingar i KP
Bustad									
Næring									
Sentrum/kombinert føremål									
Sjø- og strandsone									
Grøntstruktur og LNF- spreidd bustad									
Samla konsekvens									

4. Metode for ROS-analyse Vindafjord KPA

4.1 Lovverket og krav til ROS-analyse

Ved planer om utbygging blir det stilt krav i plan- og bygningslova om utarbeiding av risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) for utbyggingsområde (PBL § 4-2 og 4-3).

I plan- og bygningslova § 4-3 står det følgjande:

“Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6[...].”

4.2 Metode for utføring av analyse

Det er gjennomført ROS-analyse for alle arealinnspela som har gått vidare frå konsekvensutgreiing. For innspel som ikkje har gått vidare frå konsekvensutgreiinga, er det ikkje gjennomført ROS.

ROS-analysen er utført med utgangspunkt i rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (2017).

I Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin rettleiar, er det ikkje eit klart skilje mellom ROS-analyse for KPA og andre reguleringsplanar. Det blir likevel presisert at ROS-analyse for KPA vil vera på eit meir overordna nivå enn analyser utarbeida ved ein detaljregulering, då ein ved detaljregulering vil ha meir detaljkunnskap om dei konkrete tiltaka som skal inngå i planen.

I ROS-analysen blir det lagt vekt på tema (hendingar) som ein kan utgreia med den kunnskapen ein har tilgjengeleg på noverande tidspunkt. Føremålet er å vurdere om området er eigna for utbyggingsføre mål eller ikkje. På reguleringsplannivå blir det stilt krav til ein meir detaljert ROS-analyse.

4.2.1 Prosess og medverknad

Vindafjord kommune har engasjert Omega 365 Areal AS til gjennomføring av KU og ROS i samband med rullering av kommuneplanens arealdel. Undervegs har det vore tett dialog mellom partane om metode for utgreiingane og sjølve vurderingane av kvart innspel. Planavdelinga i kommunen har ved behov involvert andre avdelingar i kommuneadministrasjonen for innhenting av fagekspertise og lokal kunnskap til bruk i utgreiingane. Liste over hendingar som er aktuelle å vurdere i ROS-analysen er avklart med kommunen, det same er sannsyns- og akseptkriteria.

Det samla utgreiingsmaterialet vil bli førelagt kommuneadministrasjonen med formål om at dei kan komma med innspel før ferdigstilling.

4.3 ROS-analyse – kort fortalt

Ved ROS-analyse skal ein avdekke forhold som har noko å seie for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging, jf. pbl. § 4-3. Dette kan knyte seg til arealet slik det er frå naturen si side, eller som følge av arealbruken. Sjekkliste med hendingar skal gjennomgåast for kvar hending.

Det blir vurdert kva sannsynet er for at hendinga skal skje og kva som vil vera konsekvensen av hendinga. Ein samanstilling av sannsyn og konsekvens (sannsyn x konsekvens = risiko) blir gjort for å vurdere kor stor risiko det vil vera i området. Er risikoen uakseptabel blir det naudsynt å sikre avbøtande tiltak. Om det ikkje finnes avbøtande tiltak, blir innspelet ikkje tilrådd tatt med vidare.

Det er utarbeida eit eget ROS-skjema som blir nytta for kvart nye utbyggingsområde i planen. Ved utarbeiding av skjemaet har ein teke utgangspunkt i analyseskjemaet i DSB sin rettleiar, men med forenkling. For å synleggjera risiko for kvar hending er det nytta trafikklysfargar på same måte som i KU-skjema.

I dei følgjande avsnitta blir metode og kriteria som er nytta i ROS-analysen vidare utgreia.

4.4 Sårbarheit

Som ein del av grunnlaget for vurdering av sannsyn og konsekvens legg rettleiaren til DSB vekt på at sårbarheit i området skal kartleggast og dokumenterast. Vurdering av sårbarheit inkluderer evne til motstand og gjenoppretting ved utbyggingsføremålet, eventuelle eksisterande barrierar og følgehendingar som følge av den uønskte hendinga. Eksempel på barrierar kan for eksempel vera flaum- og skredvoller eller trafikksikringstiltak. Det er ikkje ei eiga kolonne for sårbarheit i analyseskjemaet for kvart tiltak/innspeil, men temaet blir heller vurdert under kolonna for eksisterande barrierar, og skildra i vurderingskolonna.

ROS-analysen er tilpassa lokale tilhøve. For eksempel er Vindafjord ein kommune med spreidd busetnad, og med mange arealinnspeil i terreng som hellar mot sjø. Samanlikna med meir tettbygde kommunar og byar er Vindafjord generelt ikkje spesielt sårbart i samband med overvasshandtering. Overvatn kan ofte leiast til sjø eller omkringliggende terreng utan å føre med seg skade på omkringliggende eigedommar. Det er difor ikkje lagt spesiell vekt på overvatn og klimaendringar i innspeil i område der lokale tilhøve ligg til rette for at dette kan løysast i detaljprosjektering. I andre delar av kommunen med tettare busetnad eller andre føresetnader er sårbarheit knytt til overvatn skildra nærare. Blant anna er mange vassdrag i kommunen flaumutsett og har difor ikkje kapasitet til ytterlegare overvasshandtering. Lokal tilnærming er og nytta i samband med for eksempel hendingar med sterk vind eller for vurdering av trafikktryggleik. Vindafjord ligg litt tilbaketrekt frå kysten, og er såleis noko skjerma for dei hardaste vindane. Når det gjeld trafikktryggleik er lokale trafikktilhøve lagt til grunn, som i mange tilfelle er aksept for lågare vegstandard då trafikkmengd og andre lokale tilhøve tilseier det.

4.5 Vurdering av sannsyn

Sannsyn fortel kor sannsynleg det er at ein uønskt hending vil inntreffe i det aktuelle området. Grenseverdiane som er nytta i analysen er grenseverdier i DSB sin rettleiar frå 2017 (S.46).

I analyseskjemaet vil høgt sannsyn vera markert med «H», middels med «M» og lågt sannsyn med «L».

Grenseverdi ar	Sannsyn		
	Kategori	Tidsintervall	Sannsyn (pr. år)
	Høg (H)	Meir enn 1 gong i løpet av 10 år	> 10 % (meir enn)
	Middels (M)	1 gong i løpet av 10-100 år	1-10 %
Låg (L)	Mindre enn 1 gong i løpet av 100 år	< 1% (mindre enn)	

For tema ras/skred/områdestabilitet er grenseverdier i TEK17 kap. 7-3 «Sikkerhet mot skred» lagt til grunn for vurdering av sannsyn:

Grenseverdi ar	Sannsyn		
	Kategori	Tidsintervall	Tryggleiksklasse for skred
	Høg (H)	1 gong i løpet av 100-1000 år	S1
	Middels (M)	1 gong i løpet av 1000-5000 år	S2
Låg (L)	Mindre enn 1 gong i løpet av 5000 år	S3	

I område som er omfatta av aktsemdområde for skred/ras men der kartlegging av faresone ikkje er gjennomført (høg usikkerheit), har ein lagt inn høgt sannsyn for hendinga, sidan ein ikkje kan dokumentera tilstrekkeleg tryggleik basert på aktsemdområde. I desse tilfella er det stilt krav til kartlegging av faresone anten i arbeidet med kommuneplanens arealdel, eller som ein del av reguleringsplan. Enkelte tiltak som fell inn under tiltaksklasse K0 for kvikkleireskred (td. naust) er føreslått unnateke kravet om faresonekartlegging i arealplan, med grunnlag i unntak gitt i NVE sin rettleiar 1/2019 - Sikkerhet mot kvikkleireskred.

For tema Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk er grenseverdier i TEK17 kap. 7-2 «Sikkerhet mot flom og stormflo» lagt til grunn for vurdering av sannsyn:

Grenseverdiar	Sannsyn		
	Kategori	Tidsintervall	Tryggleiksklasse for flaum
	Høg (H)	1 gong i løpet av 20-200 år	F1
	Middels (M)	1 gong i løpet av 200-1000 år	F2
Låg (L)	Mindre enn 1 gong i løpet av 1000 år	F3	

På same måte som for skred/ras, får område som er omfatta av aktsemdområde for flaum i elv og bekk, høgt sannsyn for hendinga, sidan ein ikkje kan dokumentera tilstrekkeleg tryggleik basert på aktsemdområde. I følge NVE sin rettleiar 3/2022 – Sikkerhet mot flom, vedlegg 2 (side 58) går det fram følgande: *For tiltak etter TEK17 § 7-2 i sikkerhetsklasse F1 og F2 kan for eksempel en tiltakshaver, en plankonsulent eller en arealplanlegger i de fleste tilfeller bruke aktsomhetskartet for flom eller et flomsonekart, om dette finnes, til å vurdere om det er flomfare eller ikke flomfare. Dette kan ikke brukes for tiltak etter TEK17 § 7-2 første ledd eller for tiltak i sikkerhetsklasse F3.* I ein del tilfelle kan ein avklare flaumfare på reguleringsplan/byggesaksnivå utan fagkyndig. Formulering av føresegner i KPA for desse unntaka (kvikkleire og flaum) bør avklarast med NVE.

4.6 Vurdering av konsekvens og konsekvenstypar

Konsekvens er verknaden ei uønskt hending vil kunne ha for området som blir analysert. Konsekvens blir delt inn i følgjande:

- **Liv og helse**
- **Stabilitet**
- **Materielle verdiar**

Med konsekvensar for liv og helse meiner ein skadar den uønskte hendinga vil kunne forårsaka (både varige og midlertidige). Dette kan vera tap av liv, livstruande skade, eller andre kroppslege skadar.

Med konsekvensar for stabilitet, meiner ein om hendinga kan føra til svikt i viktige samfunnsfunksjonar som råkar innbyggjarar. Dette kan vera manglande tilgang på mat, vatn, husly, varme, kommunikasjon med meir, over kortare eller lengre tid.

Med konsekvensar for materielle verdiar meiner ein skade på materielle verdiar som følgje av den uønskte hendinga. Dette kan vera økonomiske tap knytt til skade på eigendom.

Rettleiaren anbefalar at konsekvensar knytt til natur og miljø blir utgreia i andre analysar/rapportar, det vises difor til KU-utgreiinga for slike tema.

DSB sin rettleiar gir ikkje klare grenseverdiar for konsekvensar, og verdiane som er lagt til grunn for vurdering av konsekvens er difor basert på erfaringstal frå andre kommuneplanar og reguleringsplanar. Følgjande grenseverdiar for konsekvens er lagt til grunn:

Konsekvenstypar	Grenseverdiar		
	Høg	Middels	Låg
Liv og helse	Dødsfall, eller meir enn 5 alvorleg skadde personar	Inntil 5 alvorlege personskadar, eller mange mindre personskadar med sjukefråver	Ingen eller små personskadar, eller mindre skadar som treng medisinsk handsaming, ev. kortare sjukefråver.
Stabilitet	Uerstatteleg skade på viktige samfunnsfunksjonar, eller bortfall på over 1 veke for fleire enn 10 husstandar/verksemder.	Bortfall av viktige samfunnsfunksjonar i inntil 1 veke for fleire enn 10 husstandar/verksemder.	Ingen eller kortvarig bortfall av viktige samfunnsfunksjonar for inntil 10 husstandar/verksemder.
Materielle verdiar	Særs store materielle skadar > kr 50.000.000	Materielle skadar mellom kr 10.000.000 og kr 50.000.000	Materielle skadar inntil kr 10.000.000

I analyseeskjemaet vil høg konsekvens vera markert med «H», middels konsekvens med «M» og låg konsekvens med «L».

Konsekvenstypar	Grenseverdiar		
	Høg	Middels	Låg
Liv og helse	H	M	L
Stabilitet	H	M	L
Materielle verdiar	H	M	L

4.7 Vurdering av risiko

(Risiko = sannsyn x konsekvens)

Risiko er ei samanstilling av sannsyn og konsekvens - sannsynet for at ei uønskt hending vil skje og konsekvensen av den gitte hendinga. Med andre ord vil summen av sannsyn og konsekvens utgjere risiko, som vist i risikomatrissa under. Konsekvens vil i mange tilfelle vere ulik for dei tre konsekvenstypane (liv og helse, stabilitet og materielle verdiar. Det er ikkje konsekvent nytta høgast vurderte konsekvens eller gjennomsnittleg konsekvens for fastsetting av risiko, men ei fagleg vurdering med grunnlag i tabellen under.

Risikomatrise;

Sannsyn	Konsekvensar		
	Låg .1	Middels .2	Høg .3
3. Høg : > 10 % (meir enn)	3	6	9
2. Middels: 1-10 %	2	4	6
1. Låg: < 1% (mindre enn)	1	2	3
Risiko = sannsyn x konsekvens	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt

4.8 Aktuelle hendingskategoriar for ROS-analysen

Ved val av aktuelle hendingskategoriar til ROS-analysen, har vedlegg 5 i DSB sin rettleiar (s. 56-57) frå 2017 «sjekklister for potensielle, uønskede hendelser til ROS-analysen» vore nytta som utgangspunkt. For å vurdere kva hendingar som er aktuelle for Vindafjord sitt vedkommande har lokale-, vermessige -, og topografiske tilhøve i Vindafjord lagt til grunn. Aktuelle hendingar er avklart med kommunen.

Ikkje alle dei utvalde hendingskategoriane er like aktuelle for kvart analyseområde. Alle hendingskategoriane er likevel med i kvart analyseeskjema, for å vise at ein har teke stilling til temaet. Om ei hending ikkje aktuell for området, vil dette vera tydeleggjort i analyseeskjemaet. Nokre hendingar har fleire under tema (f.eks jordskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire). Ved vurdering av hendingar med fleire undertema er berre dei undertema som det er registrert/vurdert potensiell fare ved som blir nemnd. For eksempel er det mange innspel som ligg under marin grense med uavklart fare for kvikkleire, men det er ikkje registrert aktsemd- eller fareområde for andre ras/skred. Då er det berre hendinga knytt til kvikkleire som går fram av skjema.

Hendingskategoriar blir delt inn i naturskapte og menneskeskapte hendingar.

Tabell 1: Liste over hendingskategoriar som er nytta i ROS-analysen

Naturfarar	Menneskeskapte farar
<ul style="list-style-type: none"> • Skred/ras/områdestabilitet: <ul style="list-style-type: none"> -Jordskred -Snøskred -Steinsprang - Kvikkleire • Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk 	<ul style="list-style-type: none"> • Ulukker med transportmiddel: <ul style="list-style-type: none"> -Trafikkulukke -Båt/skipsulukke • Høgspent • Forureining: <ul style="list-style-type: none"> -Forureining til luft -Forureining til grunn -Forureining til vatn/sjø

<ul style="list-style-type: none"> • Radon • Ekstremvær/klimaendringar <ul style="list-style-type: none"> - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn • Skog-, lyng- og grasbrann 	<p style="text-align: center;">-Lydforureining</p> <ul style="list-style-type: none"> • Brann-/eksplosjonsfare <ul style="list-style-type: none"> -Brann i bygningar og anlegg • Skade på kritisk infrastruktur: <ul style="list-style-type: none"> -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett
---	---

4.8.1 Presisering av vurderingar knytt til ulike hendingar

Ras/skred/områdestabilitet og flaum

For tema stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk og skred/ras/områdestabilitet er konsekvensklassifiseringa avklart opp mot føringar i TEK17 kap. 7-2 og 7-3. Kwart tiltak er plassert i tryggleiksklassar avhengig av typen tiltak, og konsekvens ved ei uønskt hending er avklart for kvar klasse. For flaum blir tiltak plassert i klassane F1, F2 og F3, medan tilsvarende klassar for skred er S1, S2 og S3.

S1 og F1 omfattar byggverk der det normalt ikkje oppheld seg personar, og der det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Dette gjeld blant anna garasje, uthus, brygger, lagerbygningar mm.

Klasse S2 og F2 omfattar byggverk der det normalt oppheld seg maksimum 25 personar, eller der det er middels økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Dette inkluderer blant anna einebustad, tomannsbustad og einebustad i kjede/rekke, arbeids- og publikumsbygg der det normalt oppheld seg maksimum 25 personar, driftsbygning i landbruket, parkerings og havneanlegg.

S3 og F3 omfattar byggverk der det normalt oppheld seg meir enn 25 personar, eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Dette inkluderer blant anna einebustad i kjede/rekke/bustadblokk/fritidsbustad med meir enn 10 bueiningar, arbeids- og publikumsbygg/overnattingsstad der det normalt oppheld seg meir enn 25 personar, skule, barnehage, sjukeheim og lokal beredskapsinstitusjon.

Radon

Grenseverdiar og krav til tiltak mot radon i bygningar med varig personopphald er sikra gjennom TEK17 §13-5, og i område som ligg registrert med aktsemdgrad «moderat til lav» i NGU sine kart er verdiane innanfor grenseverdiane. I slike område er tema vurdert som ikkje aktuelt. I område med aktsemd «høg» eller «særskild høg» er dette opplyst om og risiko vurdert, for å sikra at eventuelle tiltak blir sett i verk i reguleringsplan eller byggesak.

Ekstremvær/klimaendringar

Klimaendringane tilseier sannsynleg auke i ekstrem nedbør og regnflaum, og usikker endring knytt til sterk vind, jf. klimaprofil for Rogaland. Sannsynet for tema er difor sett til høg i dei fleste innspel, for å visa at desse problemstillingane må takast på alvor. Konsekvensane for kvart innspel vil variera, og dermed og behovet for avbøtande tiltak. Barrierar kan vera kapasitet på eksisterande overvassnett og moglegheit for avrenning til sjø/omkringliggande terreng, utan risiko for skade på andre eigedommar.

Skog-, lyng- og grasbrann

Sannsynet for skog-, lyng- og grasbrann er til stades stort sett for alle innspel som er vurdert. Grad av sannsyn er usikkert men vurdert å vera låg som følgje av få tidlegare hendingar og at det er vurdert opp mot eit avgrensa innspelsområde. Ein har ulike barrierar som bålforbod i sommarhalvåret, beredskap osv.

Forureining

Tema er relevant der det er kjente registreringar av forureining (støykart, forureina grunn osv.), eller i tilfelle der innspelet gjeld arealformål som kan komma til å medføre forureining. Ein legg vidare til grunn at det er forbod mot forureining, så fram det ikkje er gitt løyve gjennom forureiningsforskrifta.

Brann-/eksplosjonsfare

Når det gjeld tema brann-/eksplosjonsfare og skade på kritisk infrastruktur er det berre i dei tilfelle det er snakk om særskild risiko for hendingar at tema er vurdert å vera aktuelt. Dette inkluderer for eksempel verksemder der det blir lagra eksplosjonsfarlege gassar/væsker, eller der verksemda i seg sjølv fører med seg risiko for brann, eksplosjon eller skade på kritisk infrastruktur. Vurderingane blir gjort basert på både eksisterande faktorar i nærområdet og tiltaket i seg sjølv.

Støy

For vurdering av støy under tema forureining er det teke utgangspunkt i overordna føringar i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)» når det gjeld konsekvensar og avbøtande tiltak.

Miljødirektoratet sin rettleiar «M-2061 Veileder om behandling av støy i arealplanlegging» er og lagt til grunn. Til dømes seier rettleiarane at gul støysone er ei vurderingssone, der støyfølsam busetnad kan oppførast dersom avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støytilhøve.

Skade på kritisk infrastruktur

Tema er relevant når innspelet ligg i influensområde til samfunnskritisk infrastruktur og når tiltaket er vurdert å medføre risiko for skade på dette. Det er få innspel denne hendinga er relevant for, då ein legg til grunn at omsynet til kritisk infrastruktur ved høgt prioritert i samband med gjennomføring av tiltaka. Krav til gravemelding og kabelpåvisning er avbøtande tiltak for å redusere risiko for slik fare.

4.9 Kunnskapsgrunnlag nytta for å vurdere sannsyn og konsekvens av hendingar i ROS-analysen

Naturfarar	Kjelder
Skred/ras/områdestabilitet: - Jordskred - Snøskred - Steinsprang - Kvikkleire	NVE Aktsemdkart: - Jord- og flomskred: https://temakart.nve.no/tema/jordflomskredaktsomhet - Steinsprang: https://temakart.nve.no/tema/SteinsprangAktsomhet - Snøskred: https://temakart.nve.no/tema/snoskredaktsomhet - Kvikkleire: https://temakart.nve.no/tema/kvikkleire NVE Faresonekart: - Kvikkleire: https://temakart.nve.no/tema/kvikkleire - Skredfare: https://temakart.nve.no/tema/Skredfaresone - Fjellskred: https://temakart.nve.no/tema/fjellskred - Skredhendelser: https://temakart.nve.no/tema/SkredHendelser
Stormflo/havnivåstigning /flaum i elv eller bekk	- NVE Aktsemdkart flaum: https://temakart.nve.no/tema/flomaktsomhet - NVE flaumsoner: https://temakart.nve.no/tema/flomsone - NVE Flaumhendingar: https://temakart.nve.no/tema/Flomhendelser - Stormflo: Se havnivå i kart - https://www.kartverket.no/til-sjos/se-havniva/kart
Radon	- NGU Aktsemdkart radon: https://www.ngu.no/geologi-og-risiko/radon
Ekstremvær/klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	- Kart - Lokalkunnskap - NIBIO kart markfuktighet: https://www.nibio.no/tema/jord/arealressurser/andre-kart/markfuktighet - Klimaprofil Rogaland: https://www.met.no/kss/_attachment/download/f1a2f412-2968-4dc3-9b85-1694ec846af7:9e7685c3dd71a63a6e8ad5ad04fdca8f7abb774a/KP_rogaland.pdf
Skog-, lyng- og grasbrann	- Flyfoto - Lokalkunnskap
Menneskeskapte farar	Kjelder
Ulukker med transportmiddel: - Trafikkulukke - Båt/skipsulukke	Temalag frå Statens Vegvesen www.vegkart.no: - Trafikkulykker - Fartsgrense - Trafikkmengde - Lokalkunnskap
Høgspent	- NVE temakart nettanlegg: https://temakart.nve.no/tema/nettanlegg
Forureining - Forureining til luft - Forureining til grunn - Forureining til vatn/sjø - Lydforureining	- Statens vegvesen støysoner for riks- og fylkesvegar: https://kart-vegvesen.maps.arcgis.com/apps/instant/sidebar/index.html?appid=e3635512dfa24b7f9b97687a0c68d888&locale=en - Verksemdinformasjon - Miljødirektoratet forureina grunn: https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/e48e71ac-16fc-4e47-9e7f-c0a4a4bbfad0
Brann-/eksplosjonsfare - Brann i bygningar og anlegg	- Verksemdinformasjon - Flyfoto - Lokalkunnskap
Skade på kritisk infrastruktur: - Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber - Vassnett	- Lokalkunnskap - Informasjon frå kommunalteknisk - NVE temakart nettanlegg: https://temakart.nve.no/tema/nettanlegg

I tillegg til opplista kjelder vil tidlegare ROS-analysar, tilgjengelege rapportar og lokal kunnskap bli nytta. Blant anna er «Heilskapleg ROS Vindafjord kommune» ei kjelde til dei fleste tema:

<https://www.vindafjord.kommune.no/f/p14/i57c5319d-15e7-4fe6-b471-21463c823197/2021-heilskapleg-ros-vindafjord-kommune-1.pdf>

4.10 Avbøtande tiltak – plangrep som følgje av ROS-analysen

Er det vurdert at risikoen i eit område er uakseptabel, er det naudsynt med avbøtande tiltak. I kvart ROS-analyseskjema er eit felt for skildring av avbøtande tiltak. Avbøtande tiltak på kommuneplannivå vil ofte vera å setta omsynssone i plankartet og utarbeide føresegnar som ser til at tryggleik blir ivareteke i reguleringsplan, ved å vise til for eksempel PBL §§ 11-8 a) og 11-9 nr. 1 (DSB 2017 S.49). I mange tilfelle vil avbøtande tiltak vere dekkja av krav i anna lovverk og forskrifter.

4.11 Usikkerheit

I kvart ROS-analyseskjema er eit felt der eventuelle usikkerheiter blir presentert der det er relevant for vurdering av risiko. Usikkerheit er knytt til vurderinga om, og når ei uønskt hending vil inntreffe, samt usikkerheit knytt til omfanget av hendinga og konsekvens. Usikkerheit blir vurdert for å få klarheit i om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg eller ikkje (DSB 2017). På dette overordna nivået er det i mange tilfelle vurdert å vere tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, og difor er ikkje usikkerheit nemnd.

4.12 Konklusjon

Til sist i kvart analyseskjema er det ei samla vurdering/konklusjon, der hendingar med uakseptabel risiko er lista opp. Det går fram kva som er avbøtande tiltak/plangrep som må følgast opp i KPA for desse, og om dette er tilstrekkeleg slik at innspelet kan tilråddast med vidare i planen. Det er eit innspel, VD07, som ikkje er tilrådd med vidare etter ROS-analysen.

5. Tillegg til ROS-analyse

5.1. Krav til metode

Plan- og bygningslova stiller krav om utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) ved planar om utbygging etter lova. ROS-analyse skal vise alle risiko- og sårbarheitsstilhøve som har betydning for om arealet er egna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar si slike tilhøve som følgje av planlagd utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast i plan med omsynssone, jf. §11-8 og 12-6.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har laga ein rettleiar (Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging – metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegginga) for utarbeiding av ROS-analyse etter plan- og bygningslova, der mellom anna skilje mellom analysar på kommuneplannivå og reguleringsplannivå er skildra.

I kapittel 4 i rettleiaren er det gjort følgjande skilje mellom plannivåa når det gjeld ROS:

- «I ROS-analysar til **kommuneplanens arealdel** identifiserer ein mogelege uønskta hendingar gjennom kartlegging av risiko- og sårbarheitsforhold (jf. pbl. § 4-3)».
- I arbeidet med **reguleringsplanar** vil det ligge føre meir detaljert kunnskap om planområdet og utbyggingsføremålet. Dette kan bety at tryggleikskrav som ein ikkje hadde tilstrekkeleg kunnskap om i arbeidet med kommuneplanens arealdel, kan vere aktuelle i arbeidet med reguleringsplanen. Ved ROS-analysar på dette nivået legg

metoden til rette for å fange opp slik kunnskap.

På kommuneplannivå skal det altså gjerast ei overordna analyse med utgangspunkt i allereie tilgjengeleg kunnskap, med fokus på identifisering av moglege uønskte hendingar. Der kunnskapsgrunnlaget ikkje er godt nok til å kunna sikra konkrete avbøtande tiltak på kommuneplannivå må det følgjast opp med ROS-analyse med meir detaljert informasjonsgrunnlag på reguleringsplannivå. Dette er skildra i analyseskjema for kvart arealinnspel, og i tråd med DSB sin rettleiar er det ikkje krav om vidare kunnskapsinnhenting på kommuneplannivå dersom det vert stilla krav om reguleringsplan. For tiltak i tiltakskategori S1 og F1 er det gjort unnatak frå plankravet, men dokumentasjonskravet er likevel til stades i samband med søknad om tiltak. Til dømes må tryggleik mot kvikkleireskred dokumenterast etter metode i NVE sin rettleiar 1/2019, uavhengig av plankrav eller ikkje.

Metode for gjennomføringa og vurderingane i ROS-analysane for kvart enkelt arealinnspel er skildra i eige metododokument, medan overordna problemstillingar knytt til spesielle tema og generelle avklaringar i ROS er presisert under.

5.2. Handtering av risiko og sårbarheit ved manglande kunnskapsgrunnlag


Som nemnd over skal ROS- analysar på kommuneplannivå avdekka uønskte hendingar, og meir detaljerte analysar og kunnskapsinnhenting skal leggjast til reguleringsplanprosessen, når utbyggingsplanane er meir konkretiserte. Det er fleire overordna problemstillingar som går igjen i mange arealinnspel, spesielt naturfarar som kvikkleire, flaum i vassdrag og stormflo/havnivåstigning. Det er gjennomført undersøkingar fleire stadar i kommunen knytt til temaa, men størsteparten av arealet i kommunen er ikkje kartlagd for spesifikke naturfarar.

Omsynssoner i plankartet tek utgangspunkt i aktsemdområde for dei ulike temaa frå NVE, samt eventuelle kartlagde, reelle faresoner.

Vidare kartlegging av reell fare for heile kommunen eller konkrete arealinnspel på kommuneplannivå for å avklara framtidig arealbruk vil vera svært kostbart, og i tråd med kapittel 4 i DSB sin rettleiar om ROS-analysar er det då naturleg å flytta kartleggingane til reguleringsplanfasen eller byggesøknaden, når tiltakshavar ønskjer å starta opp med konkrete prosjekt. I delkapitla under er det skildra korleis dei naturfaretemaa som oftast går igjen i arealinnspela er handtert i ROS-analysen for kvart enkelt innspel.

5.3. Skred og kvikkleire

Kommunen som heilskap er ikkje kartlagd for kvikkleireområde, medan det i 2017 vart gjort faresonekartlegging for skred i bratt terreng 8 stader i kommunen, jf kartet under.



Figur 1. Oversikt over faresoner for skred i bratt terreng i kommunen.

For kvikkleire og områdestabilitet er det gjort undersøkingar knytt til konkrete utbyggingsprosjekt, både for vegutvidingar og byggeprosjekt, men desse dekker berre ein liten del av det totale arealet under marin grense. Det er størst konsentrasjon av undersøkingar i Ølen.

Det vil vera eit for omfattande prosjekt for kommunen å kartlegge alle område under marin grense for kvikkleire, og ein stor del av arealinnspele i forslag til ny kommuneplan ligg under grensa. Med bakgrunn i føringar i DSB sin rettleiar for ROS-analysar har kommunen landa på at ein på generelt grunnlag ikkje forkastar arealinnspele basert på manglande utgreiing av reell fare på kommuneplannivå, men at det må stillast krav til at tryggleik kan dokumenterast gjennom fortrinnsvis reguleringsplan, eller gjennom byggesak. I ROS-skjema for kvart arealinnspele står det om det vert stilla krav til reguleringsplan eller ikkje, og om konkrete avbøtande tiltak kan avklarast på kommuneplannivå eller om det må skyvast til neste plannivå/byggesak.

Vurdering og konklusjon er difor at føresegnene knytt til tiltak under marin grense er tilstrekkeleg, men at ein sikrar tryggleik for tiltak utanom reguleringsplan ved å ta inn NVE sine forslag til føresegner.

5.4. Flaum i vassdrag og ekstremvær/klimaendringar

Flaum i vassdrag og overvatn vert handtert på same måte som skred og kvikkleire. Der det er gjort konkrete utgreiingar av flaumfare vert denne lagt til grunn i ROS-analyse for arealinnspele, og elles nyttar ein aktsemdområde for flaum frå NVE som grunnlag, med krav om ytterlegare utgreiingar i reguleringsplan eller byggesak gjennom føresegnene. I randsona av vassdrag må ein ta omsyn til både generelt byggeforbod (strandsone langs vatn) og kantvegetasjon som erosjonssikring og som leveområde for naturmangfald. Dette er med i ROS-vurderingane for arealinnspele tett på vassdrag, og er ei mogleg kjelde til avslag eller endring av innspel.

Når det gjeld ekstremvær og klimaendringar, inkluder overvatn og sterk vind, er det gjort konkrete vurderingar for dei arealinnspele der tilhøva på staden skil seg ut særskild negativt. Konkrete avbøtande tiltak vil i utgangspunkt ikkje kunna avklarast før på reguleringsplannivå eller i byggesak.

5.5. Havnivåstigning og stormflo

Havnivåstigning kombinert med stormflo vil i åra som kjem kunne gjere større skade på bygg og anlegg enn tidlegare. DSB gav i 2016 ut ein rettleiar om havnivåstigning og stormflo. I rettleiaren kapittel 3.4 er handtering av havnivåstigning og stormflo på kommuneplannivå skildra, og utgangspunktet er at kommunen må ta omsyn til framtidig havnivåstigning i planlegginga. Vurderingar på kommuneplannivå skal identifisera potensiell fare for skade som følgje av havnivåstigning og stormflo, og det er presisert at plannivået skal avgjere kor detaljert og omfattande analysen skal vere.

DSB har og utarbeidd ein eigen rettleiar for havnivåstigning og høg vasstand i samfunnsplanlegging (2024), der handtering av temaet i kommuneplanens arealdel er skildra i kapittel 5.1.3. På dette plannivået er det tilstrekkeleg å identifisere areal med mogleg fare for skade, å leggja areal innanfor grense før «øvre estimat vasstand» med klimapåslag for år 2100 inn som omsynssone (H320) i plankartet, og å knyta føresegner til denne som til dømes set vilkår for tiltak og verksemd innanfor sona.

Med bakgrunn i dette har ein ikkje utelukka arealinnspel i strandsona med bakgrunn i manglande kunnskap om havnivåstigning og stormflo åleine, og ein har heller sikra trygg byggehøgde i tråd med framskriven havnivåstigning og stormflo med klimapåslag. Minimum kotehøgde for bygningar er fastsett til kote +2,4 i Ryfylke-bassenget og kote +2,7 i Sunnhordlandsbassenget.

Konkrete vurderingar knytt til utforming og plassering av bygningar på ei tomt må gjerast i samband med reguleringsplan eller byggesak, basert på konkret dokumentasjon for den enkelte eigedommen.

5.6. Skog-, lyng- og grasbrann

Heilskapleg ROS for Vindafjord kommune vert lagt til grunn for temaet. På kommunenivå er sannsyna vurdert å vera middels (1-2% sannsyn), medan konsekvensane er vurdert å vera små. For vurdering av sannsyn for arealinnspel har ein i hovudsak landa på lågt sannsyn (mindre enn 1% sannsyn), men i enkelte innspel kan dette vurderast høgare. Konsekvensane på kommunenivå er avgrensa mellom anna på grunn av god tilkomst til fleire område via skogsvegar, tilgjengelege omkøyringsvegar, gode varslings- og evalueringsrutinar og tilgang på helikopter. Dei arealinnspela som skil seg ut negativt i høve til først og fremst tilgang for sløkkemannskap vil kunna få høgare konsekvensar, og det same kan område som er spesielt utsett for vind. Det er likevel ingen innspel som vert avslått direkte på grunn skog-, lyng- og grasbrannfare.

5.7. Menneskeskapte farar

Temaet omfattar;

- Ulukker med transportmiddel
- Høgspent
- Forureining
- Brann-/eksplosjonsfare
- Skade på kritisk infrastruktur

I Vindafjord kommune er det i hovudsak ulukker med transportmiddel som kan føra med seg uakseptabel risiko, eller akseptabel risiko der avbøtande tiltak bør vurderast. Det er gjort konkrete vurderingar av trafikktryggleiken for alle arealinnspele, og nokre innspele har kome ut særskilt negativt på grunn av avkjørsletilhøve frå hovudveg. Dette kan vere grunnlag for å avslå arealinnspele. For innspele knytt til spreidd busetnad vil det ofte vere mangel på trafikkikker gang- og sykkelveg, noko som er særskilt vanleg i kommunar som Vindafjord. Dette er i seg sjølv ikkje vurdert som grunnlag for å avvise eit arealinnspele, men kan i samanheng med vurderingar i KU og andre ROS-tema utgjera ein totalpakke som tilseier at innspelet ikkje vert tilrådd teke inn i planen. Konkrete avbøtande tiltak knytt til oppgradering av avkjørsler og eventuell naudsynt etablering av gang- og sykkelveg er skildra der ein har tilstrekkeleg informasjon til å kome med konkrete vurderingar, men i hovudsak vil slike vurderingar måtta gjerast gjennom reguleringsplan eller byggesak.


Høgspent, forureining og brann- og eksplosjonsfare er skildra konkret der dette er mogleg basert på kjend kunnskap på kommuneplannivå. Konkrete vurderingar av avstand til høgspent kan gjerast på dette nivået, medan avbøtande tiltak for til dømes potensielle næringsverksemdar med auka brann- og eksplosjonsfare må gjerast gjennom ROS i reguleringsplan. Arealinnspele vert ikkje avslått basert på mogleg teoretiske tiltak med særskild auka fare for brann og eksplosjon, utan at det føreligg konkret informasjon om dette på vurderingstidspunktet. Reglar i TEK17 vil uansett liggja til grunn for reguleringsplan og byggesak.

6. KU og ROS – skjema for arealinnspele

Sidan forslaget til KPA var på høyring er fleire arealinnspele tatt ut, andre er endra og/eller justert. Oppdaterte skjema med KU og ROS følgjer for alle innspele som er med vidare i nytt forslag til KPA:

Innspel nr. B03, Næring – Utviding ved Granberg - Bjoa	
Gnr./bnr.:	255/247
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF, med omsynssone landbruk (kjerneområde landbruk)
Foreslått arealføremål:	Næring – som erstatning for avsett areal sør for dagens verksemd
Arealstorleik:	Ca 9,5 daa
Forslagsstillar:	Granberg AS
Grunneigar:	Granberg AS
Skildring av innspelet:	I gjeldande kommuneplan er det avsett næringsareal sør for eksisterande verksemd (ca 6 daa) som ikkje er utbygd ennå. Dette ønsker ein å ta ut, og erstatte med areal i vest.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p><u>Landbruk</u></p> <p>Ikkje i bruk til dyrka mark eller beite, men har skog over grunnlendt jord. Bonitet er sett til uproduktiv på største delen av arealet, og mindre område registrert med høg/særs høg bonitet. Berggrunn består av fyllitt, ein bergart som er mindre eigna som byggeråstoff, då den er porøs/svak.</p> <p>Vurdering</p> <p>Terrenget er bratt. I følgje registreringar er det området som nå blir tilbakeført til LNF betre skogbruksressurs enn området ein nå føreslår avsett til næring. Det er behov for planering av området, og ein vil få masseoverskot. Men grunna svak bergart er verdien av massen noko avgrensa. Ut frå dette er konsekvens vurdert som nøytral/positiv, spesielt med grunnlag i at dette er eit erstatningsareal til tidlegare avsett område.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje gjort naturtypekartlegging i området, og det er få registreringar av artar. Jordsmon er registrert som grunnlendt og med varierende bonitet – dette har ein viss verdi som karbonlager.</p> <p>Ikkje større vassdrag i nærområdet, men mindre bekkar som ein legg til grunn blir ivaretatt ved utbygging.</p> <p>Vurdering</p>

		Det må takast stilling til kunnskapsgrunnlaget ved vidare detaljering. Tiltaket vil medføre beslaglegging av skog, men eit anna område med høgare bonitet blir omgjort til LNF som erstatning. Dette kan medføre noko forbetring i karbonlagring frå skog i høve 0-alternativet. Tiltaket er ikkje vurdert å forringe vassmiljø.	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ikkje registrerte landskapsverdiar i nærleiken.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket vil krevje nedskyting av fjell for utbygging, tilsvarande slik det eksisterande næringsområdet er opparbeida kor det er eit planert område mot Bjoavegen og ein fjellskjering i bakkant. Eksisterande bygningar skjermar for ein del av fjellskjeringane i dag. Nye tiltak vil medføre meir inngrep i landskap, men likevel tilpassa eksisterande utbygging. Dette gir middels negativ konsekvens.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ikkje kjende automatisk freda kulturminne i nærområdet. Det gamle skulehuset på Innbjoa stod inntil nyleg i området (inngår i SEFRAK-registeret), men er nå flytta.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaka er ikkje vurdert å ha konsekvensar for kjende kulturminne</p>	
	Strandsone	Uaktuelt tema	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Sjølve arealet beslaglegg ikkje areal nytta av barn og unge eller til utøving av friluftsliv. Bjoavegen er nytta til skuleveg og som fritidsveg i følge barnetråkkregistreringa til kommunen frå 2018, vegen har ikkje gang- og sykkelveg.</p> <p>Vurdering</p> <p>Utviding av næringsareal vil ofte medføre meir trafikk på vegen, og her er denne ein viktig forbindelse for barn og unge, noko som gir middels negativ konsekvens for tema. Trafikksikkerheit må vurderast i samband med nærare detaljering.</p>	
SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Dårleg tilrettelagt for bruk av kollektivtilbod, og det er ikkje gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Det er lite trafikk på vegen og fartsgrense 50-60 km/t mot dei næraste bustadområda.</p> <p>Vurdering</p> <p>Manglande tilbod for miljøvennleg transport gjer at tiltaket i stor grad vere bilbasert, men det er også bustadar i nærleiken kor gange/sykkel er eit godt alternativ. Tiltaket bidrar til fortetting/vidareutvikling av eksisterande næringsområde, og styrking av Bjoa-bygda. Innspelet får nøytral/positiv konsekvens.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Me legg til grunn at eksisterande infrastruktur og tilkomst kan nyttast for det utvida området. Gir nøytral/positiv konsekvens.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>I strid med gjeldande KPA der området er LNF. Innspelet blir erstatning for anna areal som blir tilbakeført til LNF. Tiltaket er ei vidareutvikling av eksisterande næringsverksemd med betydeleg verdi for Bjoa. Jamfør satsingsområda berekraftig kommune og attraktive lokalsamfunn i arealstrategien må ein balansera mellom å ta vare på natur-, fri- og landbruksområde og å sikra framtidig utvikling for blant anna næringsgrunnlaget og leggja til rette for levande bygder. Vidare er tiltaket i samsvar med fortetting i utbygde område med infrastruktur.</p>	

Samla vurdering	<p>Terreng- og grunnforholda er vurdert å vere lite eigna for framtidig dyrking. Det er og positivt at ein tek tilbake eit betre eigna område til LNF. På tema målsetting i KP, ATP-planlegging er innspelet positivt.</p> <p>Innspelet er tilrådd med vidare og får formål næring.</p>
------------------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Skog kan fungera som ein barriere for skred.	M	M	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Område ligg i aktsemdområde for snøskred i tryggleiksklasse S2 utan skogeffekt, men utanfor aktsemdområde med skogeffekt.	Dersom ein kan sikra bevaring av skogen i området, er tryggleiken tilstrekkeleg i høve til krava i TEK17 §7-3. Dersom skogen ikkje blir sikra bevart må det utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for snøskred, og knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde for flaum eller stormflo.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		M	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Det er ein del vegetasjon i området. Hendinga kan vera spesielt aktuell i lengre periodar med tørke. I Vindafjord er det i hovudsak mykje nedbør store delar av året, og tørke vil vera unntaket heller enn normalen. Det bør vera tilstrekkeleg tilgang på sløkkevatn med utgangspunkt i	

							eksisterande næringsverksemd, og tilkomst for brannbil lar seg gjera via Bjoavegen i nord.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkmengde (ÅDT 1000), og god sikt på strekninga	L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er ikkje registrert ulukkeshendingar på veg i tilknytning til eigedommen eller eksisterande næringsverksemd. Eksisterande veg til dagens næringsverksemd bør kunna brukast som tilkomst til ny bygningsmasse.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold	Forureingslova §7	M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Eigedommen ligg delvis i gul støysone langs Bjoavegen. Det er ikkje planlagt bygningar for varig opphald, og næringsverksemd kan planleggast i gul støysone. Ein kjenner ikkje til at verksemda fører med seg fare for forureining til luft eller grunn.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur	
Samla vurdering	Samla sett er det ikkje vurdert nokon større risiko ved gjennomføring av tiltaket.							

Innspel nr. B04, Råstoffutvinning – Utviding av eksisterande masseuttak, Bjoa


Gnr./bnr.:	259/6, 8
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF, med omsynssone landbruk (kjerneområde landbruk)
Foreslått arealføremål:	Råstoffutvinning (masseuttak)
Arealstorleik:	Ca 3,1 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Ernst Grønnestad
Skildring av innspelet:	Endra avgrensing av (utvida) areal rundt område for råstoffutvinning i KPA. Ortofoto viser at innspeletsområdet allereie er tatt i bruk til masseuttak.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan/ evt. reguleringsplan. Innspeletsområdet er vist med blått omriss

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Fastmark utan vegetasjon. Er del av eksisterande masseuttak. Kringliggjande område er dyrka mark eller skog (høg til sær s høg bonitet).</p> <p>Berggrunn består primært av den skifrige bergarten fyllitt, med innslag av glimmerskifer. Lausmassar i området er samansett av morenemateriale.</p> <p>Vurdering</p> <p>Uttaket ligg midt inne i eit LNF-område, og det ligg til grunn at arealet skal tilbakeførast til LNF etter ferdigstilling. Masseuttaket blir nytta til lokale tiltak. Transport av massar ut frå anlegget er difor sporadisk og avgrensa. Verdi av landbruk og skog er låg. Innspelet gjeld eit avgrensa og tilstøytande område sett av til råstoffutvinning. Med føresetnad om tilbakeføring til LNF, blir konsekvens vurdert nøytral/positiv.</p>

	<p>Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre</p>	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje gjort naturtypekartlegging i området, og det er ingen registreringar av artar i innspelsområdet. Det er ingen større vassdrag i nærområdet, berre mindre bekkar og landbruksgrøfter i nordvest og søraust som ein legg til grunn vert ivareteke.</p> <p>Vurdering Tiltaket vil medføre beslaglegging av open fastmark, som i praksis er ein del av dagens uttaksområde. Området har ikkje funksjon som karbonlager, og det er vurdert at det er lite potensiale for naturmangfaldverdiar. Tiltaket er ikkje vurdert å forringe vassmiljø. Konsekvens blir vurdert som nøytral/positiv.</p>	
	<p>Landskap</p>	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i nærleiken.</p> <p>Vurdering Utviding av masseuttaket er allereie utført, og innspelet reflekterer faktisk situasjon på staden. Tiltaket ligg omkransa av dyrka mark og skog, men er godt synleg frå Bjoavegen, og eksisterande uttak framstår som eit sår i landskapet. Innspelet er ei mindre utviding knytt til kantsonene av eksisterande masseuttak. Innspelet blir vurdert å ha svak negativ konsekvens.</p>  <p><i>Perspektiv frå Bjoavegen.</i></p>	
	<p>Kulturminne og kulturmiljø</p>	<p>Vurdering Ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø i nærområdet. Tema er ikkje relevant.</p>	
	<p>Strandsone</p>	<p>Ikkje aktuelt.</p>	
	<p>Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse</p>	<p>Kunnskapsgrunnlag På nordsida av Bjoavegen like ved ligg det svært viktige friluftsområdet <i>Bjoa skule</i>. Bjoavegen er skuleveg, og difor òg definert som eit barnetråkk.</p> <p>Vurdering Sjølve arealet utvidinga av masseuttaket utgjør vil ikkje beslagleggje areal nytta av barn og unge eller til utøving av friluftsliv. Utviding av masseuttaket vil føre til at massetransport vil halde fram i noko lengre tid. Transporten av massar går til lokale tiltak, og er sporadisk. For barn og unge som ferdast på Bjoavegen til skule og fritidsaktivitetar vil situasjonen bli uendra.</p>	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Areal og transportplanlegging	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er totalt sett lite trafikk på vegen, og den aktuelle strekninga av Bjoavegen har ein ÅDT på 1000, med 10 % lange/tyngre køyretøy. Fartsgrensa på Bjoavegen forbi tilkomstvegen til uttaket er 60 km/t. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.</p> <p>Vurdering</p> <p>Omfanget er vurdert å ikkje auke transportbehovet, men kan pågå i noko lengre tid. Verknadar av arealinnspelet blir sett på som nøytrale.</p>
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Masseuttaket har vegtilkomst frå Bjoavegen. Det er ikkje kjent om det føreligg noko ytterlegare trong for infrastruktur knytt til uttaket.</p> <p>Vurdering</p> <p>Utviding av eksisterande masseuttak vert vurdert å ikkje medføre nokre ytterlegare tiltak knytt til infrastruktur i området - nøytral/positiv konsekvens</p>
Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>I strid med gjeldande KPA der området er LNF og inngår i kjerneområde landbruk. Jamfør arealstrategien skal ein generelt sett unngå nedbygging av potensielt jordbruksareal, men når uttak er avslutta er det ein føresetnad at areala blir fulldyrka, jf. areal sør for området.</p>	

Samla vurdering	<p>Det er uheldig at område utanfor det som i KPA er avsett til råstoffutvinning er teke i bruk som masseuttak. Innspelet er vurdert å ha lite negative verknadar sidan det ligg ved eit eksisterande masseuttak, og det gjeld mindre utviding i kantsonene. Det er få verdiar registrert i området og innspelet er vurdert å ha lite innverknad på ålmenne interesser som natur, kultur og friluftsliv. Innspelet får noko negativ verknad (svak negativ konsekvens) på landskap. Med omsyn til transportplanlegging kan ein ikkje sjå at innspelet kan føre til mindre trafikk, eller meir miljøvenleg transport, og verknadane vert difor svakt negative.</p> <p>Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>
------------------------	--


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet - Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Krav til sikringstiltak i driftsplan/ internkontroll	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- eller fareområde. Masseuttaket i seg sjølv kan generere mindre utløysingar i brotområdet, men det blir føreset at tryggleik knytt til dette er tilstrekkeleg ivareteke gjennom ein driftsplan for uttaket	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Området ligg ikkje til sjø eller vassdrag.	

Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Området blir nytta til råstoffutvinning, ikkje utbyggingsføre mål, og radon blir difor ikkje vurdert som aktuelt	
Ekstremvær/ Klimaendringar -Sterk vind -Ekstrem nedbør/overvatn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Skog-,lyng-, og grasbrann		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Lite vegetasjon i uttaksområdet	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg ÅDT på Bjoavegen	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Eksisterande tilkomst og eksisterande uttak. Bjoavegen er smal og har fartsgrense på 60 km/t. Endrar ikkje dagens situasjon	Sikre siktsoner i kryss til Bjoavegen gjennom å t.d. fjerne trær/vegetasjon
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde	
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Støy frå sprenging/knusing. Forureining gjennom partikkelspreiing til vatn og luft kan førekome, men uttaket ligg 200-300 meter frå følsam busetnad	
Brann-/eksplosjonsfare		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med uttaksform i området, men det blir vurdert som sannsynleg at det tidvis blir nytta eksplosivar. Eksplosivar skal ikkje lagrast på området	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Eksisterande uttak/situasjon. Innspelet blir vurdert å ikkje utgjere noko risiko for kritisk infrastruktur	
Samla vurdering	Samla sett er det ikkje vurdert nokon større risiko ved gjennomføring av tiltaket.							


Innspel nr. B05, bustad – Bjoa	
Gnr./bnr.:	254/75 og 94
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	Ca 1,5 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Brit Utbjoe Andersland og Inge Utbjoe
Skildring av innspelet:	Innspelet gjeld omgjerung frå LNF til bustad i samsvar med eksisterande arealbruk. I kommunekart er bygningen på gnr. 75 registrert som fritidsbustad.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan/ evt. reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	Kunnskapsgrunnlag a) Landbruk Arealet er utbygd. Vurdering Tiltaket er ikkje vurdert å få konsekvensar for tema, då arealbruken i dag er bustad/fritidsbustad, og det er heller ikkje tilgrensande område som vil få forringa verknad av endringa.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Ikkje registrerte naturverdiar i området. Tiltaket er ikkje vurdert å få konsekvensar for tema.	
	Landskap	Vurdering Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i nærleiken. Endringa til bustadformål er ikkje vurdert å medføre verknadar for landskap	
	Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag	

	<p>Det er fleire kjende kulturminneverdiar i området. Eldre naustmiljø og automatisk freda enkeltminne (helleristningar) som saman utgjer eit regionalt viktig kulturminnemiljø tilrettelagt med kultursti.</p> <p>DOK - Kulturminner - SEFRAK-bygninger</p> <ul style="list-style-type: none"> ▲ Ruin eller fjernet objekt (0) ▲ SEFRAK-bygg som ikkje er omfattet av kulturminnelov ▲ Meldepliktig ihht Kulturminnelovens §25 (2) <p>DOK - Kulturmiljø</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Fredet kulturmiljø ■ Kommunalt kulturmiljø ■ Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse <p>Kulturmiljø av regional interesse</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Kulturmiljøområde <p>DOK - Enkeltminner</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Enkeltminner 	
	Vurdering	Innspelet er ikkje vurdert å få konsekvensar for registrerte kulturminne, då arealet allereie er utbygd med denne arealbruken.
Strandsone	Vurdering	Innspelet er ikkje vurdert å få konsekvensar for strandsone. Den nedre delen av begge eigedommane er allereie avsett til bustad i KPA
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Vurdering	Innspelet er vurdert å ikkje få konsekvensar for barn og unge, nærmiljø, friluftsliv, då arealet allereie er utbygd med denne arealbruken.


S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Arealbruk og transport vil ikkje endre seg som følge av endringa til bustadformål
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Det er lagt til grunn at det ikkje er snakk om ytterlegare utbygging som krev utviding av eksisterande teknisk infrastruktur
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet er ei lita utviding av bustadområde for å få heile tomtene som allereie er utbygd avsett til bustad. Har inga betydning med tanke på overordna plan.

Samla vurdering	Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
------------------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Området er utbygd med to bustadar og garasjar i dag.	L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. I eit allereie utbygd område er sannsyn for påverknad på områdestabiliteten liten.	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt.	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Området ligg innanfor moderat til låg på radon-aktsemdkartet til NGU.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvætn		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det blir ikkje lagt opp til nye tiltak i området, og ein endrar dermed ikkje situasjonen knytt til overvassituasjonen.	
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det ligg noko skog vest for tiltaket, men sidan det ikkje blir lagt opp til fleire bustadar blir risiko for skogbrann vurdert som ikkje aktuell.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkemngde (100 ÅDT) og låg fart (50 km/t)	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Tiltaket har innkøyrse i ein sving langs Bjoavegen i dag, men likevel oversiktleg. Ein legg ikkje opp til endring av tilkomsten. Låg fart og låg ÅDT er med på å redusera konsekvensane ved ei eventuell ulukke.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold	Forureingslova §7	H	L	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande	Den sørlege delen av dei eksisterande bustadane i området ligg i gul støysone langs Fv. 543, knytt opp mot	Eksisterande bustadar - avbøtande tiltak i

						tiltak bør vurderast	trafikk til og frå ferjekai og tømmerkai i aust.	plan er difor ikkje naudsynt.
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje større risiko enn vanleg for bustadar.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det blir ikkje lagt opp til nye tiltak som kan påverka tema.	
Samla vurdering	Samla sett er det ikkje vurdert nokon større risiko ved tilråding av innspelet.							

Innspel nr. B06, Bustad, Molovegen/Apalvikvegen, Bjoa	
Gnr./bnr.:	255/1,6,7,34,122,123,181 mfl.
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	Ca. 72,5 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Fleire
Skildring av innspelet:	Eksisterande bustader og fritidsbustader langs Molovegen/Apalvikvegen. Intensjonen med innspelet er å legge til rette for at endringar på eksisterande bygg blir enklare, men med moglegheit for litt fortetting i eit område som ligg i gangavstand til skule og barnehage og med trygg skuleveg.
Kartutsnitt/foto:	
	
Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er om lag 4,6 daa barskog med høg bonitet og 1 daa uproduktiv lauvskog (impediment) i området.</p> <p>Vurdering Det aktuelle arealet har fleire eksisterande bustadar og fritidsbustad. Området har liten landbruksverdi. Avgrensinga av kjerneområdet landbruk er vurdert i ny KPA, dette området fell utanfor. Nøytral verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det ikkje gjort naturtypekartlegging i området, og det er ingen registreringar av artar i innspeletområdet.</p> <p>Vurdering Innspelet gjeld eit eksisterande område med busetnad. Innspelet vert vurdert å ikkje medføre nokre endringar for verdiar knytt til naturmangfald og vassmiljø.</p>
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i nærleiken.</p> <p>Vurdering Innspeletområdet er prega av spreidd busetnad med bustadar og fritidsbustadar med</p>

		landbruksareal og skog mellom. Det er rom for noko fortetting utan at dette får vesentleg verknad for landskap.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag Det er fleire SEFRAK-bygg i innspelsområdet. Det er registrert to automatisk freda kulturminne om lag midt i området, begge busetnad-aktivitetsområde frå steinalderen. Vurdering Tiltaket er vurdert å i utgangspunktet ikkje ha konsekvensar for kjende kulturminne eller kulturmiljø. Nøytral konsekvens.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet ligg delvis innanfor 100-metersbeltet langs sjø, men berre ein veldig liten del av området ligg direkte til sjø. Strandsone ved området er høgt utnytta nærmast sjø til naust, fritidsbustadar, utleigehytter med tilhøyrande utfyllingar, murar og kai- og bryggjeanlegg. Vurdering Areal nedanfor vegen er i stor grad utbygd. Det er rom for noko fortetting i areala ovanfor vegen utan at dette får vesentleg verknad for strandsoneverdiane.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Neset aust for innspelet er eit viktig friluftsområde (<i>Hammaren badeplass – Apalvik</i>), og vert nytta som eit leike- og rekreasjonsområde (badeplass). Mellom innspelsområdet og sjø, i nord, ligg eit anna viktig friluftsområde; <i>Steffotræ badeplass - Apalvik</i> . Molovegen i sør er ein fritids- og skuleveg, og difor òg eit barnetråkk. Vurdering Arealinnspelet vil ikkje påverke badeplassane eller leggje ytterlegare beslag på areal nytta av barn og unge. Nøytral konsekvens.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	Vurdering Innspelet legg ikkje direkte opp til fortetting, men terskelen for fortetting vert vesentleg lågare om området vert avsett til bustad i staden for LNF. Ei fortetting på areal som ikkje har verdi som dyrka mark eller beite kan bidra til måloppnåing for tema.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Innspelet er ikkje vurdert å medføre behov for større infrastrukturtiltak som gir vesentlege samfunnskostnadar. Konsekvens vert nøytral/positiv	
	Målsettingar i KP	Vurdering Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Dette er eit alternativt butilbod i gangavstand til sentrumsfunksjonar, båthamn og sjø og strandsone. Området framstår som utbygd, men med rom for noko fortetting. Innspelet bygger opp om strategien «Å ha varierte butilbod i alle bygder» og at «Busettingsomsyn er særskilt gjeldande i Imsland, Bjoa og Vikebygd» og arealstrategien «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,.... og bygga innanfrå og ut.»	

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar, utan at det går vesentleg utover andre verdiar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
------------------------	--


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Fortetting vil medføre terrengingrep som kan påverka områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar -Sterk vind -Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Overvasshandtering ved etablering av fleire harde flater og opparbeiding av terreng er det viktigaste utfordringa knytt til tema.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Relativt spreidd og lite vegetasjon i området. Nordleg del har tettast skog. Vindafjord er som regel prega av mykje nedbør store delar av året.	

Menneskeskapt farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg ÅDT og fart	L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Apalvikvegen har fartsgrense 50 km/t, medan Molovegen i følgje Vegkart òg har 50 km/t, men har skilting med 30 km/t.	Fortetting kan utløyse krav til oppgradering av Molovegen/Apalvikvegen med tilhøyrande vegkryss.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde. 22 kV-leidning (luftspenn) i nordvest.	
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje større risiko enn vanleg for bustadar.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Eksisterande situasjon i området. Ev. fortetting kan utløyse behov for auka kapasitet.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire) men innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. B09, naust – Bjoa	
Gnr./bnr.:	317/34
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Naust
Arealstorleik:	Ca 0,25 daa
Forslagnsstillar:	Askild Eitrheim
Grunneigar:	Askild Eitrheim
Skildring av innspelet:	Ønske om at eksisterande nausttomt blir innlemma i tilgrensande naustområde. Området er utbygd med naust, tilhøyrande brygge og tilkomstveg.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan/ evt. reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	Kunnskapsgrunnlag <u>a) Landbruk</u> Området grensar til dyrka mark og beite. Vurdering Nøytral konsekvens, området er utbygd med naust med tilhøyrande brygge og vil ikkje få verknadar for tema.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er registrert marin naturtype (tareskog) med svært viktig verdi like nord for innspelsområdet. Vurdering Same vurdering som over	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrerte landskapsverdiar i området. Vurdering	

		Området er allereie utbygd og ligg ved andre naust/nausttomter. Endring frå LNF til naust er ikkje vurdert å få konsekvensar for landskap	
	Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området eller i nærleiken.	
	Strandsone	Vurdering Området ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Området er utbygd, endringa vil ikkje få verknadar for strandsoneverdiar.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Vurdering Endringa vil ikkje få verknadar for tema.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Ikkje relevant tema for tiltaket.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Området er ferdig opparbeida. Ikkje relevant tema	
	Målsettingar i KP	Vurdering Naustområdet er allereie etablert og støttar opp om buattraktivitet som er ein av arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS.	

Samla vurdering	Tiltaket er realisert, ligg tett inntil avsett naustområde og ei endring i samsvar med dagens situasjon. Innspelet er tilrådd med vidare.
------------------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred, jf. NVE Atlas. Vidareføring av bygd situasjon vil truleg krevja lite eller ingen terrenginngrep, og dermed og avgrensa risiko for kvikkleireskred.	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Naust ligg i tryggleiksklasse F1 for stormflo. Det innspelte naustarealet er omfatta av aktsemdsområde for stormflo med 20-års gjentaksintervall, noko som er akseptabelt sannsyn.	

Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt. Ingen bygning rekna for varig opphald.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/ overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Arealet ligg til sjø, og kan vera utsatt for sterk vind. Harde flater kan føra til endring i overvassituasjonen, men avrenning til sjø kan sikrast.	
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Lite eller ingen vegetasjon i området	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det innspelte arealet ligg i enden av eksisterande tilkomstveg.	
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine utover normalen.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde	
Samla vurdering	Samla sett er det ikkje vurdert nokon større risiko ved gjennomføring av tiltaket.							

Innspel nr. B12, Naust, Molovegen	
Gnr./bnr.:	0/0
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Naust
Foreslått arealføremål:	Naust, opning for tre nye naust
Arealstorleik:	Ca. 400 m ²
Forslagsstillar:	Arnstein Berge
Grunneigar:	Manglande matrikelnummer
Skildring av innspelet:	Eksisterande naustområde (N27). Dagens N27 opnar ikkje for nye naust. Innspelet skal opne for tre nye naust grunn tinglyste naustrettar. Vindafjord kommune skal føreslå at naustområdet blir redusert med om lag 25 meter i nordaust

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Det er ikkje verdiar knytt til temaa i eller tilstøytande innspelet - Ikkje aktuelt.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje gjort naturtypekartlegging i området, og det er ingen registreringar av artar i innspelsområdet. Sjøområdet er grunt. Vurdering Innspelet kan medføre behov for mudring som i noko grad vil påverke naturmangfald og vassmiljø. Svak negativ verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i nærleiken. Vurdering Innspelet medfører fortetting i eit eksisterande naustområde. Nye naust vil krevje terrenginngrep. Nøytral verknad.	

	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området – Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Det er to naust i nærområdet. Nye naust vil krevje terrengingrep. Arealet aust for dei tre nausttomtene er registrert som badeplass.</p> <p>Vurdering</p> <p>Hammaren badeplass har tilkomst mellom eigedomane 255/ 95 og 106. Det er vurdert at innspelet ikkje vil vera til hinder for ålmenn tilkomst i strandsona. Nøytral verknad.</p>	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Neset nordaust for innspelet er eit lokalt viktig friluftsområde (<i>Hammaren badeplass – Apalvik</i>). Molovegen i sør er skuleveg, og difor òg eit barnetråkk.</p> <p>Vurdering</p> <p>Endringa vil ikkje få verknadar for tema. Nøytral konsekvens.</p>	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Tema blir vurdert som ikkje relevant.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Normalt vil det vere lite tilrettelegging for teknisk infrastruktur ved naust, og det i tilfelle små samfunnskostnader ved slike tiltak. Nøytral konsekvens.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Gjeld areal som er sett av til naustformål, og grensar til to eksisterande naust. Det aktuelle naustområdet er planlagt redusert i storleik i nordaust. Det vil ikkje bli opna for ytterlegare naust innanfor naustområdet, med unntak av dei tre innspelet legg opp til. Desse naustrettane er knytt opp til eksisterande bustadeigedomar/småbruk. Naust blir vurdert å byggje opp under buattraktivitet. Nøytral konsekvens.</p>	

Samla vurdering	Området som er sett av til naust, er planlagt redusert i nordaust. Innspelet får svak negativ konsekvens for naturmangfald. Opning for naust vil styrke buattraktivitet. Innspelet blir tilrådd tatt med.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	Naust er ein bygningstype som ligg i klasse K0 i NVE sin rettleiar for tryggleik mot kvikkleireskred (NVE 1/2019), der unnatak for plankrav kan vurderast.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området ligg innanfor aktsemdområde for 20-års stormflo.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar -Sterk vind -Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Nærleik til sjø gjer at overvatn blir vurdert som eit mindre problem. Usikkerheit: Ekstremvêr er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Relativt spreidd og lite vegetasjon i området. Vindafjord er som regel prega av mykje nedbør store delar av året.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg ÅDT og fart	L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Molovegen har registrert 50 km/t som fartsgrense, men er skilta med 30 km/t.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje høgspantanlegg i området.	

Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine utover normalen.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen særskild brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for innspelet.	
Samla vurdering	Samla sett er det ikkje vurdert nokon større risiko ved gjennomføring av tiltaket.							

Innspel nr. B13, Turist- og reiselivsformål – mikrohytter, tretoppfytter, glamping, Steinslandsvegen

Gnr./bnr.:	256/9
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF
Foreslått arealføremål:	Turist- og reiselivsformål – mikrohytter, tretoppfytter, glamping
Arealstorleik:	22 daa
Forslagsstillar:	Hans Tore Stensen
Grunneigar:	Thorleif Stener Stensen
Skildring av innspelet:	Område for mikrohytter, tretoppfytter, glamping for utleie/turisme. Arealbeslag, fasilitetar og utnyttingsgrad er vesentleg for grad av verknadar, og må avklarast nærmare.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Kunnskapsgrunnlag Barskog med særst høg bonitet. Vurdering Tiltaket vil kunne beslaglegge skogressursar, og får svak/middels negativ konsekvens.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte verdiar i området. Skogen er eit viktig karbonlager. Vurdering Tiltaket kan medføre noko beslaglegging av skog i form av behov for hogst ved etablering. Dette kan medføre noko reduksjon i karbonlagring frå skog (omfang av inngrep er usikkert). Tiltaket er ikkje vurdert å forringe vassmiljø/myrområdet nedfor.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrerte landskapsverdiar i området. Vurdering Tiltaka vil vere lite synlege i landskapet og ha god tilpassing til omgjevnadane.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	

	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte verdiar for tema. Vurdering Det er gode tur- og friluftslivsområde i nærleiken som gir eit tilbod for dei besøkjande ved reiselivsanelegget.	
--	---	---	--

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Kunnskapsgrunnlag Veg fram til eigedommen. Dårlig tilrettelagt for bruk av kollektivtilbod, og det er ikkje gang- og sykkelveg langs vegen. Vurdering Brukarane vil komme med bil. Tiltaket baserer seg på natur- og kulturopplevinga og fordrar denne lokaliseringa. Tema er vurdert å ikkje vera relevant for dette tiltaket.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Tiltaket krev godkjent avkøyring, tilkomstveg/parkering og sanitæranlegg. Anlegga vil vere ei privat finansiering, og difor mindre konsekvensar for det offentlege.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Auka tilbod for turisme og reiseliv. Tiltaket er ei satsing på naturbasert oppleving og vil kunne bidra til måloppnåing for attraktive lokalsamfunn kor ein av strategiane er å definera kommunen som reiselivsdestinasjon og legga til rette for berekraftig reiseliv basert på oppleving av natur og kultur.	

Samla vurdering	Det er få registrerte verdiar i området. Som nemnt innleiingsvis, er omfang av tiltak vesentleg for påverknaden. Tiltaket bygger opp om satsinga på reiseliv. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
------------------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje bygningar for varig opphald.	


Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overv atn		L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ved bearbeiding av terreng vil overvassituasjonen endra seg.	
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	M	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Det er mykje skog i området. Hendinga er berre aktuell i periodar med tørke, noko som ikkje skjer ofte i Vindafjord. Utfordrande tilkomst for brannbil, og dårleg tilgang på sløkkevatn.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkmengde	M	M	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Eksisterande veg til området er smal, uoversiktleg og svingete. Tiltaket vil føra til meir trafikk.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold	Forureingslova §7	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine utover normalen.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur	
Samla vurdering	Samla sett er det ikkje vurdert nokon større risiko ved gjennomføring av tiltaket.							

Innspel nr. B15, Kombinert tenesteyting, forretning og bustad, skuleområdet	
Gnr./bnr.:	328/41,83
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Tenesteyting, idrettsanlegg og kombinert formål
Foreslått arealføremål:	Kombinert formål tenesteyting, forretning og bustad
Arealstorleik:	48 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Vindafjord kommune
Skildring av innspelet:	Ein ynskjer å kombinere tenesteyting med næring/forretning og bustad. Ny privatskule er oppretta, kommunal barnehage ligg innanfor området, det same gjer ei næringsverksemd og det er ønskjeleg å sette av areal for mogleg forretning og bustad (alternative butilbod, leilegheiter, mindre husvære for alle aldersgrupper).

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje jordbruksareal innanfor området. I nordaust er kombinert areal utvida med om lag 3 daa som består av barskog, medan arealet i sørvest har blandingsskog på til dels skrint jordsmonn, på dei areal som ikkje er tatt i bruk til skule, barnehage og grusbane.</p> <p>Vurdering</p> <p>Ingen påverknad på kringliggjande landbruksareal. Nøytral verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p>  <p>Arealet blei NIN-kartlagt i 2025. Resultatet frå registreringa går fram av Naturbase: Områdeskildring: Variert område i tilknytning til skole. Skogsmark, gjødsla kulturmark, anleggsområder. Noen kvaliteter knyttet til skog i nordøst grøntstrukturelementer. Arealet i nordaust skårar god på tilstand, men lite på naturmangfald. For meir utfyllande informasjon, sjå Naturbase.</p> <p>Vurdering</p>

		Området med størst naturverdiar, lengst aust, er ikkje med i arealformålet. Nøytral verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området og nærleiken. Delar av arealet er opparbeidd. Innspelsområdet ligg til fylkesvegen og utan store høgdeskilnader som krev store landskapsinngrep. Vurdering Området er relativt flatt, og alle tiltak innanfor området blir noko synlege frå vegen. Nøytral verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Delar av innspelsområdet ligg innanfor friluftsområdet <i>Bjoa skule og barnehage</i> , som er eit leike- og rekreasjonsområde. Området har høg brukarfrekvens, har høg grad av tilrettelegging, og er klassifisert som svært viktig. Vurdering Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø der ein har sentrumsfunksjonar innanfor gangavstand. Innspelet kan potensielt leggje beslag på areal som i dag blir nytta til leik i naturområda, noko som blir vurdert som negativt med omsyn til barn og unge. Noko negativ verknad.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	Vurdering Sentralt plassert, nær tilkomstveg. Deler av området er allereie sett av til byggeformål. Innspelet vil ikkje medføre omfattande nye arealbeslag.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ligg ved utbygde område med moglegheit for tilknytning til infrastruktur. Låg samfunnskostnad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategiane «å sikre varierte butilbod i alle bygder» og «busettingsomsyn er særskilt gjeldande i Imsland, Bjoa og Vikebygd». Innspelet innfrir òg arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,.... og bygga innanfrå og ut». Ein av arealstrategiane er at det skal settast av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrka bygdesentra.	

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar. Verknadane for born og unge og nærmiljø er noko negative som følgje av nedbygging av naturområda rundt skulen. Det må stillast krav om tilstrekkeleg leikeareal for skule og barnehage. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områ destabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		L	L	L	M	Uakseptabel risiko- avbøtande tiltak er naudsynt	Deler av området (den del som er bygd på) ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	Nye tiltak vil krevje reguleringsplan der grunnforhold må vurderast.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		M	L	L	M	Risiko for flaum i bekk	Eit mindre areal i nordaust kan bli påverka av flaum frå bekken som går på sørsida av fylkesvegen.	Ved planlegging og prosjektering må tryggleik mot flaum dokumentast.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan føre til endringar i overvassitasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, gode varslings- rutinar	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er skog i området. Det blir lagt til grunn at det er tilgang til sløkkjevatt i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg ÅDT og god sikt på strekninga	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Fv. 543 - Bjoavegen har fartsgrense 60 km/t på aktuell strekning. Det er etablert tilkomst til området. Oversiktlege sikttilhøve.	
Høgspent		M	L	L	L	Akseptabel risiko	Kraftlinje tenderer arealet i nord.	Må ta omsyn til linjetrassé i reguleringsplan.
Forureining		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande	Støy frå fylkesveg. Ingen anna kjend forureining i området frå før og tiltaket i	

-Til luft, grunn, vatn, lydforhold						tiltak er ikkje naudsynt	seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Skule/barnehage kombinert med bustad og næring blir ikkje vurdert å gje auka risiko og sårbarheit for brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko. Ein ser ikkje for seg at tenesteyting og/eller forretningsverksemd som lar seg kombinera med bustad kan utgjere større risiko på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er vurdert som akseptabel, men tiltak må likevel vurderast i reguleringsplan. Innspelet kan tilrådest med krav om at regulering blir gjennomført.							

Innspel nr. IM01, Næring, Ølmedal	
Gnr./bnr.:	84/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	14 daa
Forslagsstillar:	Folkemøte/Vindafjord kommune
Grunneigar:	Svein Cato Birkeland
Skildring av innspelet:	Erstatning for avsett næringsareal på austsida av elva (arealet der sagbruket ligg skal framleis vere næringsareal). Arealet er redusert etter høyring.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Beiteområde med spreidde tre, men markslaget er klassifisert med sær høg bonitet. Heile området inngår i eit større inngjerda område som er nytta som beite.</p> <p>Vurdering Beslaglegging av skogressurs og beiteareal utanfor kjerneområde landbruk gir middels negativ konsekvens.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte naturverdiar.</p> <p>Vurdering Nedbygging av skog med funksjon som karbonlager gir middels negativ konsekvens.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte landskapsverdiar.</p> <p>Vurdering Området ligg skjerma med høgareliggende terreng rundt. Ei utbygging er vurdert å kunne tilpassast omgjevnadane. Svak negativ verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p>	

		På høgdedraget Stemhaug nord for området er det registrert automatisk freda kulturminne, med i alt 48 registrerte enkeltminne. Vurdering Innspelet er trekt ned i terrenget og redusert i omfang, er godt skjerma og er difor vurdert å i liten grad påverke kulturminna.	
	Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona, og tema er difor ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte verdiar – avgrensa tilgjenge grunna eksisterande beitegjerde. Vurdering Påverkar ikkje forholda for barn og unge, nærmiljø eller friluftsliv – nøytral konsekvens	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering. Området ligg med sentral tilknytning til fylkesveg 46 – Saudavegen og busstopp, men separat frå andre utbygde område.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Kunnskapsgrunnlag Ein legg til grunn at eksisterande teknisk infrastruktur kan nyttast. Vurdering Tiltak med låg samfunnskostnad – nøytral konsekvens.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Tiltaket er i strid med gjeldande KPA, der området er LNF. Jamfør satsingsområda berekraftig kommune og attraktive lokalsamfunn i arealstrategien må ein balansera mellom å ta vare på natur-, fri- og landbruksområde og å sikra framtidig utvikling for blant anna næringsgrunnlaget og leggja til rette for levande bygder. Nøytral konsekvens.	

Samla vurdering	Innspelet blir erstatning for anna ubebygde areal som blir tilbakeført til LNF. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreduserande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	

Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Skog i området. Ein legg til grunn at det er tilgang på sløkkevatn i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Sentral tilknytning til fylkesveg	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet medfører endringar i høve dagens trafikksituasjon.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt for innspelet.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for innspelet.	
Samla vurdering	Risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. IM02, Råstoffutvinning, Frøvika	
Gnr./bnr.:	93/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF, ein mindre del råstoffutvinning
Foreslått arealføremål:	Råstoffutvinning
Arealstorleik:	Ca 8 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Åse Breiland Frøvik
Skildring av innspelet:	Justering av masseuttaket til faktisk uttaksområde, utviding mot nordaust og avgrensing mot dyrka mark i vest i forhold til avsett areal i KPA.
Kartutsnitt/foto:	
<p><i>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.</i></p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Vurdering</p> <p>Bruken er masseuttak av mineralressursar, innspelet er ei stadfesting av dagens bruk. Området som er avsett til masseuttak i KPA er registrert med både dyrka mark og beite. Innspelet er vurdert å oppnå positiv konsekvens for tema i forhold til 0-alternativet.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ikkje registrerte naturverdiar.</p> <p>Vurdering</p> <p>Potensiale for skade på naturverdiar er små grunna dagens drift i området. Nøytral verknad.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ikkje registrerte landskapsverdiar.</p> <p>Vurdering</p> <p>Området ligg skjerma med høgareliggende terreng rundt. I høve 0-alternativet er endringa vurdert å få positiv verknad, då landskapsinngrepa blir konsentrert rundt eksisterande uttaksområde.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema	
	Strandsone	Innspelsområdet ligg ikkje i strandsona, og tema er difor ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Ikkje registrerte verdiar – innspelet ligg inne på ein landbrukseigedom – uaktuelt tema.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering. Området ligg med kort avstand til fylkesveg 46 – Saudavegen. Innspelet med justering av masseuttaket til faktisk uttaksområde er vurdert å få nøytral konsekvens for tema.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Uaktuelt tema	
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet bidreg til å nå mål for berekraftig kommune, med god forvaltning av naturressursar og ivaretaking av jordbruksareal, samtidig som eksisterande masseuttak kan halda fram der det er etablert. Positiv verknad.	

Samla vurdering	Masseuttaket blir betydeleg redusert, ein unngår m.a. dyrka mark. Justering til faktisk uttaksområde gir positiv/nøytral konsekvens for aktuelle tema. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for snøskred, steinsprang, kvikkleire, jord- og flaumskred. Innspelet gjeld justering til faktisk uttaksområde i massetak som er i drift i dag.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for ras/skred.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad. Ikkje relevant for innspelet.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt		
Skog-,lyng-, og grasbrann		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Drift av masseuttaket kan utgjere ei fare for brann.	

Menneskeskapt farar								
Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet kan medføre auke i trafikk i kryss til Fv. 46.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Avrenning til vassdrag kan vere ei problemstilling. Vegstøy frå Fv. 46 er ikkje relevant.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen særskild brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema ras/skred/områdestabilitet. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. IM03, Kombinert bustad, næring og tenesteyting, skuleområdet	
Gnr./bnr.:	328/41,83
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Tenesteyting
Foreslått arealføremål:	Kombinert område bustad, næring og tenesteyting
Arealstorleik:	9 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Vindafjord kommune
Skildring av innspelet:	Ein ynskjer å kombinere tenesteyting med bustad og næring. Skulen er lagt ned. Ein vil opne for kombinert formål, gjerne med alternative butilbod som t.d. leilegheiter og for areal til lokale verksemder.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje landbruksareal innanfor området. Arealet er bygd på og opparbeidd for tidlegare bruk til skule.</p> <p>Vurdering Ingen påverknad på kringliggjande landbruksareal. Nøytral verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilte verdiar knytt til naturmangfald i området. Arealet ligg tett på Ølmedalsvatnet.</p> <p>Vurdering Tiltak skal ikkje påverknad på vassmiljø, men det må settast krav til type næringsverksemd som kan tillatast i reguleringsplan. Nøytral verknad.</p>
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området og nærleiken. arealet er opparbeidd. Innspelsområdet ligg til fylkesvegen og utan store høgdeskilnader som krev store landskapsinngrep.</p> <p>Vurdering</p>

		Området er relativt flatt, og alle tiltak innanfor området blir noko synlege frå vegen. Nøytral verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspeksområdet ligg innanfor friluftsområdet <i>Ølmedalsvatnet</i>, som er klassifisert som viktig. Området har middels brukarfrekvens og er ganske godt tilrettelagt.</p> <p>Vurdering</p> <p>Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø der ein har sentrumsfunksjonar innanfor gangavstand. Det er inngått avtale om at skulen sitt leikeområde skal flyttast til bygdahuset, slik at ei eventuell utbygging ikkje vil forringe leike- og rekreasjonstilbodet for barn og unge. Nøytral verknad.</p>	


S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Sentralt plassert, nær tilkomstveg. Området er allereie sett av til byggeformål. Innspelet vil ikkje medføre nye arealbeslag.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Ligg ved utbygde område med moglegheit for tilknytning til infrastruktur. Låg samfunnskostnad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategiane «å sikre varierte butilbod i alle bygder» og «busettingsomsyn er særskilt gjeldande i Imsland, Bjoa og Vikebygd». Innspelet innfrir òg arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,... og bygga innanfrå og ut». Ein av arealstrategiane er at det skal settast av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrka bygdesentra.</p>	

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	M	Risiko for flaum	Området ligg i aktsemdssone for flaum.	Ved planlegging og prosjektering må tryggleik mot flaum dokumenterast.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan føre til mindre endringar i overvassitasjonen (deler av området er bygd i dag). Overvatn kan leiast til Ømedalsvatnet.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, gode varslingsrutinar	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er skog i området. Det blir lagt til grunn at det er tilgang til sløkkjevattn i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg ÅDT og god sikt på strekninga	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Fv. 4758 - Ølmedalsvegen har fartsgrense 60 km/t på aktuell strekning. Det er etablert tilkomst til området. Oversiktlege sikttilhøve.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Støy frå fylkesveg. Ingen anna kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	

Brann- /eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Kombinertføremål med bustad, næring og tenesteyting blir ikkje vurdert å gje auka risiko og sårbarheit for brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko. Ein ser ikkje for seg at tenesteyting og/eller næringsverksemd som lar seg kombinera med bustad kan utgjere større risiko på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er vurdert som akseptabel, men tiltak må likevel vurderast i reguleringsplan. Innspelet kan tilrå dast med krav om at regulering blir gjennomført.							

Innspel nr SA01, Bustad, Ilsvåg	
Gnr./bnr.:	30/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	7,3 daa
Forslagsstillar:	Astrid Kristin Viland
Grunneigar:	Astrid Kristin Viland
Skildring av innspelet:	Erstatning for ikkje-utbygd område avsett til bustad på fulldyrka mark mot nordaust.
Kartutsnitt/foto:	
	
Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>a) <u>Landbruk</u></p> <p>Innanfor innspelsområdet er det om lag 7,5 daa innmarksbeite.</p> <p>Vurdering</p> <p>Omdisponering av landbruksareal av låg til middels verdi utanfor kjerneområde for landbruk. Svak negativ verknad.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje gjort registreringar av naturtypar i området. Det er ikkje gjort registreringar av artar i området, men det er registrert fleire observasjonar av framandarten platanlønn langs Saudavegen like ved innspelet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Ingen betydning for naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre. Nøytral verknad.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde landskapsverdiar i området. Hellande/bratt terreng mot søraust.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet legg opp til bustader orientert mot sjø. Sørvendt, gode soltilhøve. Mogleg å tilpasse tiltaket noko til omgjevnadane, men det er naudsynt med noko terrenginngrep. Svak negativ verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema.	

	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Nedre del av innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø, ovanfor fylkesveg 46. Strandsone mellom IIsneset og IIsvåg er spreidd utbygd. Vurdering Innspelet er vurdert å ikkje ha verknad for strandsone - nøytral påverknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er registrert og kartlagt eit friluftsområde på nedsida av Saudavegen, like søraust for innspelet. Leike- og rekreasjonsområdet <i>Klubben</i> er klassifisert som eit viktig friluftslivsområde. Vurdering Det blir vurdert som positivt for barn og unge, samt friluftsliv, at det er eit leike- og rekreasjonsområde på sørsida av Saudavegen. Det er derimot ein utfordring at det ikkje er noko trygg kryssing av vegen. Nøytral verknad.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Utviding/fortetting av eit eksisterande bustadområde er i utgangspunktet positivt, men området har ikkje opparbeid gang- og sykkelveg. Utbygginga blir i stor grad bilbasert. Svakt negativ verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ein legg til grunn at eksisterande infrastruktur kan nyttast. Tilkomstløysning må vurderast nærmare. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering I strid med gjeldande KPA da området er sett av til LNF. Jamfør arealstrategien skal ein «verna om dyrka mark og dyrkbar jord». Innspelet støttar opp om buattraktivitet som er ein av arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS. Nedbygging av beiteareal gir middels negativ konsekvens.	

Samla vurdering	Innspelet har svak negativ verknad på temaa landbruk, landskap, areal og transportplanlegging og forholdet til målsettingar i KP. Innspelet er meint som eit erstatningsareal for fulldyrka areal mot nordaust som i dag er avsett til bustad. Det er positivt at meir verdifull jord blir tilbakeført til LNF, og at ein ynskjer å heller nytte beiteareal til bustadføreml. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Eksisterande skredfarekartlegging	H	L	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Det er gjort skredfarekartlegging som utelukkar andre typar skred i området. Innspelet vil medføre terrengingrep som kan	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona eller så må fare utgreiast som

							påverke områdestabilitet.	ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Eventuelt eksisterande grøfter og stikkrenner langs Fv.46	H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Innspelet vil medføre endringar overvassituasjonen, og ein må unngå skade på omkringliggjande infrastruktur (Fv. 46) og bygningar.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er lite skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense (60 km/t)	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Mogleg eksisterande tilkomst går gjennom eit tun. Eventuelt ny tilkomst direkte frå fv.46 vil vera bratt.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		H	L	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Deler av innspelsområdet ligg i gul støvsone frå Fv. 46.	Tiltak for handtering av støy må avklarast i samband med prosjektering og søknad om tiltak.
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for temaa områdestabilitet (kvikkleire) og ekstremvær/klimaendringar, men innspelet kan tilråddast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. SA03, Bustad, Østbøfeltet - Sandeid	
Gnr./bnr.:	13/4
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	Ca. 26 daa
Forslagsstillar:	Brynjulf Helgevold
Grunneigar:	Brynjulf Helgevold
Skildring av innspelet:	Utviding av eksisterande bustadfelt. Det er etablert gang- og sykkelveg til sentrum

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA



	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet er samansett av 23 daa innmarksbeite og 2,7 daa barskog av sær s høg bonitet.</p> <p>Vurdering Nedbygging av beiteareal og skog med avgrensa verdi. Arealet ligg inneklemt mellom bustadar og hovudveg og er bratt. Middels negativ konsekvens.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag I samband med planlegging av Fv. 46 Sandeid-Vikedal har det vore utført NiN-kartlegging langs vegen. Delar av kartleggingsområdet går inn i innspelsområdet. Framandarten platanlønn er registrert like ved innspelsområdet. Det er òg registreringar av ulike soppartar i området, ingen av dei er raudlisteartar. Innspelsområdet grensar mot Grautåbekken i sør. Arealet vart NIN-kartlagt av Bioforsk i 2025: Bekken i sør (Grautåna) er skarpt nedskoren med tidvis svært stor vassføring og har lite interessante lav og mosar på berget. Området nord for Grautåna, er ein liten rest av ein opphaveleg blåbærfuruskog med høgrest furu med undersjikt av hassel og rogn.</p>

		Vurdering Nedbygging av ubygd areal med noko verdi for karbonlagring gir middels negativ konsekvens for tema. Det vert føresett at Grautåbekken vert ivareteke.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte landskapsverdiar. Vurdering Terrenget er svært bratt, til liks med eksisterande bustadområde som ligg rundt. Landskapsinngrepet blir vurdert som avgrensa, sett i samheng med tilgrensande utbygde område. Det gir middels negativ konsekvens for tema.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag Grautåbekken inngår i eit statleg listeført enkeltminne. NVE har som følgje av hendingar med svært store nedbørsmengder i starten av 2000-talet etablert avskjerande kanalar på oppsida av eksisterande bustadfelt for å samle og leie flaumvatn til Grautåbekken (sør i innspelsområdet) og vidare ut i sjø. Tiltaket er metodisk sett spesielt og representerer eit kulturminne av typen vassdragsteknikk. Vurdering Ingen verknad på kulturminne.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Nedre halvdel ligg i 100-metersbeltet langs sjø. Vurdering Ei fortetting bak eksisterande busetnad langs sjø gir nøytral verknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Ikkje kjente verdiar for tema i området. Vurdering Ei utbygging av bustadar tett på eksisterande bustadfelt der det er eit nærmiljø, er vurdert som positivt for tema.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Utviding av eit sentralt bustadområde med etablert gang- og sykkelveg er vurdert å gi positiv verknad for tema.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ein legg til grunn at eksisterande infrastruktur kan nyttast, og at det er snakk om mindre samfunnskostnader i og med at det er offentlege anlegg i området frå før.	
	Målsettingar i KP	Vurdering I strid med gjeldande KPA da området er sett av til LNF. Jamfør arealstrategien skal ein «verna om dyrka mark og dyrkbar jord». Innspelet støttar opp om buattraktivitet, fortetting og effektiv arealutnytting som er arealstrategiar for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS. Middels målkonflikt. Svak negativ verknad.	

Samla vurdering	Nedbygging av beite og behov for store terrenginngrep er dei mest negative verknadane ved innspelet. Utbyggingspotensialet er noko avgrensa grunna det bratte terrenget. Det vil bli stilt plankrav for området. Innspelet er tilrådd med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. Verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Registrerte faresoner	H	M	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Den sørlege delen av området ligg i faresone for sørpeskred, med årleg nominell sannsyn større enn 1/1000, medan den søraustlege ligg delvis innanfor sone med sannsyn lågare enn 1/100.	Innspelsområdet må entens avgrensast i arbeid med reguleringsplan, eller så må det innarbeidast sikringstiltak i området som har større sannsyn enn 1/1000.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	M	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Den sørlege delen av arealet ligg i aktsemdområde for flaum langs Grautåbekken. / Innspelet vil kunna medføre terrengingrep og bygging tett på bekken.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for flaum. I arbeidet med reguleringsplan må reell fare kartleggast, eller så må det setjast byggegrense langs bekk som gjer at ein oppnår tilstrekkeleg avstand.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moder til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	M	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på nedanforliggende bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilgang på sløkkevatn	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								

Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense, gang- og sykkelveg og gul stripe på fylkesveg	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Tiltaket vil føra til auka trafikk på lokalvegnettet, og det må etablerast ny tilkomst anten frå eksisterande bustadfeltveggar eller direkte frå Saudavegen.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-		Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		H	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Deler av området ligg i gul støysone langs fylkesveg.	Støy må utgreiast og avbøtande tiltak innarbeidast, i samband med utarbeiding av reguleringsplan.
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Samla sett er det ikkje vurdert nokon større risiko ved tilråding av innspelet.							

Innspel nr SA06, Småbåthamn, Sentrum - Sandeid

Gnr./bnr.:	13/24, 43, 224
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Småbåthamn, ferdsle RP: Privat småbåthamn
Foreslått arealføremål:	Småbåthamn
Arealstorleik:	7,1 daa
Forslagsstillar:	Fokus Sandeid
Grunneigar:	
Skildring av innspelet:	Innspelet legg opp til eit større fellesanlegg med tilrettelagt landanlegg

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan og reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>a) Fiske</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor eit fiskeplassområde for passive reiskap. Det same området er òg registrert som eit gyteområde for torsk, lyr og hyse. Heile fjorden er definert som eit</p>

		lokalt viktig gytefelt for torsk. Inste del av Sandeidfjorden (osene tilknytt Østbøelva og Vestbøelva) er ei fredingssone for anadrom fisk. Bileia Sandeidsfjorden ligg like ved innsjelsområdet. Vurdering Mindre arealbeslag i registrerte område for fiske. Svak negativ verknad.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje gjort registreringar av naturtypar i området. Det er registrert av fleire raudlista fugleartar i området, samt ansvarsarten svartbak. Østbøelva er laks- og sjøaureelv, og her er det registrert fleire insektsartar tilknytt elvemiljøet. Gyteområde i sjø. Sandeidfjorden er klassifisert med god økologisk tilstand, men udefinert kjemisk tilstand. Østbøelva nedstraums Rødne kraftverk er ein kalka anadrom strekning med god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand. Vurdering Ingen betydning for karbonlagre og lokalt fugleliv. Utviding av småbåthamn medfører minimal, indirekte påverknad på vassmiljø i Sandeidfjorden. Med omsyn til anadrom laksefisk kan det vera uheldig med ytterlegare arealbeslag i utløpsområdet knytt til Østbøelva. Svak negativ verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde landskapsverdiar i området. Vurdering Utviding av småbåtanlegg er vurdert å få nøytral verknad for landskap.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Tiltaket ligg i sjø/strandsone. Strandsoneverdiene i området er generelt sett knytt til naturmiljø og friluftsliv/sjøliv/ferdsle. Vurdering Utviding med same arealbruk. Svak negativ verknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ingen registrerte friluftslivsverdiar i området anna enn det som er knytt til strandsone og sjø. Vurdering Ei tilrettelegging for felles småbåtanlegg i sentrum er vurdert å gi positiv verknad for tema.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	Vurdering Innspelet ligg godt til med omsyn til busetnad. Området er tenkt som ei utviding av areal allereie regulert til småbåthamn, og ein ser difor på temaet som uaktuelt.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Tilrettelagt.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Ein del av området er regulert til småbåthamn. Realisering av småbåthamn kan støtte opp om buattraktivitet. Nøytral verknad	

Samla vurdering	Innspelet får svak negativ verknad med omsyn til fiske/fiskeri og naturmangfald. Verknadane for naturmangfald ved utviding av areal til småbåthamn like ved utløpet/osen til Østbøelva må vurderast. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områ destabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Ras/skred er ikkje vurdert i gjeldande RP.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for skred. For tiltak i klasse KO må det vurderast om det er naudsynt med faresonekart-legging.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet ligg delvis i sjø, og vil falle inn under område for 20- års stormflo. Konstruksjonar i sjø skal vera tilpassa endringar i havnivå.	Landanlegg må tilpassast aktuelt stormflonivå.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad. Ikkje relevant for innspelet.	
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Sterk vind er relevant for planlagde tiltak.	
Skog-,lyng-, og grasbrann		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Tiltak i sjø.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Kan medføre auke i sjøbasert ferdsle. Innspelet kan medføre auke i trafikk i kryss til Fv. 46.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Mogleg utfylling i sjø. Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine. Vegstøy frå Fv. 46 er ikkje relevant.	

Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Tiltak i sjø. Ingen særskild brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema ras/skred/områdestabilitet. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. SA07, Turveg, Olalia - Sandeid	
Gnr./bnr.:	0/0, 17/3
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Samferdselslinje turvegtrasé
Arealstorleik:	Ca. 0,8 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Haugesund turistforening (17/3)
Skildring av innspelet:	Tursti Olalia. Kommunegrensa mot Etne, grusa tursti med 1,5 m breidde, ca. 550 m lang
Kartutsnitt/foto:	
<p>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Området er samansett av jorddekt open fastmark, myr og lauvskog med låg bonitet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Ein er ikkje kjent med at det aktuelle området blir nytta som utmarksbeite. Innspelsområdet blir vurdert å ha ingen til liten verdi for landbruk, sjølv om området til dels lett kunne fungert som eit kombinert utmarksbeiteområde. Nøytral konsekvens.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Turvegen blir liggande mellom to delar av eit myrområde. Det er registrert den raudlista naturtypen boreal hei like ved, og delvis i traséen. Naturmangfaldet knytt til begge heiområda er rekna som stort. Det er ikkje registrert sårbare artar tilknytt innspelsområdet. Det går to bekkar som høyrer til bekkefeltet til Lysevatne-Rødneselva gjennom innspelsområdet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Turvegtraséen er plassert med utgangspunkt i eksisterande turveg til Olalihytta, og vidare utanfor avgrensingane for myrområda. Ein av bekkane som går gjennom traséen kan ha bidrag til myrområda rundt. Inngrepa og auka ferdsle i området er vurdert å medføre middels negativ verknad for tema.</p>	

	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelet ligg innanfor det regionalt viktige landskapet <i>Olaliområdet</i>. Landskapstypen i området er høghei. Området er òg del av <i>Vakre landskap i Rogaland</i>. Det er elles ikkje registrert andre særskilde landskapsverdiar i området.</p> <p>Vurdering</p> <p>Turvegtraséen blir vurdert å delvis harmonisere med dei naturgjevne linjene og formane i terrenget. Traséen beveger seg opp i terrenget, og det blir vurdert at tiltaket blir noko synleg. Liten negativ fjernverknad. Middels negativ verknad for tema.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminneverdiar – Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona – Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelet ligg innanfor friluftsområdet <i>Bjørndalen-Fevassnut</i>, som er eit regionalt viktig område (FINK-område). Området inngår òg i det svært viktige friluftsområdet <i>Olalia-Opheim-Fjellstøl</i>. Utfartsområde for heile Haugalandet, og innfallspurt til Etnefjella. Området har høg brukarfrekvens, og både regionale og nasjonale brukarar. Stor symbolverdi, og høg grad av tilrettelegging.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet vil føre til at tilrettelegging innanfor friluftsområdet blir auka. Positiv verknad.</p>	

S A M F U N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Olalia er eit populært og mykje brukt utfartsområde for heile regionen. Innspelet blir vurdert å ikkje har vesentleg verknad på transportbehov. Nøytral verknad.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Etablering av turvegen vil medføre kostnader knytt til terrengopparbeiding, grus, og løysing for handtering av overvatn. Ein legg til grunn at dette ikkje utgjør særlege samfunnskostnader. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet blir vurdert å vera i tråd med arealstrategi om at viktige friluftsområde skal takast vare på, og er òg i samsvar med hovudmål om å fremje folkehelse. Positiv verknad.</p>	

Samla vurdering	Innspelet blir vurdert å ha middels negativ verknad for naturmangfald/vassmiljø og landskap, men positivt for friluftsliv og folkehelse. Føreslått tiltak har som siktemål å styrke området som friluftsområde gjennom m.a. auka tilrettelegging for vidare ferdsle inn mot Etnefjella, noko som samsvarar med graden av tilrettelegging området allereie har. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områ destabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde.	
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg samt usikker aktsemdsgrad. Blir vurdert som ikkje aktuelt for innspelet.	
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Våtmark og bekkar i området blir vurdert å bidra til at konsekvensar frå ekstremvêr blir lågt.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området er noko skogkledd med høgast tettleik i søraust.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det kan ventast noko bruk av sykkel på turvegen, men ikkje nok til at det tema blir vurdert som aktuelt.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	

Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Tiltaket blir vurdert å ikkje føre med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Innspelet har akseptabel risiko. Ein ser at tiltak bør prosjekterast med omsyn til overvatn. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. SA09, Kombinert formål bustad og tenesteyting, Teknisk bygg	
Gnr./bnr.:	328/41,83
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Tenesteyting
Foreslått arealføremål:	Kombinert område bustad og tenesteyting
Arealstorleik:	4,6 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Vindafjord kommune
Skildring av innspelet:	Ein ynskjer å kombinere tenesteyting med bustad. Areal ligg tett på sentrum, skule og barnehage og såleis godt til rette for fortetting.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje landbruksareal innanfor området. Arealet er i dag i bruk som kontor og parkeringsareal for kommunen.</p> <p>Vurdering Ingen påverknad på kringliggjande landbruksareal. Nøytral verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilte verdiar knytt til naturmangfald i området. Arealet ligg tett på fylkesvegen og Sandeid sentrum.</p> <p>Vurdering Nøytral verknad.</p>
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området og nærleiken. arealet er opparbeidd. Innspelsområdet ligg til fylkesvegen på ei flate som ikkje krev store landskapsinngrep.</p> <p>Vurdering</p>

		Området er flatt, og alle tiltak innanfor området blir noko synlege frå vegen. Nøytral verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet er ikkje i direkte berøring med friluftsområde, men grensar til ein park og til skuleområde med tilhøyrande leike- og opphaldsareal. Vurdering Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø der ein har sentrumsfunksjonar innanfor gangavstand. Nøytral verknad.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Sentralt plassert, nær tilkomstveg. Området er allereie sett av til byggeformål. Innspelet vil ikkje medføre nye arealbeslag.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ligg ved utbygde område med moglegheit for tilknytning til infrastruktur. Låg samfunnskostnad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategiane «å sikre varierte butilbod i alle bygder». Innspelet innfrir òg arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,... og bygga innanfrå og ut». Ein av arealstrategiane er at det skal settast av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrka bygdesentra.	

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskape farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		M	L	M	M	Uakseptabel risiko – avbøtande tiltak nødvendig	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrenginngrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Nye tiltak vil krevje reguleringsplan der grunnforhold må vurderast.

Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		M	L	L	M	Ikkje aktuelt		
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan føre til mindre endringar i overvassitasjonen (deler av området er bygd i dag).	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, gode varslings- rutinar	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det blir lagt til grunn at det er tilgang til sløkkjevatt i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg ÅDT og god sikt på strekninga	L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Fv. 46 - Saudasvegen har fartsgrense 50 km/t på aktuell strekning. Det er etablert tilkomst til området. Oversiktlege sikttilhøve.	Miljøgate på strekninga er regulert.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Støy frå fylkesveg. Ingen anna kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Kombinertføremål med bustad og tenesteyting blir ikkje vurdert å gje auka risiko og sårbarheit for brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein ser ikkje for seg at tenesteyting i kombinasjon med bustad kan utgjere større risiko på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er vurdert som akseptabel, men tiltak må likevel vurderast i reguleringsplan. Innspelet kan tilrådest med krav om at regulering blir gjennomført.							

Innspel nr. SA10, Kombinert formål bustad og tenesteyting, psykiatrisk dagsenter	
Gnr./bnr.:	328/41,83
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Tenesteyting
Foreslått arealføremål:	Kombinert område bustad og tenesteyting
Arealstorleik:	4,6 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Vindafjord kommune
Skildring av innspelet:	Ein ynskjer å kombinere tenesteyting med bustad. Areal ligg tett på sentrum, skule og barnehage og såleis godt til rette for foretting.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



		Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje landbruksareal innanfor området. Arealet er i dag i bruk som psykiatrisk dagsenter i kommunen. Vurdering Ingen påverknad på kringliggjande landbruksareal. Nøytral verknad.		
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilte verdiar knytt til naturmangfald i området. Arealet ligg tett på fylkesvegen og med gangavstand til sentrum. Vurdering Nøytral verknad.		
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området og nærleiken. Arealet er opparbeidd. Vurdering Nøytral verknad.		
	Kulturminne og kulturmiljø	Uaktuelt tema.		
	Strandsone	Uaktuelt tema.		

Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet er ikkje i direkte berøring med friluftsområde. Vurdering Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø der ein har sentrumsfunksjonar innanfor gangavstand. Nøytral verknad.
---	--

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Sentralt plassert, nær tilkomstveg. Området er allereie sett av til byggeformål. Innspelet vil ikkje medføre nye arealbeslag.
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ligg ved utbygde område med moglegheit for tilknytning til infrastruktur. Låg samfunnskostnad.
	Målsettingar i KP	Vurdering Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategiane «å sikre varierte butilbod i alle bygder». Innspelet innfrir òg arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,... og bygga innanfrå og ut». Ein av arealstrategiane er at det skal settast av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrka bygdesentra.

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse




Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei utvurderinga	Plangrep/ om evt. usikkerheit knytt til avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		M	L	M	M	Uakseptabel risiko – avbøtande tiltak nødvendig	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrenginggrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Nye tiltak vil krevje reguleringsplan der grunnforhold må vurderast.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	M	Ikkje aktuelt		
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad.	

Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan føre til mindre endringar i overvassitasjonen (deler av området er bygd i dag).	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, gode varslingsrutinar	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det blir lagt til grunn at det er tilgang til sløkkjevattn i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Fv. 514 - Sandeidvegen har fartsgrense 50 km/t på aktuell strekning. Det er etablert tilkomst til området, men ikkje god avkøyning og siktforhold.	Løysast i reguleringsplan.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Støy frå fylkesveg. Ingen anna kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Kombinertføremål med bustad og tenesteyting blir ikkje vurdert å gje auka risiko og sårbarheit for brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein ser ikkje for seg at tenesteyting i kombinasjon med bustad kan utgjere større risiko på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er vurdert som akseptabel, men tiltak må likevel vurderast i reguleringsplan. Innspelet kan tilrådest med krav om at regulering blir gjennomført.							

Innspelet nr. SK01, Bustad, Isvik – Skjold	
Gnr./bnr.:	166/83 og 236
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Frrområde
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	18,8 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Egil Otto Haakull
Skildring av innspelet:	Innspelet gjeld omgjerung av frrområde i Isvik hageby til bustad (innspelet er endra, redusert og slått saman med tidlegare SK02). Kraftlinjetraseen gjennom området er sanert. Arealet ligg mellom reguleringsplanane for Isvik hageby 1 og 2.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA og reguleringsplan.



MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Den austlege delen av området inneheld lauvskog med høg bonitet, medan resten av arealet er open fastmark.</p> <p>Vurdering</p> <p>Området ligg i eit etablert bustadområde, og har liten verdi som skogressurs. Konsekvensen for temaet er nøytral.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje gjort registreringar av særskild verdifulle naturtypar eller artar i området. I aust ligg ein delvis open bekk, som er ein del av overvassystemet for eksisterande bustadfelt, dyrka mark og myr i nord og aust er ikkje med i forslaget.</p> <p>Vurdering</p> <p>Eksisterande skog kan ha ein viss verdi som karbonlager, og vassmiljøet rundt bekken må ivaretakast. Dette vil truleg redusere byggeareal i området noko. Innspelet får svak negativ konsekvens for temaet.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ingen registrerte verdiar i området. Terrenget er småkupert, med ein haug i vest.</p> <p>Vurdering</p> <p>Arealet ligg inne i eit utbygd bustadområde, og ei fortetting vil kunna tilpassast godt til omgjevnadane. Utbygging vil krevja ein del terrengetilpassing i vest, og nye bustadar her vil vera noko meir synleg i landskapet enn resten. Svak negativ konsekvens.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne - Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er registrert barnetråkk langs vegane i området, til og frå bustadane. Det er ikkje registreringar som tyder på at innspelsområdet har særleg verdi for tema. Mogleg nærterreng for eksisterande bustadar i området.</p> <p>Vurdering</p> <p>Leke- og rekreasjonsområde for nærmiljøet kan gå tapt ved utbygging. Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø med gangavstand til butikk, leike- og idrettsområde, skule og barnehage. Det er gang- og sykkelveg/fortau langs fleire av vegane i området, og fartsgrensa og trafikkmengda er låg. Innspelet får difor positiv konsekvens.</p>		

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Sentral plassering, nær tilkomstveg og til eksisterande bustader. Fortetting i allereie godt etablert bustadområde. God tilgjenge for gåande og syklende er positivt med tanke på å minimera bilkøyring til sentrum. Positiv konsekvens.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Kort avstand til eksisterande leidnings- og vegnett i området tilseier at tiltaket ikkje har særlege samfunnsøkonomiske konsekvensar. Nøytral konsekvens.</p>	
Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategien «å sikre varierte butilbod i alle bygder». Innspelet innfrir og arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,.... Og bygga innanfrå og ut.» Tiltaket byggjer og opp om målsettinga om berekraftig kommune, blant anna knytt til</p>		

	å redusera transportbehov. I bustadanalysen for Vindafjord og stadanalysen for Skjold er det konkludert med at det ikkje er eit særskild behov for nye bustadfelt i bygda, men at det heller skal satsast på fortetting og styrking av tettstad og sentrum. Avstanden til sentrum er innanfor gangavstand, og innspelet er dermed i tråd med tilrådingane i bustadanalysen. Positiv verknad.
--	--

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar, utan at det går særskild utover andre verdiar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare i planen.
-----------------	--




ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Uakseptabel risiko for deler av området	Ein liten del av området ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleireskred.	Nye tiltak vil krevje reguleringsplan der grunnforhold må vurderast.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området har omkringliggende busetnad. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke. Ein legg til grunn at det er tilgang på sløkkevatn i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								

Ulukker med transportmiddel	Bustadveg, låg fartsgrense	M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet medfører små endringar i høve dagens trafikksituasjon – eksisterande vegstandard er god med gs-veg fram til området.	
Høgspent		-	-	-	-	Kraftlinjer er sanert		
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema høgspent. Innspelet kan ikkje realiserast før høgspenkablar i luftstrek er sanert. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. SK02, Bustad, Isvik – Skjold	
Gnr./bnr.:	168/2,34,51,57,65,71,90 og 92
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Offentleg/privat tenesteyting og friområde
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	Ca 18 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Magnar Frøyland, Jan Gunnar Frøyland, Gunnvor og Torstein Langeland, Else Gunn og Øyvind J. Haraldseid, Valborg Dagsland, Kristian Langeland, Svein Terje Vestbø, Skjold sokn og Vindafjord kommune
Skildring av innspelet:	Omgjering frå offentleg/privat tenesteyting i gjeldande KPA til bustad. Arealet var tiltenkt mogleg ny barnehage i gjeldande KPA, men denne er ikkje lenger aktuell. Nytt innspel om bustadformål mellom eksisterande bustadareal (Isvik hageby) og eit bustadområde som enda ikkje er utbygd i kraftlinjetraseen som nå er sanert.

Kartutsnitt/foto: Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA og reguleringsplan



MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>a) <u>Landbruk</u></p> <p>Arealet ligg i traseen for dei to kraftlinjene som Haugaland kraft har sanert. Det er i all hovudsak krattskog og lauvtre i traseen.</p> <p>Vurdering</p>

		Området ligg mellom etablerte bustadområde, og har liten verdi som skogressurs. Konsekvensen for temaet er nøytral.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er gjort e registrering av robbesåtemose i området. Vurdering Eksisterande skog kan ha ein viss verdi som karbonlager.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Ingen registrerte verdier i området. Terrenget er skrånande mot sør. Ein kolle/rygg i framkant av Kleivavegen 43 er bratt og inngrep bør vurderast i denne. Vurdering Arealet ligg mellom og inntil eksisterande utbygd bustadområde, og ei fortetting vil kunna tilpassast godt til omgjevnadane. Nye bustadar her vil kunna tilpassast omgjevnadane på ein god måte. Nøytral konsekvens.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er registrert barnetråkk langs vegane i området, til og frå bustadane. Eitt av desse er ein snarveg gjennom området. Avstand til sosial infrastruktur er kort. Vurdering Det er naturleg å vurdere denne typen grøntområde som eit leke- og rekreasjonsområde for nærmiljøet, og dette kan gå tapt ved utbygging. Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø med gangavstand til butikk, leike- og idrettsområde, skule og barnehage. Det er gang- og sykkelveg/fortau langs fleire av vegane i området, og fartsgrensa og trafikkmengda er generelt låg. Innspelet får difor positiv konsekvens.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	Kunnskapsgrunnlag Sentral plassering, nær tilkomstveg og til eksisterande bustader. Fortetting i allereie godt etablert bustadområde. Gode system for gåande og syklende er positivt med tanke på å minimera bilkøyring til sentrum. Positiv konsekvens.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Kunnskapsgrunnlag Kort avstand til eksisterande leidnings- og vegnett i området tilseier at tiltaket ikkje har særlege samfunnsøkonomiske konsekvensar. Nøytral konsekvens.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategien «å sikre varierte butilbod i alle bygder». Innspelet innfrir og arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,.... Og bygga innanfrå og ut.» Tiltaket byggjer og opp om målsettinga om berekraftig kommune, blant anna knytt til å redusera transportbehov. I bustadanalysen for Vindafjord og stadanalysen for Skjold er det konkludert med at det ikkje er eit særskild behov for nye bustadfelt i bygda, men at det heller skal satsast på fortetting og styrking av tettstad og sentrum. Avstanden til sentrum er innanfor gangavstand, og innspelet er dermed i tråd med tilrådingane i bustadanalysen. Positiv verknad.	

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar, utan at det går særskild utover andre verdjar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare i planen.
-----------------	--


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensred userande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapt farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/ fareområde.	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på nedanforliggende bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området har omkringliggende busetnad. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke. Ein legg til grunn at det er tilgang på sløkkevatn i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapt farar								
Ulukker med transportmiddel	Bustadveg, låg fartsgrense	M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet medfører små endringar i høve dagens trafikksituasjon – eksisterande vegstandard er god med gs-veg fram til området.	
Høgspent		-	-	-	-	Kraftlinjer er sanert		

Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema høgspent. Innspelet kan ikkje realiserast før høgspenkablar i luftstrekk er sanert. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. SK03, Bustad, Trovåg – Skjold	
Gnr./bnr.:	164/4
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	7,2 daa
Forslagsstillar:	Knut Åge Knutsen
Grunneigar:	Knut Åge Knutsen
Skildring av innspelet:	Utviding av eksisterande bustadområde på eit areal som i gjeldande KPA er sett av til LNF.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Ikkje aktuelt.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrerte naturverdiar i området. Vurdering Nedbygging av naturområde vil føra med seg skade på det lokale naturmangfaldet, og konsekvensen vert dermed svak negativ.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle verdiar knytt til landskap i området. Vurdering Området ligg i eit ope landskap, i tilknytning til eksisterande bustadfelt i nord. Nye bustadar vil bli synlege frå vest, tilsvarande som eksisterande bustadfelt og kan soleis tilpassast omgjevnadane. Nøytral konsekvens.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema.	
	Strandsone	Ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registreringar som tilseier at det innspelte arealet har verdi for barn og unge, nærmiljø eller friluftsliv. Vurdering	

	Tiltaket blir ei utviding av eksisterande bustadfelt, og ein naturleg del av det eksisterande bumiljøet. Avstand til skule, barnehage, butikkar mm. er stor, men det er gang- og sykkelveg langs fylkesvegen fram til Isvik. Nøytral verknad for temaet.	
--	--	--

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Utviding av eksisterande bustadfelt, med gang- og sykkelveg fram til Isvik. Den lange avstanden gjer at utbygginga i stor grad er bilbasert. Middels negativ verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Eksisterande infrastruktur kan truleg nyttast utan større samfunnsøkonomiske konsekvensar. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategien «å sikre varierte butilbod i alle bygder». Innspelet innfrir og delvis arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,.... Og bygga innanfrå og ut.» Positiv verknad.	

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar, utan at det går vesentleg utover andre verdiar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare i planen.
-----------------	---



ROS-analyse

Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngivurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Innspelet vil medføre terrenngrep som kan påverka områdestabilitet	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred, og knytast plankrav til omsynssona eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	

Radon		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Høg aktsemdgrad.	Det må utarbeidast omsynssone (H330) som viser utstrekninga av potensielle område med radonkonsentrasjon over grenseverdi i TEK17.
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på nedanforliggende bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området har omkringliggende busetnad. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke. Ein legg til grunn at det er tilgang på sløkkevatn i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Bustadveg, låg fartsgrense	M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet medfører små endringar i høve dagens trafikksituasjon – eksisterande vegstandard er god med gs-veg fram til Isvik.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt for innspelet.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for bustadbygging.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire). For tema radon og ekstremvær/klimaendringar bør avbøtande tiltak vurderast. Innspelet kan tilråddast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspelel nr. SK04, Bustad, Skjoldali – Skjold	
Gnr./bnr.:	166/83
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Frionråde (kraftlinjetrase)
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	Ca 23 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	
Skildring av innspelet:	Omgjering frå frionråde (tidlegare kraftlinjetrase) i gjeldande KPA til bustad. Sanering av kraftlinje gjer det mogleg med fortetting mellom eit eldre eksisterande bustadareal langs Skjoldavikvegen og Skjoldalifeltet som er utbygd.

Kartutsnitt/foto: Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA og reguleringsplan



MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>a) Landbruk</p> <p>Arealet ligg i traseen for dei to kraftlinjene som Haugaland kraft har sanert. Det er i all hovudsak krattskog og lauvtre i traseen.</p> <p>Vurdering</p> <p>Området ligg mellom etablerte bustadområde, og har liten verdi som skogressurs. Konsekvensen for temaet er nøytral.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje gjort registreringar av særskild verdifulle naturtypar eller artar i området. Om lag 8 daa er registrert som anna markslag/myr. Arealet er synfart og opplevd som fastmark, men ikkje undersøkt nærare. Kraftlinjefundament kan ha punktert myra.</p> <p>Vurdering</p> <p>Myr har verdi som karbonlager.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ingen registrerte verdiar i området. Terrenget lett skrånande med totale høgdeskilnad på 7 meter.</p> <p>Vurdering</p> <p>Arealet ligg mellom og inntil eksisterande utbygd bustadområde, og ei fortetting vil kunna tilpassast godt til omgjevnadane. Nye bustadar her vil kunna tilpassast omgjevnadane på ein god måte. Nøytral konsekvens.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er registrert barnetråkk langs vegane i området, til og frå bustadane. Avstand til sosial infrastruktur er kort.</p> <p>Vurdering</p> <p>Det er naturleg å vurdere denne typen grøntområde som eit leke- og rekreasjonsområde for nærmiljøet, og dette kan gå tapt ved utbygging.</p> <p>Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø med gangavstand til butikk, leike- og idrettsområde, skule og barnehage. Det er gang- og sykkelveg/fortau langs fleire av vegane i området, og fartsgrensa og trafikkmengda er generelt låg. Innspelet får difor positiv konsekvens.</p>		

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Sentral plassering, nær tilkomstveg og til eksisterande bustader. Fortetting i allereie godt etablert bustadområde. Gode system for gåande og syklende er positivt med tanke på å minimera bilkøyring til sentrumsfunksjonar.</p> <p>Positiv konsekvens.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Kort avstand til eksisterande leidnings- og vegnett i området tilseier at tiltaket ikkje har særlege samfunnsøkonomiske konsekvensar. Nøytral konsekvens.</p>	
Målsettingar i KP	Vurdering		

	Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategien «å sikre varierte butilbod i alle bygder». Innspelet innfrir og arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,.... Og bygga innanfrå og ut.» Tiltaket byggjer og opp om målsettinga om berekraftig kommune, blant anna knytt til å redusera transportbehov. I bustadanalysen for Vindafjord og stadanalysen for Skjold er det konkludert med at det ikkje er eit særskild behov for nye bustadfelt i bygda, men at det heller skal satsast på fortetting og styrking av tettstad og sentrum. Avstanden til sentrum er innanfor gangavstand, og innspelet er dermed i tråd med tilrådingane i bustadanalysen. Positiv verknad.
--	--

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar, utan at det går særskild utover andre verdiar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare i planen.
-----------------	--

ROS-analyse



Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreduserande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapt farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på nedanforliggende bygningar og anlegg.

Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området har omkringliggende busetnad. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke. Ein legg til grunn at det er tilgang på sløkkevatn i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Bustadveg, låg fartsgrense	M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet medfører små endringar i høve dagens trafikksituasjon – det går gs-veg langs Skjoldavikvegen med kryssingspunkt til idrettsanlegg, skule barnehage m.m.	
Høgspent		-	-	-	-	Kraftlinjer er sanert		
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema høgspent. Innspelet kan ikkje realiserast før høgspentkablar i luftstrek er sanert. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. SK05, Kombinert føremål, Haraldseidvågen aust – Skjold	
Gnr./bnr.:	164/3
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Næring, bustad, LNF og naust
Foreslått arealføremål:	Kombinert byggje- og anleggspøremål: Bustad, fritidsbustad, tenesteyting, fritid- og turistføremål og næring
Arealstorleik:	16,6 daa
Forslagsstillar:	Arkipelet (tidl. Arkitektkontoret Brekke Helgeland Brekke AS) v/ Mona Fågelklo på vegne av grunneigar
Grunneigar:	Jone Tveit
Skildring av innspelet:	Bustad, fritidsbustad, tenesteyting, fritid- og turistføremål og næring

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA.



	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert noko dyrka mark innanfor innspelsområdet. Området har lauvskog med høg bonitet i LNF-områda, ca. 8 daa.</p> <p>Vurdering</p> <p>Omdisponering av LNF, men liten innverknad på landbruksareal. Ingen fiskeinteresser. Konsekvens for temaet er nøytral.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje gjort registreringar av særskild verdifulle naturtypar i området. Det er registrert fleire fugleartar knytt til Haraldseidvågen, m.a. tre raudlisteartar. Vågen høyrer til vassførekomsten Ålfjorden, som er klassifisert med god økologisk tilstand, men dårleg kjemisk tilstand. Det renn ein bekk gjennom sørleg del av området. Lauvskogen i området har særskilt høg til høg bonitet.</p>	

		<p>Vurdering</p> <p>Omfang av tiltaket er ikkje kjent utover at det er spelt inn eit stort område med ønske om ulike føremål. Samla belastning kan bli stor. Bekk i sør bør ivaretakast. Avbøtande tiltak er mogleg, og bør bli avklart gjennom ein reguleringsplanprosess. Middels negativ konsekvens.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ingen registrerte verdier i området. Området stig bratt mot aust. Det er eksisterande bustader og naust i innspelsområdet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet legg opp til potensielt stort terrenginngrep. Avbøtande tiltak er mogleg, og bør bli avklart gjennom ein reguleringsplanprosess. Svak negativ verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innanfor innspelsområdet ligg eit kulturmiljø av regional interesse. Haraldseidvågen var endestasjon for fjordbåtruta frå Bergen og her var både god kai, post og butikk. På kaien var det tidlegare òg ein brislingfabrikk under namnet Knudsen Preservering. I tillegg er det to våningshus, to naust, eit fjos/løe og eit eldhus i dette bygningsmiljøet som alle er SEFRAK. Sørleg del av vågen er registrert som eit enkeltminne utan vern, og skal ha vore nytta som «dragseid» mellom Isvik og Haraldseidvågen.</p> <p>Vurdering</p> <p>Nye tiltak i innspelsområdet kan få verknad på eksisterande bygg samt kulturmiljøet på staden. Avbøtande tiltak er mogleg, og bør bli avklart gjennom ein reguleringsplanprosess. Middels negativ konsekvens.</p>	
	Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Tiltaket ligg i 100-metersbeltet. Strandsoneverdiene i området er i stor grad knytt til kulturmiljøet på staden. Generelt friluftsliv/sjøliv knytt til vågen er underordna. Det er avgrensa med tilgjengeleg areal på nedsida av vegen.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet legg opp til større nedbygging av strandsoneareal. Vurdert å påverka strandsona negativt i noko grad. Middels negativ påverknad.</p>	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ingen registrerte verdier.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet er vurdert å ikkje ha påverknad på temaet. Nøytral verknad.</p>	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet legg opp til delvis transformasjon av utbygd areal, men legg òg opp til beslaglegging av nye utbyggingsområde i sør og aust. Transportbehov vil vere avhengig av type utbyggingsføremål. Må avklarast gjennom reguleringsplan. Middels negativ verknad.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Behov for tiltak i privat regi. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet er ønske om fleire ulike formål. Næringsverksemd knytt til turisme- og reiseliv med kulturbasert oppleving støttar opp om arealstrategiane for besøksattraktiv kommune. Bustad- og naustformål støttar opp om buattraktivitet. Innspelet sikrar med dette måloppnåing for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS, men ytterlegare foretting i strandsona kan òg bryte med arealstrategi for berekraftig kommune kor ein skal ta vare på strandsone og natur. Middels målkonflikt, og middels negativ verknad.</p>	

Samla vurdering	Det er samanheng mellom kulturmiljøet på staden, og ynskja arealbruk. Innspelet legg opp til delvis endring av arealbruk i området, og omdisponering av LNF-område i strandsona. Terrenget i innspelsområdet blir vurdert som krevjande å opparbeide utan større/tyngre terrengingrep. Ideelt sett ser ein at innspelsområdet skulle vore redusert i sør og aust. Arealbruk med kombinasjon av bustad, fritidsbustad og fritids- og turistføremål kan vere noko motstridande. Det er fleire moment som tilseier at arealbruken for området må avklarast gjennom ein reguleringsprosess. Innspelet kan tilråddast med plankrav. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreduserande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Del av området ligg innanfor aktsemdområde for snøskred (S2 u/skogeffect) og heile området ligg under marin grense (aktsemdområde for kvikkleire). Innspelet vil medføre terrengingrep som kan påverka områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for snø- og kvikkleireskred, og knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Deler av innspelsområdet ligg i område som kan vere utsett for stormflo med 200-års gjentakintervall. Akseptabel risiko så lenge tiltak blir plassert utanfor.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på nedanforliggende bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er skog i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.

Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Tiltaka vil generere meir trafikk og vegstandard i dag er låg.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein legg til grunn at området ligg utanfor sikringssone for høgspenn (kV 66 i søraust)	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Brann-/eksplosjonsfare		L	H	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Gamle trehus er vurdert å vera særleg sårbare objekt for brann. Bygningane sin funksjon knytt til bl.a. næring og turisme gir høg konsekvens for liv og helse.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved søknad om tiltak/bruksendring.
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for bustadbygging.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire). Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr SK06 , Råstoffutvinning, Liaheia – Skjold	
Gnr./bnr.:	154/1 og liten del av 154/4
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Næring (råstoffutvinning masseuttak)
Arealstorleik:	40 daa
Forslagsstillar:	Eskil Kvala på vegne av Magnar Fjeldheim
Grunneigar:	Magnar Fjeldheim
Skildring av innspelet:	Aktivt prøveuttak starta på dispensasjon, som grunneigar ønskjer å omgjera til råstoffutvinning masseuttak i KPA. Innspelet er justert etter høyring.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>a) Landbruk Den nordlege delen er nytta som masseuttak som er i drift. Ein liten del i søraust er registrert som fulldyrka jord.</p> <p>c) Mineralressursar Grunnen består av biotittgranitt.</p> <p>Vurdering Innspelsområdet slik det ligg føre omfattar det som er registrert som eit fulldyrka landbruksareal, men og viktige mineralressursar i grunnen. Avgrensinga må justerast slik at den dekker heile dagens aktive uttaksområde. Arealet ligg i eit stort samanhengande LNF-område, og vil etter avslutta uttak bli tilbakeført til LNF, sannsynlegvis som fulldyrka. Det bør vurderast om eksisterande dyrka mark skal takast ut av innspelsområdet, men samstundes er arealet lite og ikkje del av eit større, samanhengande landbruksareal. Med bakgrunn i utnytting av mineralressursane i området, blir verknaden for temaet positiv.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det innspelte arealet ligg tett på ein lokalt viktig naturtype som er registrert på Måkfjellet – Hornafjellet. Naturtypen er ei kalkfattig kysthei som på grunn av fattige vegetasjonstypar har lågt potensiale for sjeldsynte og raudlista artar. Det er ikkje gjort registreringar av artar i området.</p> <p>Vurdering Tiltaket kjem utanfor registrert naturtype på Måkfjellet – Hodnafjellet, men vil krevja inngrep i natur. Svak negativ verknad.</p>

	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde landskapsverdiar i området. Innspelsområdet ligg delvis i eit dalsøkk og delvis oppover ei bratt fjellsida i sørvest. Terrenget i dalsøkket er bearbeidd i samband med påbegynt masseuttak, men fjellet i sørvest ligg urørt.</p> <p>Vurdering</p> <p>Landskapet i det nordlege området er allereie påverka av eksisterande masseuttaksdrift, og arealet ligg skjerma med høgareliggande terreng på alle kantar. Ei eventuell utviding av anlegget mot vest vil bli mykje meir synlege og omfattande då det blir inngrep i ei bratt fjellsida. Inngrep i den sørlege halvdelen av innspelsområdet gir sterk negativ landskapsverknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema.	
	Strandsone	Ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet omfattar fjellsida opp mot Hovåsen (218 moh). Turruta «Skjold på tvers» går på baksida av Hovåsen i forhold til innspelsområdet. Det er fleire traktorveggar og stiar i området som kan brukast for å koma seg opp i fjella i nord og vest.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet fører ikkje til ytterlegare utviding mot nord i retning av turstien for turruta «Skjold på tvers», men tiltaket vil kunne redusere tilkomst til i fjellområda, og omfattande terrenginngrep i fjellsida vil redusere naturopplevinga. Dette gir sterk negativ konsekvens for tema.</p>	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Masseuttaket ligg strategisk til med kort avstand frå E134.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Vegtilkomst på privat veg med avkøyrsløse frå E134. Det er ikkje kjent om det føreligg ytterlegare trong for infrastrukturtiltak knytt til uttaket.</p> <p>Vurdering</p> <p>Kartfesting og utviding av masseuttaket blir vurdert å ikkje medføre nokre ytterlegare tiltak knytt til infrastruktur i området. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>I strid med gjeldande KPA der området er sett av til LNF. Jamfør arealstrategien skal ein generelt sett unngå nedbygging av potensielt jordbruksareal, i dette tilfellet er det snakk om ein liten del dyrka mark. Masseuttak byggjer opp om arealstrategiane «gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt» og «...balansera mellom å ta vare på...dyrkbare jord og friluftsområde, og behovet for areal til næringsliv.»</p> <p>Nøytral verknad.</p>	

Samla vurdering	<p>Det er naturleg å få dei faktiske tilhøva kartfesta i KPA. Utvida uttak ligg på ein stad med få registrerte verdiar knytt til natur, kultur. Innspelet får sterk negativ verknad på landskap og friluftsliv grunna ønske om utviding av masseuttaket sørover. Innspelet er med på å bygga opp om arealstrategi i KPS knytt til næringsutvikling. Avgrensinga av området må tilpassast dagens faktisk uttaksområde, og ei utviding utover fjellsida i sørvest bør av omsyn til landskap og friluftsliv ikkje tilråddast.</p> <p>Med justert avgrensing som nemnt ovanfor blir innspelet tilrådd tatt med vidare.</p>
-----------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områ destabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelsområdet ligg ikkje i aktsemd- eller fareområde for ras/skred.	
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Høg aktsemdgrad. Blir vurdert som ikkje relevant for innspelet.	
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen. Innspelsområdet er sårbart for opphoping av overvatn heilt i nord, men har gode vassveggar mot aust.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med ev. reguleringsplan.
Skog-, lyng-, og grasbrann		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Lite vegetasjon i uttaksområdet.	

Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelsområdet har tilkomst frå Fjellheimsvegen, som har fartsgrense på 50 km/t. ÅDT på aktuell strekning er ikkje kjent. Smal veg utan møtelommar. Dårleg sikt i kryss til Livegen.	Tilkomst til området, samt kryssløysing mot Livegen, bør utgreiast gjennom ein regulerings- planprosess.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelet ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande	Støy frå sprenging/knusing. Forureining gjennom partikkelspreiing til vatn og luft kan førekome. Om lag	


						tiltak er ikkje naudsynt	500 meter til nærmaste støyfølsame busetnad.	
Brann- /eksplosjonsfare		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med uttaksform i området, men det blir vurdert som sannsynleg at det tidvis blir nytta eksplosivar. Eksplosivar skal ikkje lagrast på området	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelet blir vurdert å ikkje utgjere noko risiko for kritisk infrastruktur	
Samla vurdering	Ekstremvêr med fokus på nedbør/overvatn, samt trygg tilkomst til og frå uttaksområdet bør utgreiast gjennom ein reguleringsplanprosess. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr SK08, Fritids- og turistføremål, Haraldsveidvågen vest – Skjold

Gnr./bnr.:	162/9
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF og naust
Foreslått arealføremål:	Fritids- og turistføremål, kolonihage, utleige, næring
Arealstorleik:	18 daa
Forslagsstillar:	Magnar Frøyland v/Arkipelet (v/ Mona Fågelklo)
Grunneigar:	Magnar Frøiland
Skildring av innspelet:	<p>Skogareala i sørvest og aust er spelt inn som fritids- og turistføremål/utleige/næring, medan fulldyrka mark i midten er spelt inn som kolonihage/utleige/næring. I kolonihageføremål er det tenkt etablert fleire mindre bygg for korttidsopphald, servicebygg/fellesbygg for lager og sanitæranlegg, samt parkeringsareal.</p> <p>Etter høyring er forslaget redusert og meir detaljert. Arealet som er klassifisert som fulldyrka jord, er sett av til dyrkingsparsellar, dvs. er framleis føresett nytta til dyrking. Avhengig av nøyaktig plassering av naustbuene, kan det gå med nokre kvadratmeter med dyrka mark. Arealet for bubilar er foreslått teke ut (SK07), dvs. det blir mindre inngrep i strandsona.</p>

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av forslag til endra KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg i eit landbruksområde, og er samansett av 8,2 daa fulldyrka mark og om lag 12,6 daa lauvskog. Skogsarealet i sørvest er impediment (uproduktiv), medan arealet i aust har høg bonitet. Innspelsområdet ligg utanfor kjerneområde for landbruk.</p> <p>Vurdering</p>

		Kolonihage, samanlikna med parsellhage og andelslandbruk, er ikkje i samsvar med LNF-føremål. Innspelet førar til omdisponering av LNF-areal og dyrka mark i drift. Svak negativ verknad.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrerte naturverdiar i området. Vågen høyrer til vassførekomsten Ålfjorden, som er klassifisert med god økologisk tilstand, men dårleg kjemisk tilstand. Skogsareal er karbonrikt areal.</p> <p>Vurdering</p> <p>Ingen registrerte verdiar knytt til naturmangfald. Det vert føresett at ev. servicebygg må søkje om utseppsløyve eller koplast på offentleg VA-nett med omsyn til spillvatn. Vesentleg verknad på karbonrike areal. Svak negativ verknad.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde landskapsverdiar i området. Området har skogsareal i aust og sørvest, med fulldyrka mark i senter av innspelsområdet. Skogsareala ligg på haugar som er god synlege i terrenget. Landskapet stig primært mot sørvest og vest.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet legg opp til nedbygging av skogsareal med parkeringsareal, fellesbygg og fleire mindre bygg som vil gjere tiltaka noko synlege, spesielt frå nordaust. Inngrep i skogsareala kan medføre vesentlege terrenginngrep. Tiltak i sørvest blir sannsynlegvis synlege frå vegen, men her kan avbøtande tiltak gjennomførast t.d. vegetasjonsskjerm mot veg. Svak negativ verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema.	
	Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Delar av innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Området grensar til eit naustområde i nord.</p> <p>Vurdering</p> <p>Berre ein liten del av innspelsområdet grensar direkte mot sjø, og om lag 1/3 ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Strandsona innanfor innspelsområdet har avgrensa tilgjenge som følgje av dyrka mark. Vindafjord kommune har generelt mindre press på areala i strandsona, men lokale presstilhøve knytt til Haraldseidvågen blir vurdert å vera moderate. Strandsona er i gjeldande KPA sett av til naustformål. VK foreslår å ta ut naustområde i den del av strandsona som ligg nedanfor dyrka mark og som har karakter av å vere sandstrand. Denne stranda er ein kvalitet ved området som ev. kan tene besøkande/brukarar av området. Berre eit lite areal, litt tilbaketrekt frå strandkanten, er sett av til naustbuer som saman med eksisterande brygge/molo kan tene turistanlegget. Nøytral verknad.</p>	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ingen registrerte friluftsområde, turområde eller barnetråkk innanfor området. Tema er ikkje aktuelt.</p>	

		Vurdering av konsekvensar	
S A M F U N N		Tema	Vurdering
		Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket vil medføre auke i trafikk på Fv. 4738. Vegen har ikkje gul midtstripe. Det er ikkje løysing for mjuke trafikantar langs fylkesvegen. Privat veg dårleg eigna auka trafikk. Større nye arealbeslag i område kor det finst regulerte område med tilsvarande formål som ikkje er utbygd. Sterk negativ verknad.</p> <p>Utbetring av fylkesvegen ligg som eit tiltak i trafikksikringsplanen, men har førebels ikkje nådd opp i prioriteringar.</p> <p>Tilfredsstillande tilkomstveg kan løysast gjennom rekkefølgekrav i reguleringsplan. Reguleringsplan for Vågen helsefarm er berre delvis utvikla, men at det er andre som legg til rette for turisme kan også vere ein styrke. Vurderer innspelet til middels negativt for tema areal og transportplanlegging.</p>


	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Kunnskapsgrunnlag Vegtilkomst på privat veg (Øyna) med avkøyrsløse frå Fv. 4738 - Haraldseidvågen. Vurdering Innspelet legg opp til fleire mindre bygg for kortvarig opphald, men i praksis små fritidsbustader. Felles-/servicebygg føresett løysning for vatn og avløp. Etablering av parkeringsplass, og mogleg oppgradering av tilkomstveg, vert vurdert som mindre tiltak. Låg samfunnskostnad, og privat finansiering. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering I strid med gjeldande KPA da området er sett av til LNF. Jamfør arealstrategien skal ein «verna om dyrka mark og dyrkbar jord». Innspelet byggjer opp om arealstrategiane «gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt» og «...balansera mellom å ta vare på...dyrkbar jord og friluftsområde, og behovet for areal til næringsliv». Tiltaket vil og gi auka tilbod for turisme og reiseliv som støttar opp om strategien om å definera kommunen som reiselivsdestinasjon, men passar ikkje med strategien om å ha «rett verksemd på rett stad». Middels målkonflikt. Svak negativ verknad. Haraldseidvågen har potensiale for natur- og kulturbasert reiseliv, noko som kan bygge opp under og strategien om å definera kommunen som reiselivsdestinasjon og leggja til rette for eit berekraftig reiseliv basert på oppleving av natur og kultur. Kommunen meiner at det her kan vere rett verksemd på rett stad.	

Samla vurdering	Innspelet slår negativt ut på fleire tema, men særleg landbruk og areal og transportplanlegging. Middels målkonflikt. Areal ligg utanfor kjerneområde landbruk. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare , men noko justert i dialog med grunneigar. Gjennom reguleringsplan kan ein sikre ei utbygging som i minst mogleg grad øydelegg verdiane i området.
-----------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensred userande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg under marin grense (aktsemdområde for kvikkleire). Innspelet vil medføre terrengingrep som kan påverka områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred, og knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ein liten del av innspelsområdet (strandsona i nord) ligg i område som kan vere utsett for stormflo med 200-års gjentaksintervall. Akseptabel risiko så lenge tiltak blir plassert utanfor.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	

Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvær. Ekstremvær er ikkje føreseieleg. Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn. Må m.a. sikre drenering for dyrka mark ovanfor.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Tiltaka vil generere noko meir trafikk og vegstandard i dag er ikkje tilfredsstillande.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Området ligg utanfor sikringssone for høgspenn	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Brann-/eksplosjonsfare		L	H	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast		TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved søknad om tiltak/bruksendring.
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for innspelet	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema område stabilitet (kvikkleire). Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. SK09, Næring, Liaheia - Skjold	
Gnr./bnr.:	158/41, 2
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	10,2 daa
Forslagsstillar:	Jone Tveit
Grunneigar:	Jone Tveit
Skildring av innspelet:	Omgjering fra LNF til næring på eit areal som er planert ut og opparbeidd
Kartutsnitt/foto:	
	
<p>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Arealet er planert ut, og registrert som open fastmark. Uaktuelt tema.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert utvalde eller andre særskild viktige naturtypar i området, men det er gjort registrering av sandsvale (trua art, sårbar). Registreringa viser at det er snakk om mogleg reproduksjon.</p> <p>Vurdering</p> <p>Det innspelte området er allereie opparbeidd, og truleg er det sandhaugar i samband med masseuttak som har vore nytta som hekkeplass for sandsvale. Arten hekkar i bratte skråningar og sandhaugar. Med bakgrunn i at tiltaket allereie er gjennomført, vert verknaden vurdert å vera svak negativ.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i nærleiken. Det innspelte arealet er planert ut omtrent på nivå med Livegen i nord, og det er bratte skjeringar i vest mot oppanforliggende landbruksareal.</p> <p>Vurdering</p> <p>Det innspelte området er allereie planert, og innspelet reflekterer faktisk situasjon på staden. Verknaden for landskap vert difor vurdert å vera nøytral.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje aktuelt.	

	Strandsone	Ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje gjort registreringar av verdiar knytt til barnetråkk, nærmiljø eller friluftsliv i området. Avstand til haldeplass for buss langs E134 er kort, og det er gang- og sykkelveg heile vegen til Isvik.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket fører ikkje med seg spesielle utfordringar knytt til tema, og verknaden blir difor vurdert til å vera nøytral.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Arealet ligg tett på anna næringsareal langs E134 på Liaheia. Plassering langs ei sentral transportåre som i tillegg har gang- og sykkelveg fram til næraste tettstad er i tråd med mål i overordna areal- og transportplanlegging. Positiv verknad.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Området ligg tett på annan busetnad langs E134, med tilkomst via kulvert under vegen. Det er ikkje kjent om det føreligg noko ytterlegare trong for infrastruktur knytt til uttaket.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket er i tråd med faktisk situasjon i området, og har soleis låg eller ingen samfunnskostnad. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet er i strid med LNF-føremålet i gjeldande KPA, men inneber ei oppdatering i tråd med faktisk situasjon på staden. Omgjering frå LNF til næring er dermed i realiteten ikkje ei nedbygging av landbruksjord, men ei oppdatering av KPA i tråd med løyve som er gitt gjennom dispensasjonsvedtak.</p> <p>Innspelet er i tråd med målsetting om attraktive lokalsamfunn, spesielt arealstrategi om tilrettelegging for næringsliv. Positiv verknad.</p>	

Samla vurdering	<p>Området er tilrettelagt og teke i bruk som næringsområde, basert på løyve gjeve gjennom dispensasjonsvedtak. Oppdatering av føremålet i KPA i tråd med faktisk situasjon går ikkje på bekostning av særskilde verdiar i området. Det må avklarast om området framleis har funksjon for sandsvaler i samband med den vidare bruken av arealet.</p> <p>Innspelet blir tilrådd tatt med vidare i planen.</p>
-----------------	---

ROS-analyse



Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelsområdet ligg ikkje i aktsemd- eller fareområde for ras/skred.	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Radon	TEK17 § 13-5	L	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Høg aktsemdgrad. Byggjegrunn er sårbar for radon. Næringsbygg kan innehalde rom for varig opphald, t.d. arbeidsrom og publikumsrom. Det blir lagt til grunn at krav i TEK17 blir etterfølgd ved ev. bygging av næringsbygg.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan medføre endringar i overvassituasjonen. Tomta er sårbar for opphoping av overvatn i aust.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med ev. reguleringsplan.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil, tilgang på sløkkevatn	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelsområdet har ikkje vegetasjon. Spreiing av brann frå nærliggjande areal er meir aktuelt.	

Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspeksområdet har tilkomst frå Livegen, som har fartsgrænse på 50 km/t. ÅDT på aktuell strekning er ikkje kjent. Smal veg utan møtelommar. Høgderestriksjon knytt til bru (E134).	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelet ligg ikkje i aktsemd-/fareområde. Nærliggjande distribusjonsnett (22 kV) i sørvest og søraust.	
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Deler av området ligg i gul eller raud støysone frå E134. Næringsverksemd kan føra med seg forureining.	Støytilhøve bør gjennom reguleringsplan avklarast og utgreiast i høve til typen nærings-verksemd som er planlagd på området.
Brann-/eksplosjonsfare		M	M	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som er tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko.	Verksemdrisiko må utgreiast gjennom reguleringsplan.
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko.	Risiko for E134 og distribusjonsnett må utgreiast gjennom reguleringsplan.
Samla vurdering	Ekstremvêr, forureining, brann-/eksplosjonsfare og skade på kritisk infrastruktur er tema kor avbøtande tiltak bør vurderast. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. SK10, Akvakultur, Sagjå - Skjold	
Gnr./bnr.:	181/11 og 184/3
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF spreidd bustad på land og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (i sjø)
Foreslått arealføremål:	Akvakultur
Arealstorleik:	Ca. 7 daa
Forslagsstillar:	Frøfisk AS
Grunneigar:	Trond Skogen
Skildring av innspelet:	Området avsett til akvakultur i KPA er i dag fullt ut utbygd, og det er ønske om utviding av kai. Ingen auka produksjon.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss



	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Ikkje registrerte verdiar for tema. Landarealet er registrert som ope fastmark – uaktuelt tema.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er registrert elvemusling (sårbar, ansvarsart) i vassdraget som Sagelva er ein del av. Skjoldafjorden har svært dårleg økologisk tilstand, den kjemiske tilstanden er ikkje oppgitt. Det er framandartar registrert på austsida av elva.</p> <p>Vurdering Settefiskanlegget nyttar i dag vassdraget i forbindelse med produksjonen. Ingen utviding av produksjon– gir nøytral konsekvens.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Store deler av Langelandsvika inngår i regionalt viktig landskap (Otertong), innspelsområdet ligg like utanfor. Området ligg like ved utløpet av elva.</p> <p>Vurdering Ei utviding av kaifront gir nøytral konsekvens for tema.</p>	

	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminneverdiar – uaktuelt tema.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte strandsoneverdiar. Ei utviding av kaifront vil legge større beslag på strandsona. Vurdering Innspelet er vurdert å påverka strandsona minimalt. Nøytral konsekvens.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er eit nærmiljøanlegg knytt til fritidseigedomane i området, like ovanfor innspelsområdet. Ikkje registrerte andre verdiar i området, men det ligg ein del bustadar og fritidsbustadar i nærområdet. Vurdering Trafikken til og frå anlegget gir negative konsekvensar for nærmiljø og trafikktryggleik. Konsekvens vert sett til middels negativ.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Kunnskapsgrunnlag Deler av vegstrekninga frå E134 til området er dårleg, Vurdering Det er opplyst at behovet for utvida kaiplass skuldast at eksisterande biltrafikk og tungtransport treng noko meir plass. Det skal ikkje føre til auka trafikk. Innspelet får nøytral konsekvens.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Anlegget har god tilgang på både fersk- og saltvatn til produksjon. Det er vogntog-trafikk til/frå området i dag. Eventuell utbetring vil ikkje medføre samfunnskostnader. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Ein arealstrategi for berekraftig kommune er å gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt. Vidare skal ein balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal. Det er få kjente miljø- og samfunnsverdiar i området, og difor blir behovet for areal til næringsverksemda vektlagt i vurderinga. Ubetydeleg målkonflikt. Nøytral verknad.	

Samla vurdering	Det er eit etablert akvakulturanlegg, og ein legg til grunn at utvidinga ikkje vil medføre særlege endringar i forhold til dagens situasjon. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreduserande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Innspelet kan medføre terrenngrep som kan påverke områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i bekk og elv		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Deler av innspelsområdet ligg i område som kan vere utsett for stormflo med 200-års gjentakintervall. Akseptabel risiko så lenge tiltak blir plassert utanfor. Aktsemdområde for flaum i vassdrag dekker del av innspelsområdet.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo og flaum. Det må anten knytast plankrav til omsynssona for flaum i vassdrag, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.
Radon		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Høg aktsemdgrad – ikkje tiltak for varig personopphald.	

Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen, men vatn kan leiast til sjø.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil, nærleik til sjø	L	L	L	L	Akseptabel risiko – avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ikkje vurdert å utgjere spesiell risiko for området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet medfører meir trafikk på interne vegar høve dagens trafikksituasjon.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
						Ikkje aktuelt	Ikkje høgspentanlegg i området.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje høgspentanlegg i området.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt.	Støy, lukt og forureining til sjø er potensielle risikohendingar ved akvakulturanlegg. Skjoldafjorden er resipient med svært dårleg tilstand. Ein legg til grunn at innspelet gjeld utvidingar av eksisterande verksemd, og at ein held seg til gjeldande løyve for drift.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelet er vurdert å ikkje utgjere ei særskild risiko for tema.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire) og flaum. Del av området er utsett for framtidig havnivåstiging/stormflo. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. SK11, Utsleppsleidning til sjø, Toraneset - Skjold	
Gnr./bnr.:	162/12
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF
Foreslått arealføremål:	Trase for teknisk infrastruktur - avløpsledning
Arealstorleik:	Ca. 2 daa
Forslagsstillar:	
Grunneigar:	Astrid Håkull, Geir Øystein Håkull, Jarle Akse Apeland, Venke Beate Skarestad Håkull
Skildring av innspelet:	Utsleppsleidning til sjø frå næringsområde
Kartutsnitt/foto:	
<p>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Kunnskapsgrunnlag Grunnlendt og usamanhengande skog i området. Vurdering Inngrep med legging av røyr i bakken gir nøytral konsekvens.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er registreringar av planter i eit større område rundt innspelsområdet, alle er livskraftige artar. Ålfjorden har god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Vurdering Ein legg til grunn at avløpsvatn vert tilstrekkeleg reinsa og ikkje medfører forringa tilstand av vassmiljøet i Ålfjorden.	
	Landskap	Røyrleidning i bakken - uaktuelt tema.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminneverdiar – uaktuelt tema.	
	Strandsone	Ikkje registrerte strandsoneverdiar – uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø,	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert dokumenterte/kartlagde friluftsområde knytt til innspelet. Område i	

friluftsliv og folkehelse	sjø utanfor innspelsområdet er derimot avsett til noverande friluftsområde i KPA, men det er ikkje registreringar som tilseier kor mykje området blir brukt. Vurdering Utsleppsleidning som vert ført ut i sjø i området er vurdert å få nøytral konsekvens for tema.	
---------------------------	--	--

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Uaktuelt tema.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vidare utbygging av avsett næringsareal vil medføre behov for nytt/oppgradert avløpsløyse. Tiltaket er rekna for å gi små samfunnskostnader.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Eit mål i KPS er å redusera forureining, og arealstrategi for å oppnå dette er å sikre at vassførekomst skal ha god økologisk og kjemisk tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning.	

Samla vurdering	Innspelet gjeld avløpsleidning frå avsett næringsområde ut i sjø og vidare prosjektering/utsleppsløyve vil gi føringar for å hindre forureining til sjø. Innspelet blir tilrådd med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for kvikkleireskred. Krav om reguleringsplan saman med reinseanlegget.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Stormflohendigar førekjem hyppigare. Utsleppsleidning går ut i sjø i strandsona, i eit område som kan vera særst utsett for effektar stormflo kan medføre.	Leidning må dimensjonast og utførast med tilstrekkeleg neddykking og nedlodding.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Høg aktsemdgrad. Ikkje aktuelt for planlagt tiltak.	

Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Kort avstand til sjø	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan medføre endringar i overvassituasjonen. Overvatn vil leiast til sjø naturleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil, tilgang på sløkkevatn	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området har ein del skog. Det er ikkje venta at skogbrann eller liknande får særleg verknad på VA-anlegg i grunnen.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet vil ikkje medføre auke i trafikk til Toraneset i ein driftsfase. I ein anleggsperiode går ein ut frå at det blir opparbeid anleggsveg til aktuelt område.	
Høgspant		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelet ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Mellombels forureining til sjø kan oppstå under anleggsfasen. Det blir føresett at det i eit utsleppsløyve/forureinings- løyve kjem fram føringar for anleggsfasen.	
Brann-/eksplosjonsfare		L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Gass frå avløp/kloakk er ikkje «flyktig», og har veldig høg eksplosjonsgrense. Tiltaket blir vurdert å ikkje utgjere forhøga brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for tiltaket/innspelet.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema område stabilitet (kvikkleire). Stormflo og ekstremvær er tema kor avbøtande tiltak bør vurderast. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. SK12, Sentrumsformål, Isvik - Skjold

Gnr./bnr.:	166/8
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Sentrumsformål
Arealstorleik:	9,5 daa
Forslagsstillar:	Arne Ødegård
Grunneigar:	Arne Ødegård
Skildring av innspelet:	Omgjering av areal som blir brukt til hageutsalg/gartneri til sentrumsformål.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet består i hovudsak av open fastmark og busetnad, men og av lauvskog med høg bonitet i vest.</p> <p>Vurdering Innspelet vil føre til noko inngrep i skog med høg bonitet, og får elles ikkje konsekvensar for omkringliggjande landbruksareal. Svak negativ verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert utvalde eller viktige naturtypar i området. Av artsregistreringar finn ein framadarten skogskjegg nord i det innspelte området. Denne utgjør ein svært høg risiko for det lokale plantelivet. Arealet elles er planta til med tre og hagebuskar, og har karakter av «eit lite arboret». Langs vestsida av det innspelte området går det ein bekk frå nord til sør. Denne ligg i hovudsak open i dagen forbi eigedommen, og renn vidare ned til Isvik, under E134 og ut i Skjoldafjorden.</p> <p>Vurdering Deler av arealet har vore nytta til planteutsal. Ønska omdisponering til sentrumsføremål inneber ei potensiell nedbygging av grønne område, men det er også potensiale for å ta med kvalitetane inn i planane for området. Risiko for skade på naturmangfald av lokal verdi og indirekte påverknad på vassmiljø tilseier svak negativ verknad.</p>
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ingen registreringar knytt til spesielle eller verdifulle landskap i området. Terrenget i det innspelte området er småkupert, med tilkomst på nivå med Vikevegen i aust. I vest er terrenget noko lågare, ned mot bekk.</p> <p>Vurdering</p>

	Innanfor sentrumsføremål kan det potensielt leggjast til rette for vesentleg tettare utnytting og høgare bygningar enn det som ligg i området i dag. Dette vil krevja noko terrenginngrep i nord og i vest. Nye bygningar vil delvis kunne tilpassast eksisterande omgjevnadar, men vil bli meir synleg i landskapet som følgje av eventuell fjerning av vegetasjon. Svak negativ verknad.	
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er to SEFRAK-registrerte bygningar innanfor området. Dette er eit våningshus og ei løe frå første kvartal av 1900-talet. I Sefrak-registeret er begge bygningane klassifisert med C-verdi. Vidare er Vikevegen i aust ein del av eit registrert kulturminne; dragseidet mellom Skjoldafjorden og Haraldseidvågen, der båtar heilt fram til 1940-talet blei dradd mellom fjordane.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket inneber potensielt ei høgare utnytting på eigedommen, og dermed press på registrerte SEFRAK-bygg. Verdi og tiltak knytt til slike bygningar skal meldast og vurderast frå sak til sak. Bygningane er ikkje av eldre dato (før 1850), og har difor ikkje same kulturhistoriske verdi som eldre bygningar har. Konsekvensane for kulturminnet langs Vikevegen her blir vurdert som små, då dragseidet allereie er berørt av utbygginga langs Vikevegen. Samla sett blir verknaden for tema vurdert å vera svak negativ.</p>	
Strandsone	Ikkje aktuelt.	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er registrert barnetråkk langs Vikevegen i aust og Isvikvegen i sør, i hovudsak knytt til fritidsveg. Det er elles ingen registreringar i området knytt til barn og unge.</p> <p>Vurdering</p> <p>Skogområdet ned mot bekken har potensielt verdi som friluftsliv- og rekreasjonsområde, sjølv om det ikkje har ein registrert bruk. Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø der ein har butikkar, skule, barnehage og leike- og idrettsområde innanfor gangavstand. Innspelet kan potensielt få negative konsekvensar for skogområdet langs bekken, men det er ikkje registrert konkrete verken verdiar eller bruk her. Samla sett blir innspelet vurdert å ha nøytral verknad for tema.</p>	

		Tema	Vurdering av konsekvensar
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging		<p>Vurdering</p> <p>Sentral plassering, som er ei forlenging av dagens sentrumsområde i Isvik. Gode moglegheitar for påkopling til Vikevegen. Området er i dag avsett til LNF og framstår delvis som eit grøntområde, og omdisponering til sentrumsføremål vil føra med seg eit arealbeslag. Samtidig gjer den sentrale plasseringa at tiltaket kan sjåast på som ei fortetting i sentrumsområdet. Transportbehovet bør vera lite, med gode moglegheitar for auka gange og sykkel. Positiv verknad.</p>
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)		<p>Vurdering</p> <p>Ligg ved utbygde område med moglegheit for tilknytting til infrastruktur. Låg samfunnskostnad.</p>
	Målsettingar i KP		<p>Vurdering</p> <p>Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategien «å sikre varierte butilbod i alle bygder». Innspelet innfrir òg arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,.... og bygga innanfrå og ut». Ein av arealstrategiane er at det skal settast av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrka bygdesentra. Positiv verknad.</p>
Samla vurdering	<p>Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar. Verknadane for naturmiljø, kulturmiljø og landskap blir vurdert som svak/middels negative. Samla sett er dei positive verknadane knytt til fortetting, nærmiljø og areal- og transportplanlegging store nok til å vega opp for negative verknadar for andre tema. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>		

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Innspelet kan medføre terrenngrep som kan påverke områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Delar av området ligg i aktsemdområde for flaum langs bekk.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for flaum i vassdrag. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Middels til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil	L	L	L	L	Akseptabel risiko – avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ikkje vurdert å utgjere spesiell risiko for området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense, GS-veg langs Vikevegen	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast		Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.

Høgspent		-	-	-	-		Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Delar av området ligg innanfor gul støysone langs fv. 4736 Vikevegen.	I arbeidet med reguleringsplan for området må det sikrast avbøtande tiltak for eventuelt nye bustadar innanfor gul støysone.
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur - Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber - Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for temaa områdestabilitet og flaum i elv/bekk, og avbøtande tiltak må implementerast. For tema ekstremver og forureining bør det vurderast avbøtande tiltak. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel, så lenge avbøtande tiltak blir implementert.							

Innspel nr. SK13 , LNF spreidd næring, Langalandsvika – Skjold	
Gnr./bnr.:	185/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	LNF spreidd næring
Arealstorleik:	7,3 daa
Forslagsstillar:	Terje Kleiven
Grunneigar:	Terje Kleiven
Skildring av innspelet:	Endring frå LNF til LNF areal for spreidd næringsbusetnad, med utgangspunkt i gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Endra arealavgrensing etter høyring. Areal 1: areal for restaurant og gjestebrygge Areal 2: areal for overnatting i små hytter

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



		Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Tema		
	Landbruk, fiske og mineralressursar	Kunnskapsgrunnlag Arealet der det er aktuelt å plassere hyttene er registrert som innmarksbeite, men har berg i dagen og er steinete og har av den grunn liten beiteverdi. Ligg ikkje innanfor kjerneområde for landbruk. Området omfattar og eit lite område i sjø, det er ingen registreringar knytt til fiske i området. Vurdering	

		Tiltaket inneber ei mindre omdisponering av landbruksareal, i hovudsak innmarksbeite. Nye bygningar må tilpassast området, slik at omdisponeringa blir avgrensa. Noko inngrep i landbruksareal utanfor kjerneområde for landbruk, tilseier svak negativ verknad.	
Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte naturverdiar på land eller i sjø. I sjø er det modellert ålegras (potensielt heilt inst i vågen). Vurdering Ei utbygging i sjø med kai- eller bryggjeanlegg kan potensielt føra med seg risiko for skade på ålegras. Registreringa av ålegras som ligg i området, er modellbasert og dermed ikkje nøyaktig, og usikkerheita knytt til omfanget av ålegrasområdet er dermed stort. Førekomen bør registrerast i samband med konkrete planar om utbygging. Samla sett er verknaden for tema svak negativ.		
Landskap	Kunnskapsgrunnlag Den nordlege delen av området ligg i det regionalt viktige kystlyngheilandskapet rundt Ottertong. Terrenget stig relativt slakt frå aust mot vest, og er noko flatare i sør rundt garden. Vurdering Verknad på landskapet er avhengig av omfang og type næringsverksemd det blir lagt til rette for. Generelt vil bygningsmasse ikkje bli spesielt dominerande i landskapet, og vil delvis kunna tilpassast eksisterande omgjevnadar. Middels negativ verknad.		
Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag Det er registrert eit automatisk freda kulturminne frå jernalderen inst i Skotavika. Minnet er fjerna av kulturminnemynde. Minnet er ein del av ein kulturminnelokalitet knytt til ein ovalforma haug, men denne blei ikkje observert på synfaring i 2017, og er difor ansett som fjerna. Vurdering Det automatisk freda kulturminne i området er fjerna, og området er opparbeidd med vegar, beiteområde og bygningar. Verknaden av nye tiltak i området blir difor vurdert til å vera nøytral.		
Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Området er regulert til jord- og skogbruk med ein veg (til hytteområdet) i strandsona inst i vika. Denne er ikkje opparbeidd der den er regulert. Heile det innspelte området ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Strandsone er delvis bygd ned med kai og restaurant, og med ei flytebryggje noko lengre mot nord. Tilgrensande areal er beitemark. Vurdering Det er generelt byggeforbod i strandsona. Vindafjord ligg i sone 3 – område med mindre press på areala. Verknaden av spreidd næringsbusetnad kjem an på kva form for næring det er snakk om. Det må vurderast behov for reguleringsplan i området, der strandsoneverdiar må vera eit sentralt tema. I innspelet er det vist ei omsynssone mot sjø som ikkje kan bebyggast, noko som vil vera eit tiltak som er positivt for strandsona som ferdsle- og opphaldsareal. Samla sett blir verknaden vurdert å vera middels negativ.		
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til born og unge, nærmiljø eller friluftsliv. Omkringliggjande beiteområde med inngjering tilseier at tilgjenga er avgrensa i dag. Vurdering Innspelet gjeld kommersiell drift knytt til turisme, overnatting og besøksverksemd, og er vurdert å få nøytral verknad for tema.		

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Innspelet legg opp til utbygging i tilknytning til eksisterande næringsverksemd på garden, og er med på å styrka næringsgrunnlaget for grunneigar. Omgjering frå LNF til LNF spreidd næringsverksemd er i utgangspunktet ikkje i tråd med overordna føringar for å ta vare på landbruksareal. Samstundes opnar føremålet for funksjonar som har utspring i landbruksdrift, friluftsliv og annan bruk av naturen, men som ikkje blir sett på som ein del av landbruket. Dette gjeld blant anna næringstiltak knytt til naturoppleving, jakt og fiske, overnatting, servering mm. Samla sett er verknaden vurdert til å vera nøytral.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Innspelet er ikkje vurdert å medføra behov for større infrastrukturtiltak som gir vesentlege samfunnskostnader. Nøytral verknad.	
Målsettingar i KP	Vurdering Ein sentral strategi, innanfor satsingsområdet berekraftig kommune, inneber tilrettelegging for utvikling av små næringsaktørar. Ein annan strategi inneber å styrka kommunen som besøksattraktiv, knytt til turisme. Innspelet er med på å byggja opp om desse strategiane i stor grad. Samla sett blir verknaden vurdert til å vera positiv.		

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Berekraftig kommune» med tilhøyrande strategi om tilrettelegging for utvikling av små næringsaktørar. Innspelet har forholdsvis små konsekvensar. Type næringsverksemd og omfang må avklarast nærare før utbygging, fortrinnsvis i ein reguleringsplanprosess. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Utbygging vil medføre terrenngrep som kan påverka områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast.	Deler av innspelet ligg i modellert sone for stormflo med 200-års gjentaksintervall. Akseptabel risiko så lenge tiltak blir bygd	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo

							utanfor aktsemdområdet.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Låg til moderat aktsemd.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/ overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Området ligg skjerna inne i ei vik, lite påverka av vind. Harde flater kan føra til endring i overvassituasjonen, men avrenning til sjø kan sikrast.	
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod tilkomst for brannbil	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Lite vegetasjon i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Næring vil medføre meir trafikk, vegstandard er dårleg så ein må halde låg fart. Båttrafikk kan og utgjere ei fare.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema område stabilitet (kvikkleire). Innspelet kan tilråast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. SK17, Naust, Haraldseidvågen aust – Skjold	
Gnr./bnr.:	164/3
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Naust
Arealstorleik:	0,7 daa
Forslagsstillar:	Arkipelet (tidl. Arkitektkontoret Brekke Helgeland Brekke AS) v/ Mona Fågelklo
Grunneigar:	Jone Tveit
Skildring av innspelet:	Innspelet er ønske om naustområde like sør for naustområde N6 i KPA. Kommunen vil foreslå dette som erstatning for naustområde N6, som ligg i eit brattare og meir ulendt terreng med behov for større landskapsinngrep

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Lauvskog med høg bonitet.</p> <p>Vurdering Bratt og smalt areal i strandsona, lite eigna areal for skogdrift. Nøytral konsekvens.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje gjort registreringar av særskild verdifulle naturtypar i området. Det er registrert fleire fugleartar knytt til Haraldseidvågen, m.a. tre raudlisteartar. Vågen høyrer til vassførekomsten Ålfjorden, som er klassifisert med god økologisk tilstand, men dårleg kjemisk tilstand. Området nord for eksisterande naust har lauvskog med høg bonitet.</p> <p>Vurdering Tiltaket er vurdert å ikkje ha vesentleg verknad på fuglelivet knytt til Haraldseidvågen. Innspelet blir vurdert å ikkje utgjere risiko for skade på vassmiljø og/eller karbonlagre. Nøytral verknad.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Ingen registrerte landskapsverdiar i området. Det er eit eksisterande naust og murar etter eit tidlegare naust i innspelsområdet.</p> <p>Vurdering Naustbygging vil krevje tilkomst i strandsona frå sør og inngrep i skrånande terreng. Tilkomst er allereie delvis opparbeidd gjennom tilstøytande arealføremål i sør. Svak negativ konsekvens.</p>	

	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor eit kulturmiljø av regional interesse. Eksisterande naust er eit SEFRAK-bygg, og er registrert som eit enkeltminne saman med naust og fjøs sør for innspelsområdet. Sistnemnte naust har blitt restaurert, og flytta lengre sør på eigedomen til sin opphavlege plassering.</p> <p>Vurdering</p> <p>Nye naust i innspelsområdet kan ha noko negativ verknad på eksisterande naust samt kulturmiljøet på staden. Avbøtande tiltak er mogleg, og bør bli avklart gjennom ein reguleringsplanprosess. Middels konsekvens.</p>	
	Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Tiltaket ligg i 100-metersbeltet. Strandsoneverdiene i området er i stor grad knytt til kulturmiljøet like sør om innspelsområdet. Generelt friluftsliv/sjøliv knytt til vågen er underordna då dette ikkje er kartlagd. Det er avgrensa med tilgjengeleg areal på nedsida av veggen på austsida av vågen.</p> <p>Vurdering</p> <p>Kulturmiljøet på staden er førande for strandsona i området. Innspelet kan ha mindre negative verknadar på kulturmiljøet, men avbøtande tiltak er mogleg. I høve til 0-alternativet vil innspelet føre til auke i privatisering av strandsona. Middels negativ konsekvens.</p>	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ingen registrerte/kartlagde verdier i området.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet er vurdert å ikkje ha påverknad på temaet. Nøytral verknad.</p>	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Området er tenkt som erstatning av deler av eit naustområde som allereie er avsett i gjeldande KPA, derfor vurdert å ha nøytral verknad.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Normalt vil det vere lite tilrettelegging for teknisk infrastruktur ved naust, og det i tilfelle små samfunnskostnader ved slike tiltak.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Eit naustområde kan støtte opp om buattraktivitet, som er ein at arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS, men ytterlegare fortetting i strandsona kan òg bryte med arealstrategi for berekraftig kommune der ein skal ta vare på strandsone og natur. Middels målkonflikt, og svak negativ verknad.</p>	

Samla vurdering	<p>At innspelet er meint å erstatte eit areal allereie avsett til naust i gjeldande KPA gjer at konsekvensane blir mindre negative for fleire tema. Ytterlegare nedbygging av strandsona er uheldig, men innspelet er vurdert å vera eit betre alternativ til noverande naustområde N6 då det i større grad kan sjåast på som ei forlenging av bygningsmiljøet lengre sør (samla inngrep), gir mindre landskapsinngrep og at arealbeslaget totalt sett blir mindre. I høve til kulturmiljøet på staden må arealbruken avklarast gjennom reguleringsplan.</p> <p>Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områ destabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	M	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred og snøskred klasse S2, utan skoeffekt. Ras/skred er ikkje vurdert i gjeldande RP.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for skred. For tiltak i klasse K0 må det vurderast om det er naudsynt med faresonekart-legging.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området ligg delvis innanfor område for 20- års stormflo. Akseptabelt sannsyn for F1-tiltak.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad. Blir vurdert som ikkje aktuelt då naust ikkje skal ha varig opphald.	
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Nærleik til sjø gjer at overvatn blir vurdert som eit mindre problem. Usikkerheit: Ekstremvêr er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Lite vegetasjon i innspelsområdet. Fv. 46 vil ha noko funksjon som branngate for ev. grasbrann frå sør.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Eksisterande tilkomst frå sør kan nyttast. Trafikkauke som følge av innspelet er minimal, og blir vurdert å føra til liten endring knytt til risiko for ulukker.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde	

Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Innspelet har uakseptabel risiko med omsyn til temaa skred/ras/områdestabilitet og ulukker med transportmiddel. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. SK18, Småbåtanlegg, Haraldseidvågen aust – Skjold	
Gnr./bnr.:	164/3
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Foreslått arealføremål:	Småbåthamn
Arealstorleik:	0,8 daa
Forslagsstillar:	Jone Tveit v/ Arkipelet (tidl. Arkitektkontoret Brekke Helgeland Brekke AS)
Grunneigar:	Jone Tveit
Skildring av innspelet:	Ønske om å utvide areal til småbåtanlegg sørover slik at det også ligg framfor eksisterande naust.
Kartutsnitt/foto:	
<p><i>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.</i></p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Ikkje registrerte verdiar – uaktuelt tema
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje gjort registreringar av særskild verdifulle naturtypar i området. Det er registrert fleire fugleartar knytt til Haraldseidvågen, m.a. tre raudlisteartar. Vågen høyrer til vassførekomsten Ålfjorden, som er klassifisert med god økologisk tilstand, men dårleg kjemisk tilstand. Det renn elv og bekk ut i vågen som har svært dårleg økologisk tilstand.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket er vurdert å ikkje ha vesentleg verknad på naturmangfald i Haraldseidvågen. Utviding av område for småbåthamn er vurdert å få lite påverknad på vassmiljø. Nøytral verknad.</p>
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ingen registrerte verdiar i området.</p> <p>Vurdering</p> <p>Det er to areal i vågen som er sett av til småbåtanlegg, ingen av desse er realisert (det inste området er uaktuelt på grunn av djupneforhold, og vil bli tatt ut). Ei lita utviding av det aktuelle området vil vere ubetydeleg. Nøytral verknad.</p>
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg tilknytt eit kulturmiljø av regional interesse. Sørleg del av vågen er registrert som eit enkeltminne utan vern, og skal ha vore nytta som «dragseid» mellom Isvik og Haraldseid.</p>

		Vurdering Det blir vurdert at ei utviding av areal for småbåthamn vil medføre mindre verknad på det regionalt verdifulle kulturmiljøet knytt til Haraldseidvågen. Nøytral konsekvens.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Tiltaket ligg i sjø tett på strandsona. Vurdering Det er vurdert at ei mindre utviding av område avsett til småbåthamn ikkje vil påverka strandsona sin eksisterande bruk. Nøytral verknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte/kartlagde verdiar. Vurdering Busetnad langs vågen tilseier at sjøen blir noko brukt til sjøliv/rekreasjon. Innspelet er vurdert å ikkje ha negativ påverknad på temaet. Nøytral verknad.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Området er tenkt som ei utviding av areal allereie avsett til småbåthamn, og ein ser difor på temaet som lite aktuelt.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Ikkje aktuelt.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Det er område allereie avsett til småbåthamn i Haraldseidvågen, men desse er ikkje realisert. Realisering av småbåthamn kan støtte opp om buattraktivitet og styrke næringsgrunnlaget på staden.	

Samla vurdering	Innspelet ligg i tilknytning til eksisterande naust, og område avsett til næring og småbåthamn. Tiltaket er vurdert å ikkje vera i konflikt med verdiar eller interesser i sjø. Innspelet støtter opp om bruk av eksisterande naust og bruk av næringsareal. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Innspelet vil kunna medføre inngrep på land som kan påverka områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.

								For bygningar i klasse KO må det vurderast om det er naudsynt med faresonekartlegging.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Området ligg i sjø, og i sone for 20-årsflaum	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt.	Ikkje relevant i sjø.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvær. Sterk vind er relevant for planlagd tiltak.	
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt.	Tiltak i sjø.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Kan medføre auke i sjøbasert ferdsle.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt.	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Mogleg utfylling i sjø. Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema område stabilitet. For tema stormflo og ekstremvær bør avbøtande tiltak vurderast. Innspelet kan tilråddast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. SK20, Reinseanlegg, Toraneset - Skjold	
Gnr./bnr.:	162/12
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: næring
Foreslått arealføremål:	Reinseanlegg
Arealstorleik:	Ca. 10 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Astrid Håkull, Geir Øystein Håkull, Jarle Akse Apeland, Venke Beate Skarestad Håkull
Skildring av innspelet:	Kommunen har planar om å etablere kloakkreinseanlegg på arealet, med utsleppsledning til Ålfjorden. All kloakk frå Skjold skal pumpast til dette reinseanlegget, då Skjoldafjorden er ein særst dårleg resipient.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss



	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Kunnskapsgrunnlag Grunnlendt og usamanhengande skog i området. Ingen jordbruksinteresser. Vurdering Skogressurs er svært avgrensa. Nøytral konsekvens.
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er registreringar av planter i eit større område rundt innspelsområdet, alle er livskraftige artar. Ålfjorden har moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Vurdering Ein legg til grunn at avløpsvatn vert tilstrekkeleg reinsa og ikkje medfører forringa tilstand av vassmiljøet i Ålfjorden. Nøytral verknad.
	Landskap	Det vil bli aktuelt å planere arealet som har 8-10 høgdemeter i skilnad. Areala rundt skrånar ned mot sjøen. Ingen registrerte landskapsverdiar i området. Avfallsplassen er næraste nabo. Vurdering Vil ikkje gi store landskapsingrep. Nøytral verknad.

	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminneverdiar – uaktuelt tema.	
	Strandsone	Ikkje registrerte strandsoneverdiar – uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert dokumenterte/kartlagde friluftsområde knytt til innspelet. Vurdering Inngrepet er vurdert å å nøytral konsekvens for tema.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Uaktuelt tema.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vidare utbygging av ny/oppgradert avløpsløyfing gir betre tryggleik og miljøgevinst på sikt Tiltaket er vurdert som svært samfunnsnyttig.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Eit mål i KPS er å redusera forureining, og arealstrategi for å oppnå dette er å sikre at vassførekomst skal ha god økologisk og kjemisk tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning.	

Samla vurdering	Innspelet gjeld reinseanlegg på tidlegare avsett næringsareal for å betre vassforvaltning og hindre forureining til sjø. Innspelet blir tilrådd med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei utvurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	L	L	Ikkje aktuelt		
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Høg aktsemdgrad. Ikkje aktuelt for planlagt tiltak.	

Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Kort avstand til sjø	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan medføre endringar i overvassituasjonen. Overvatn vil leiast til sjø naturleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av
								overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil, tilgang på sløkkevatn	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området har ein del skog. Det er ikkje venta at skogbrann eller liknande får særleg verknad på VA-anlegg i grunnen.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet vil ikkje medføre vesentleg auke i trafikk til Toraneset i ein driftsfase. I ein anleggsperiode går ein ut frå at det blir opparbeid anleggsveg til aktuelt område.	
Høgspenning		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelet ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Mellombels forureining til sjø kan oppstå under anleggsfasen. Det blir føresett at det i eit utsleppsløyve/forureiningsløyve kjem fram føringar for anleggsfasen.	
Brann-/eksplosjonsfare		L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Gass frå avløp/kloakk er ikkje «flyktig», og har veldig høg eksplosjonsgrense. Tiltaket blir vurdert å ikkje utgjere forhøga brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for tiltaket/innspelet.	
Samla vurdering	Risiko er akseptabel. Innspelet kan tilrådest.							

Innspel nr. SK21, Naust, Haraldseidvågen aust – Skjold	
Gnr./bnr.:	164/16
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Naust
Arealstorleik:	0,4 daa
Forslagsstillar:	Eli Wegner Hausken
Grunneigar:	Eli Wegner Hausken
Skildring av innspelet:	Innspelet er ønske eit nytt naust på fritidseigedomen. Det eksisterande er eit kulturminne som grunneigar har restaurert. Ønskjer areal til nytt naust som kan dekke dagens behov utan at kulturminnet blir øydelagt.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Kunnskapsgrunnlag Lauvskog med høg bonitet. Vurdering Bratt og smalt areal i strandsona, lite eigna areal for skogdrift. Nøytral konsekvens.	Green
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje gjort registreringar av særskild verdifulle naturtypar i området. Det er registrert fleire fugleartar knytt til Haraldseidvågen, m.a. tre raudlisteartar. Vågen høyrer til vassførekomsten Ålfjorden, som er klassifisert med god økologisk tilstand, men dårleg kjemisk tilstand. Området nord for eksisterande naust har lauvskog med høg bonitet. Vurdering Tiltaket er vurdert å ikkje ha vesentleg verknad på fuglelivet knytt til Haraldseidvågen. Innspelet blir vurdert å ikkje utgjere risiko for skade på vassmiljø og/eller karbonlagre. Nøytral verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag	Yellow

	Ingen registrerte landskapsverdiar i området. Det er eit eksisterande naust og murar etter eit tidlegare naust i innspelsområdet. Vurdering Naustbygging vil krevje tilkomst i strandsona frå sør og inngrep i skrånande terreng. Tilkomst er allereie delvis opparbeidd gjennom tilstøytande arealføremål i sør. Svak negativ konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet ligg inntil eit kulturmiljø av regional interesse. Eksisterande naust på eigedomen er eit SEFRAK-bygg, og er registrert som eit enkeltminne. Det er omtalt som det gamle «Prestanaustet» og er nyleg restaurert på dei gamle steinmurane. Vurdering Nye naust i innspelsområdet kan ha noko negativ verknad på eksisterande naust samt kulturmiljøet på staden. Omsyn til eksisterande kulturmiljø kan ivaretas i byggesaksbehandlinga for naustet. Middels konsekvens.	
Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Tiltaket ligg i 100-metersbeltet. Strandsoneverdiarne i området er i stor grad knytt til kulturmiljøet i området. Det er avgrensa med tilgjengeleg areal på nedsida av vegen på austsida av vågen. Vurdering Kulturmiljøet på staden er førande for strandsona i området. Innspelet kan ha mindre negative verknadar på kulturmiljøet, men avbøtande tiltak er mogleg. I høve til 0-alternativet vil innspelet føre til auke i privatisering av strandsona. Middels negativ konsekvens.	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ingen registrerte/kartlagde verdiar i området. Vurdering Innspelet er vurdert å ikkje ha påverknad på temaet. Nøytral verknad.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	Vurdering Området er tenkt som erstatning av deler av eit naustområde som allereie er avsett i gjeldande KPA, derfor vurdert å ha nøytral verknad.
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Normalt vil det vere lite tilrettelegging for teknisk infrastruktur ved naust, og det i tilfelle små samfunnskostnader ved slike tiltak.
	Målsettingar i KP	Vurdering Eit naustområde kan støtte opp om buattraktivitet, som er ein at arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS, men ytterlegare fortetting i strandsona kan òg bryte med arealstrategi for berekraftig kommune kor ein skal ta vare på strandsone og natur. Middels målkonflikt, og middels negativ verknad.

Samla vurdering	At innspelet er meint å erstatte eit areal allereie avsett til naust i gjeldande KPA gjer at konsekvensane blir mindre negative for fleire tema. Ytterlegare nedbygging av strandsona er uheldig, men innspelet er vurdert å vera eit betre alternativ til noverande naustområde, gir mindre landskapsinngrep og at arealbeslaget totalt sett blir mindre. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	M	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred og snøskred klasse S2, utan skogeffekt. Ras/skred er ikkje vurdert i gjeldande RP.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for skred. For tiltak i klasse K0 må det vurderast om det er naudsynt med faresonekart-legging.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området ligg delvis innanfor område for 20-års stormflo. Akseptabelt sannsyn for F1-tiltak.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad. Blir vurdert som ikkje aktuelt då naust ikkje skal ha varig opphald.	
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Nærleik til sjø gjer at overvatn blir vurdert som eit mindre problem. Usikkerheit: Ekstremvêr er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Lite vegetasjon i innspeleområdet. Fv. 46 vil ha noko funksjon som branngate for ev. grasbrann frå sør.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Eksisterande tilkomst frå sør kan nyttast. Trafikkauke som følge av innspelet er minimal, og blir vurdert å føra til liten endring knytt til risiko for ulukker.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde	
Forureining		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området	

-til luft, grunn, vatn, lydforhold							frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Innspelet har uakseptabel risiko med omsyn til temaa skred/ras/områdestabilitet og ulukker med transportmiddel. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. VA01 , Bustad, Knapphus - Vats	
Gnr./bnr.:	119/2
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	3,4 daa
Forslagsstillar:	Knut Strand
Grunneigar:	Jørn Laurits Strand, Åge Nordtveit, Harald Strand, Knut S. Strand, Kristoffer Strand, Anne Kathrine Langeland
Skildring av innspelet:	Endre eksisterande 2 bustadtomter frå LNF til bustad
Kartutsnitt/foto:	
<p>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelesområdet er vist med blått omriss.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Ingen registrerte verdiar, uaktuelt tema.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Vurdering Det er registrert granmeis og grønfink i området, men innspelet er vurdert å ikkje få konsekvensar for tema.	
	Landskap	Vurdering Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området. Eigedommane er bebygd. Endringa til bustadføremål er ikkje vurdert å føra med seg verknadar for landskap.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne, uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Vurdering Innspelet får nøytral verknad for tema, då eigedommane allereie er utbygd med bustad.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar		
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Areal og transport vil ikkje endre seg som følge av endringa til bustadføre mål.		
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Det er lagt til grunn at det ikkje er snakk om ytterlegare utbygging, og at eksisterande infrastruktur dermed vert nytta som i dag.		
Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet omfattar allereie utbygde bustadtommer, og har inga betyding med tanke på overordna plan.			

Samla vurdering	Innspelet blir tilrådd tatt med vidare i arbeidet med planen.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Ligg i aktsemdområde for snøskred og lausmasseskred.	For område i aktsemdområde for skred må det utarbeidast omsynssone som viser utstrekninga av potensielle område for snøskred og lausmasseskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon	Eksisterande radonsperre	L	L	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Usikker aktsemdgrad. Omkringliggende område har moderat til låg aktsemdgrad. Bustad er allereie bygd.	

Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Eksisterande overvassnett og grøfter langs E134	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Eigedommen og overvassnett langs E134 er allereie utbygd. Eventuelle endringar i bygd situasjon vil ikkje føra med seg særskild risiko.	
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilgang på sløkkevatn	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Eigedommen er utbygd, og vegetasjonen i området inngår som ein del av eksisterande hage.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense, gatelys og gang- og sykkelveg	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Avkøyrsløse er allereie etablert og det er gang- og sykkelveg og veglys langs E134.	
Høgspont		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	Det bør utarbeidast faresone (H370) tilpassa sikringssone for aktuelt høgspontanlegg. Avklarast med netteigar. Det kan òg vere aktuelt å leggje høgspontanlegg i bakken.
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vegstøy frå E134, men bustad er allereie bygd på eigdommen.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Innspelet har uakseptabel risiko med omsyn til temaa skred/ras/områdestabilitet. Innspelet kan tilråddast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspelet nr. VA02 , Bustad, Tinghaugvegen - Vats	
Gnr./bnr.:	109/18, 24, 27, 28, 32
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	7,5 daa
Forslagsstillar:	Johannes Ohm
Grunneigar:	Gerald Eikeland, Ole Jørgen Ohm, Johannes Ohm, Josef Eide, Øystein Eide/Birgitte Hornenes
Skildring av innspelet:	Endring frå LNF til bustad på utbygde bustadtomter.
Kartutsnitt/foto:	
<p><i>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.</i></p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Vurdering Innspelsområdet ligg i kjerneområde for landbruk, men er allereie utbygd med bustadar. Verknaden for landbruk er difor nøytral.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Vurdering Det er ikkje registrert særskild viktige naturtypar eller anna naturmangfald i området. Tiltaket er vurdert å ikkje få konsekvensar for tema.	
	Landskap	Vurdering Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området. Endringa til bustadføremål er ikkje vurdert å føra med seg verknadar for landskap.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Innspelet får nøytral verknad for tema, då eigedommane allereie er utbygd med bustad. Det er kort avstand til skule, barnehage, idrettsområde og naboar.	


SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering	Areal og transport vil ikkje endre seg som følge av endringa til bustadføremaal.
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering	Det er lagt til grunn at det ikkje er snakk om yttarlegare utbygging, og at eksisterande infrastruktur dermed blir nytta, som i dag.
	Målsettingar i KP	Vurdering	Innspelet omfattar allereie utbygde bustadtomter, og har inga betydning med tanke på overordna plan.

Samla vurdering	Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrengingrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Eksisterande overvassnett/grøfter	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området er utbygd, og endringar i overvassituasjonen er difor små eller ingen.	

Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilgang på sløkkevatn og tilkomst for brannbil	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspeleområdet er stort sett utbygd, men består av noko skog.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense, låg trafikkmengd, allereie utbygd vegsystem	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt		
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, men innspelet kan tilrådest ved implementering av plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. VA03, Bustad, Kårhus – Vats	
Gnr./bnr.:	111/5
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	1,4 daa
Forslagsstillar:	Asbjørn og Anne Brit Nesheim
Grunneigar:	Magnhild Gjerde
Skildring av innspelet:	Omgjering frå LNF til ei bustadtomt.
Kartutsnitt/foto:	
	
<p>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Området er jorddekt, og består av lauvskog med særskilt høg bonitet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet fører til ei mindre omdisponering av eit område med skog med særskilt høg bonitet. Verknaden er vurdert til å vera svak negativ.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlager	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje gjennomført NIN-kartlegging i VA03, men området er synfart og vurdert. Forslaget til nytt bustadareal er redusert til ei tomt og det er teke omsyn til ein passasje for landbruksdrift mellom dei to delane av 111/5. Skogen har ein eigenverdi som karbonlager.</p> <p>Vurdering</p> <p>Nedbygging av skog vil ha ein negativ verknad på naturmangfaldet, uavhengig av kva registreringar som er gjort i området. Slike skogområde er vurdert å ha ein lokal verdi, både som karbonlager og som habitat. Verknaden på tema blir vurdert å vera nøytral då omfanget er svært begrensa.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Terrenget i området stig frå aust mot vest og er relativt bratt enkelte stader, men det innspelte arealet ligg på ei lita flate.</p> <p>Vurdering</p> <p>Ein ny bustad vil bli oppfatta som ei forlenging av Kårhusfeltet, og det vil ikkje vera behov for store terrengingrep for å byggje bustaden her. Bustaden vil vera synleg frå vest, men vil ikkje skape silhuettverknad grunna høgare terreng i bakkant. Samla sett blir verknaden vurdert å vera nøytral.</p>	

	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – ikkje relevant tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet er ei lita utviding av eksisterande bustadfelt, med tilhøyrande leikeplassar og nærmiljøfunksjonar. Det er kort veg til turstiar, haldeplass for buss og skule, men ein må krysse fv 46 – Saudavegen for å komme over på gang- og sykkelveg.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelsområdet er tett knyta opp til eksisterande bustadfelt, og får ingen negativ verknad på friluftslivs- eller rekreasjonsområde. Manglande trafiksikker kryssing på skuleveg gir svak negativ verknad.</p>	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet kan sjåast på som ei utviding av eksisterande bustadområde, med kort avstand til haldeplass for buss, og til skule og idrettsområde. Det innspelte arealet er meint som del av erstatning for bustadareal lengre oppi bustadfeltet, som ein legg til grunn at blir tatt ut av KPA dersom dette innspelet blir tatt med. Samla sett blir verknaden vurdert å vera nøytral.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket vil føra til behov for forlenging av tilkomstveg med utgangspunkt i dagens køyreveg opp i Kårhusfeltet. Det same gjeld for straum, vatn og avløp. Utbygginga vil medføre små samfunnskostnader. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet støttar opp om buattraktivitet som er ein av arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS. Det er registrert få miljø- og samfunnsverdiar i området, og innspelet er ikkje vurdert å medføra vesentleg konflikt med andre målsettingar i KPS.</p>	

Samla vurdering	Innspelet fører med seg få og små konfliktrar, og det er positivt å erstatta ubyggd bustadareal i bratt terreng med areal som lettare kan byggast ut. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrengingrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Fare må utgreiast før utbygging kan ta til.
Stormflo/havnåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	

Radon		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtende tiltak bør vurderast	Usikker aktsemdgrad.	Det bør utarbeidast omsynssone (H330) som viser utstrekninga av potensielle område med radonkonsentrasjon over grenseverdi i TEK17.
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtende tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtende tiltak er ikkje naudsynt	Det er skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtende tiltak er ikkje naudsynt	Tilkomst må sikrast via eksisterande bustadveg i Kårhusfeltet.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, men innspelet kan tilrådest ved implementering av plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. VA05, Bustad, Nedre Vats – Vats

Gnr./bnr.:	110/3,6
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	30 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Endre Krakk
Skildring av innspelet:	Endre frå LNF til bustad

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet består i hovudsak av lauvskog med høg bonitet, men arealet langs Saudavegen i sør er overflatedyrka jord og innmarksbeite. Heile arealet ligg innanfor omsynssone kjerneområde landbruk i gjeldande KPA. Heile arealet er inngjerda og kan tenkjast å vera nytta til beiteareal.</p> <p>Vurdering</p> <p>Heile innspelsområdet ligg i kjerneområde landbruk, men berre ein liten del av arealet er dyrka eller dyrkbar jord. Innspelet vil føra til omdisponering av landbruksareal og skog med høg bonitet. Middels negativ verknad for tema.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ikkje registrerte naturverdiar.</p> <p>Vurdering</p> <p>Eksisterande skog har verdi som karbonlager. Tiltaket får svak negativ verknad, med bakgrunn i få registrerte verdiar.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Området stig frå Saudavegen på om lag kote 43 opp mot Breihammaren i nord til om lag kote 60. Området er brattast i vest, og er elles småkupert opp mot dei høgaste punkta.</p> <p>Vurdering</p> <p>Omgjering til bustad inneber behov for tilkomstveg gjennom relativt svakt stigande terreng, men inngrepet krev noko terrengtilpassing. Det same gjer tilrettelegging av tomter. Bustadar vil vera noko synlege frå sør og vest, men synlegheita kan avgrensast dersom planeringsnivå og bygningshøgde blir tilpassa bakanforliggende, høgare terreng. Samla sett tilseier dette middels negativ verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema.	

	Strandsone	Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert bruk av området knytt til friluftsliv eller barn og unge. Avstanden til skule og idrettsområde i vest er kort, men det er ikkje gang- og sykkelveg langs Saudavegen. Dette er ei strekning med ein del trafikk (ÅDT 1800) og fartsgrense på 80 km/t nærast innspelsområdet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Plassert tett på skule og idrettsområde er positivt med tanke på nærmiljø, men det er ikkje trygg veg fram. Samla sett blir verknaden vurdert som middels negativ.</p>	

		Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Plasseringa av tiltaket er relativt sentral, med kort avstand til skule- og idrettsområde (ca 600 m), men ligg på motsett side av der det finst større bustadareal i dag. Mangel på gang- og sykkelveg og veglys, samt høg fartsgrense på fv. 46, gjer at tiltaket vil føra til auka transportbehov. Verknaden vurdert til å vera sterk negativ.</p> <p>Kommunedirektøren: Vats har ikkje eit eintydig sentrum, men i dette området ligg skule, idrettsanlegg og svømmehall, kyrkje og Vindafjordtunet i tillegg til eksisterande bustadar. Kommunen vil bygge opp om eksisterande sentrumsfunksjonar her, men utan å legge beslag på dyrka mark.</p>		
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Utbygginga krev godkjent avkøyring frå fylkesveg med høg fartsgrense, og det krev nye tekniske anlegg. Teknisk infrastruktur er i hovudsak ein kostnad for utbygger, men tiltaket kan føra til behov for oppgradering av eksisterande leidningsnett. Det kan og bli behov for å bygga gang- og sykkelveg med lys fram til skule- og idrettsområde. Utbygginga er vurdert å medføre store samfunnskostnader, og verknaden blir difor vurdert å vera sterkt negativ.</p> <p>Kommunedirektøren: tilkomst kan tilretteleggast frå fv 4746. Det går ein eksisterande sti gjennom skogområdet /langs vegen frå Vats skule og det gamle bedehuset og bort til området Denne stien blir nytta av skulen som tilkomst til ein gapahuk som ligg ved Blikravegen. Det er med andre ord mogleg å komme seg til skulen på ein etablert sti. Mjuke trafikantar kan sikrast med rekkefølgekrav i reguleringsplan.</p>		
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS, og i dette ligg blant anna mål og strategiar om å ha attraktive bustadområde i alle lokalsamfunn, samanhengande vegnett for mjuke trafikantar og å fortetta/bygga innanfra og ut. KPS bygger og på bustadanalyse for Vindafjord, der blant anna behovet for meir bustadareal i bygdene er vurdert. Bustadanalysen konkluderer med at det er mykje avsett bustadareal i bygda, men at mykje av det som er sett av i KPA krev dyre infrastrukturtiltak for å kunna gjennomførast. Det er med andre ord eit behov for nytt bustadareal, men det innspelte området vil hamna i kategorien som krev dyre infrastrukturtiltak.</p> <p>Tiltaket er ikkje i tråd med mål om samanhengande vegnett for mjuke trafikantar og mål om fortetting. I tillegg er ein av utfordringane i Vats at dyre infrastrukturtiltak er eit stort hinder for utbygging av avsette bustadareal. Plasseringa tett på skule og fritidsaktivitetar på Kårhus er i seg sjølve rimeleg, men med bakgrunn i målkonflikt og utfordringar knytt til infrastrukturtiltak, blir verknaden vurdert å vera sterkt negativ.</p> <p>Kommunedirektøren: Vats er ei av dei bygdene som har mest bustadareal sett av i gjeldande KPA, men dersom dagens vekst held fram, vil det ikkje vere tilstrekkeleg regulert bustadareal klart for utbygging. Det har vist seg at areal sett av til bustad, har vore vanskeleg å realisere pga kostnader særskilt knytt til tilkomstveg. Kommunen har av den grunn vurdert å ta Skjervheimfeltet ut av KPA. Vurdert opp i mot Skjervheimfeltet vil innspelet truleg bli mindre kostnadskrevande, og det vil ligge i gangavstand til skule og fritidsaktivitetar.</p> <p>Som nemnt kan løysing for mjuke trafikantar løysast med rekkefølgekrav i reguleringsplan.</p>		

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «attraktive lokalsamfunn» når det gjeld å ha tilgjengeleg attraktive bustadområde, men det vil krevje dyre infrasturkturtiltak for å gjennomføra utbygginga. Vats har mykje bustadareal avsett i KPA som krev dyre investeringar i infrastruktur før dei kan gjennomførast, og kommunen vurderer å ta ut andre slike felt i bygda. Innspelsområdet krev uansett dyre infrastrukturtiltak. Bustadområdet beslaglegg og ubygd skog, og er ikkje ei fortetting av eksisterande bustadområde. Innspelet blei vedtatt tatt med gjennom vedtak i formannskapet 09.06.2026.
-----------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Innspelet kan medføre terrenginngrep som kan påverke områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	L	M	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde	
Radon		-	-	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Låg til moderat aktsemdsgrad	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil	L	L	L	L	Akseptabel risiko – avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er skog i området, men Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Tilkomst må planleggast frå Blikravegen.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ein mindre del om området ligg innanfor gul støysone langs fv. 46 Saudavegen.	I arbeidet med reguleringsplan for området må det sikrast avbøtande tiltak for eventuelt nye bustadar innanfor gul støysone.

Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at innspelet vil føre med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur - Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber - Vassnett		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for temaa områdestabilitet, og avbøtande tiltak må implementerast. For tema ekstremver og forureining bør det vurderast avbøtande tiltak. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel, så lenge avbøtande tiltak blir implementert.							


Innspel nr. VA06, Næring, Knapphus - Vats

Gnr./bnr.:	119/44
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KP: Råstoffutvinning og friområde, RP: steinbrudd og friområde
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	Ca 35 daa
Forslagsstillar:	Ottar Skjold Maskin AS
Grunneigar:	Øyno Eigedom as
Skildring av innspelet:	Ønske om næringsareal etter ferdig masseuttak. Reguleringsendring er gjennomført i samsvar med ønske i innspelet.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspeletområdet er vist med blått omriss



Utsnitt av gjeldande reguleringsplan



Utsnitt av reguleringsplan under arbeid

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Mineralressurs med god kvalitet. Regulert friområde har skog med svært høg bonitet.</p> <p>Vurdering Masseuttaket nærmar seg avslutning, og utbygging til næring vil sikre etterbruk av arealet. I reguleringsendringa er det smale arealet avsett til friområde ikkje tenkt nytta til næring, men skal stå att som buffer. Nøytral konsekvens.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Omsynssone naturmiljø i og rundt Vatsvatnet.</p> <p>Vurdering Utbygging i område der det er allereie utbygd areal er vurdert å få nøytral konsekvens for naturmangfald og vassmiljø.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Ingen registrerte landskapsverdiar.</p> <p>Vurdering Skogen mot Vatsvatnet og Saudavegen fungerer i dag som buffer/skjerming av inngrepet som er gjort i samband med masseuttak.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema	
	Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er avsett buffersone på land langs Vatsvatnet i KPA (omsynssone naturmiljø) og i reguleringsplan.</p> <p>Vurdering Innspelet om næring er vurdert å få nøytral konsekvens for strandsone langs vassdrag, innspeletsområdet går ikkje inn i omsynssona.</p>	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte verdiar.</p> <p>Vurdering Dagens bruk av området gjer det lite tilgjengeleg og eigna for rekreasjon. Endring til næringsformål vil ikkje endre verknaden for tema.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering Innspelet gjeld endring av bearbeidd område, og vil legge til rette for utviding av eit eksisterande næringsområde som ligg med kort avstand til hovudveg (E134 og fv. 46).</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering Legg til grunn at eksisterande infrastruktur kan nyttast også for dette området</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering Endring av ferdig massetak til næringsareal i eit sentralt næringsområde er i tråd med arealstrategiar for klima og miljø og berekraftig kommune. Det er registrert få miljø- og samfunnsverdiar i området, og innspelet er ikkje vurdert å medføra vesentleg konflikt med andre målsettingar i KPS.</p>	

Samla vurdering	Innspelet er vurdert å ha ingen negative konsekvensar for miljø eller samfunn. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---



ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områ destabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrengingrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det pågår planarbeid i området, og utgreiing av kvikkleire må inngå i den planen.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Ligg delvis i aktsemdområde for flaum frå Vatsvatnet.. Innspelet vil medføre terrengingrep som kan ha stor påverknad på ei potensiell flaumhending.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for flaum. Flaumfaren må avklarast i reguleringsplan.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen bygningar med varig personopphald.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Eventuelt eksisterande vollar/filtrerings basseng	H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg, og utslepp av partiklar til Vatsvatnet. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA- rammeplan i samband med reguleringsplan.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilgang på sløkkevatn og tilkomst for brannbil	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det ikkje skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	M	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Høg fartsgrense på Saudavegen, og uoversiktleg siktsituasjon mot sør.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.

Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	-	M	H	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Masseuttak kan føra til at avrenning frå området kan innehalde partiklar/sediment, noko som kan skade Vatsvatnet.	Det må i arbeidet med reguleringsplan og driftsplan sikrast tilstrekkeleg rensing av overflatevatn frå masseuttaket, før utslepp til Vatsvatnet.
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, flaum i elv og bekk, overvatn og forureining til grunn/vatn, men innspelet kan tilrådest ved implementering av plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel							

Innspel nr. VA07, Privat tenesteyting/reiseliv, Nesheim – Vats	
Gnr./bnr.:	114/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Kombinert føremål: privat tenesteyting/reiseliv
Arealstorleik:	6,9 daa
Forslagsstillar:	Eirik Nesheim
Grunneigar:	Eirik Nesheim
Skildring av innspelet:	Endring frå LNF til kombinert føremål privat tenesteyting/reiseliv, med utgangspunkt i eksisterande næringsverksemd på staden.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Området består i hovudsak av bebygd areal, men den vestlege delen er registrert som innmarksbeite.</p> <p>Vurdering Omgjering av LNF-føremålet inneber at den delen som er registrert som innmarksbeite blir sett av til utbyggingsføremål. Området ligg ikkje i kjerneområde for landbruk, og inngrep i eit avgrensa areal for innmarksbeite tilseier svak negativ verknad. Ved å ta ut beitearealet frå innspelsområdet er konsekvens vurdert til nøytral.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte naturverdiar.</p> <p>Vurdering Tiltaksområdet er i hovudsak utbygd, og omgjering av arealføremål vil difor ha nøytral verknad på naturmangfaldet.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert verdiar knytt til landskap. Terrenget i bakkant av eksisterande busetnad stig relativt bratt mot vest.</p> <p>Vurdering</p>	

		Området er delvis utbygd, og ei eventuell vidare utbygging med tilsvarende arealbruk vil gi nøytral verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag Området består av eit eldre tunmiljø, med to SEFRAK-registrerte bygningar. Dette gjeld ei løe frå tredje kvartal av 1800-talet, og eit våningshus frå andre kvartal av 1800-talet. Næringsverksemda er knytt opp mot kulturmiljøet, der løa blir nytta som fest- og arrangementslokale og våningshuset blir nytta til blant anna utleie for overnatting. Omgjering til privat tenesteyting/reiseliv er meint for å vidareføra og utvikla dagens bruk av bygningane, og verknaden blir vurdert som positiv.	
	Strandsone	Innspelsområdet ligg ikkje i strandsona, og tema er difor ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert verdiar innanfor tema i området. Vurdering Tiltaket vil ikkje føra med seg særskilde utfordringar eller moglegheit for tema, og verknaden blir difor vurdert som nøytral.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	Vurdering Tiltaket inneber ei vidareutvikling av eksisterande næringsverksemd, knytt til eit historisk bygningsmiljø. Det blir i liten grad lagt opp til beslaglegging av nye utbyggingsområde. Nøytral verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Det ligg ikkje føre informasjon som tilseier eit behov for oppgradering av eksisterande eller bygging av ny infrastruktur. Ingen eller enkle tiltak tilseier nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet bygger spesielt opp om arealstrategiane om å «gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt», «sikra viktige og utvalde kulturminne gjennom arealforvaltning og samarbeid med private grunneigarar og kulturmyndigheit» og «ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevare vår eigenart, og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling. Det ligg ikkje føre målkonflikt med andre strategiar/mål i KPS, noko som tilseier nøytral verknad for tema.	

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om kommunen sine strategiar knytt til besøksattraktivitet; leggja til rette for eit berekraftig reiseliv basert på oppleving av natur og kultur og arealstrategien «gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt». Beiteareal i vest bør vurderast tatt ut frå innspelsområdet. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapt farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred,		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred, snøskred (klasse S2	Det må utarbeidast omsynssone som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred,
steinsprang, kvikkleire							utan skogeffekt) og lausmasseskred.. Innspelsområdet er i hovudsak utbygd frå før. Eventuelle mindre terrengingrep kan likevel føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	lausmasseskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet. For område i aktsemdområde for snøskred S2 må skog sikrast verna, eller så må aktsemdområde sikrast som omsynssone.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon	Eventuelle eksisterande radonsperrer/dukk/ventilasjon	M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Usikker aktsemdgrad. Innspelsområdet er i utbygd.	Det bør utarbeidast omsynssone (H330) som viser utstrekninga av potensielle område med radonkonsentrasjon over grenseverdi i TEK17.
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Eksisterande overvassystem og grøfter/stikkeleidingar langs Saudavegen	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	I hovudsak utbygd i dag. Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er/er ikkje skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapt farar								

Ulukker med transportmiddel		M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Noko uoversiktleg avkøyrslø i dag, men innspelet omhandlar vidareføring av dagens bruk. Ikkje behov for oppgradering av godkjent avkøyrslø.	
Høgspont		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Delvis innanfor gul støysone frå Saudavegen.	For eventuelt nye bygningar med personopphald må avbøtande tiltak i gul støysone avklarast i
								samband med søknad om tiltak.
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, men innspelet kan tilrådest ved implementering av plangrep/avbøtande tiltak. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel							

Innspel nr. VA08, Kombinert bustad og næring, Øvre Vats	
Gnr./bnr.:	121/ 13, 15, 20, 34, 35, 36,
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Offentleg tenesteyting
Foreslått arealføremål:	Kombinert næring og bustad
Arealstorleik:	6,6 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Vindafjord kommune
Skildring av innspelet:	Endring av deler av tidlegare barnehage- og skuletomt til næring/bustad
Kartutsnitt/foto:	
<p>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Ingen registrerte verdiar i området. Uaktuelt tema	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Ingen registrerte verdiar Vurdering Utbygging/transformasjon av eit allereie utbygd areal er vurdert å få nøytral konsekvens	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Ingen registrerte landskapsverdiar Vurdering I forhold til 0-alternativet er innspelet vurdert å få nøytral konsekvens for tema	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – uaktuelt tema	
	Strandsone	Uaktuelt tema	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Eksisterande barnehage- og skuletomt har verdi som leike- og rekreasjonsareal men største delen av opparbeida uteopphaldsareal er ikkje med i innspelet. Vurdering	

	Endringa av formål er vurdert å ikkje få negative konsekvensar for tema. Ei utbygging av bustadar tett på eksisterande bustadfelt der det er eit nærmiljø er positivt for nye bustadar. Det er forutsett at næringsaktiviteten er foreinleg med bustadformål.	
--	---	--

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Innspelet gjeld fortetting/transformasjon av utbygd område, med kort avstand til gang- og sykkelveg og kollektivtilbod (E134). Det er forutsett at næringsaktiviteten er foreinleg med bustadformål. Avstand til daglegvareforretning er ca. 3 km, medan avstand til skule, barnehage, fritidsaktivitetar er ca. 8 km. Utbygginga er med bakgrunn i dette vurdert å bli bilbasert. Dette gir svak negativ konsekvens.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Legg til grunn at eksisterande infrastruktur kan nyttast.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet støttar opp om buattraktivitet som er ein av arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS. Transformasjon av allereie utbygd areal er og i tråd med arealstrategi for klima og miljø. Det er registrert få miljø- og samfunnsverdiar i området, og innspelet er ikkje vurdert å medføra vesentleg konflikt med andre målsettingar i KPS.	

Samla vurdering	Innspelet er vurdert å ikkje ha negative konsekvensar for miljø eller samfunn, forutan at utbygginga i stor grad vil vere bilbasert. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---


ROS-analyse

Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrenngrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande	Innspelet vil kunna medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering

- Ekstrem nedbør/overvatn						tiltak er naudsynt		og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilgang på sløkkevatn, tilkomst for brannbil	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er lite skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense, eksisterande vegsystem	M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet legg opp til ei utbygging som kan føra til auke i trafikk til området.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspont		M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Det går høgspont inn til innspelsområdet frå nord.	Det bør utarbeidast faresone (H370) tilpassa sikringssone for aktuelt høgspontanlegg. Avklarast med netteigar. Det kan òg vere aktuelt å leggje høgspontanlegg i bakken.
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Næring kombinert med bustad blir ikkje vurdert å gje auka risiko og sårbarheit for brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko. Ein ser ikkje for seg at tenesteyting og/eller forretningsverksemd som lar seg kombinera med bustad kan utgjere større risiko på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire) og ekstremvêr. Høgspont er vurdert med akseptabel risiko, men tiltak må gjennomførast. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. VA10, Naust, Steinnes - Vats	
Gnr./bnr.:	102/6
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF, omsynssone landbruk
Foreslått arealføremål:	Naust
Arealstorleik:	130 m ²
Forslagsstillar:	Tjerand Røgenes
Grunneigar:	Elling Frøland
Skildring av innspelet:	Det ligg i dag 4 naustrettar på neset nord for N50 i KPA. Å realisere desse vil vere uheldig då nærmiljøet nyttar dette området til rekreasjon. Desse fire kan realiserast innanfor N50, men i tillegg er det innspel om ei nausttomt til sør for avsett nautsområde.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan/ evt. reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Arealet er registrert som innmarksbeite. I sjø er det registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk.</p> <p>Vurdering Ca 130 m² beite vil gå tapt. Vurdert ingen verknad på gyteområde for torsk. Svak negativ verknad.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag I sjø nordvest for innspelsområdet, Indralandsvika, er det registrert eit svært viktig ålegrassamfunn.</p> <p>Vurdering Det er ikkje forespeila tiltak i sjø som følgje av innspelet, og avgrensinga av</p>	

		ålegrassamfunnet strekk seg ikkje rundt neset. Tiltaket er vurdert å ikkje medføre negative konsekvensar for naturmangfald, vassmiljø eller karbonlagre. Nøytral verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte særskilde landskapsverdiar. Vurdering Å opne for eit ekstra naust i den minst eksponerte enden av naustrekka er vurdert å medføre nøytral konsekvens for tema.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne – Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte særskilde standsoneverdiar. Vurdering Ikkje vurdert å påverka strandsona negativt i særleg grad i og med at det er ei lita utviding med same arealbruk. Det gir svak negativ konsekvens.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Området nordvest for avsett naustområde blir nytta til rekreasjon. Vurdering Det er vurdert som positivt å «flytte» naustrettane til avsett naustområde og med ei mindre forlenging av naustområdet.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Uaktuelt tema – det er naustrettar på arealet, eit ekstra naust er vurdert å ikkje medføre verknadar for tema.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ingen eller enkle tiltak – låg samfunnskostnad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet støttar opp om buattraktivitet som er ein av arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS. Det er registrert få miljø- og samfunnsverdiar i området, og innspelet er ikkje vurdert å medføre konflikt med andre målsettingar i KPS.	

Samla vurdering	Få og små konfliktrar, og det er positivt at ein flyttar naustrettar vekk frå område som har rekreasjonsverdi for nærmiljøet. Innspelet fører til ytterlegare nedbygging av strandsona med det utvida området, men dette vil bli liggande inntil avsett naustområde. Innspelet blir tilrådd tatt med i planen.
-----------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet		H	L	M	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for

-Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire						tiltak er naudsynt		skred. For tiltak i klasse K0 må det vurderast om det er naudsynt med faresonekart-legging.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området ligg delvis innanfor område for 20-års stormflo. Akseptabelt sannsyn for F1-tiltak.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad. Ikkje aktuelt for bygningar utan varig personopphald.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvær. Nærleik til sjø gjer at overvatn blir vurdert som eit mindre problem. Usikkerheit: Ekstremvær er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, omkringliggende jorder og infrastruktur	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Lite vegetasjon i innspelsområdet.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkmengd på hovudveg og tilkomstveg	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Eksisterande tilkomst til området kan nyttast.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	

Skade på kritisk infrastruktur - Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber - Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Innspelet har uakseptabel risiko for tema skred/ras/områdestabilitet. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. VA12, Naust, Kvigeneset - Vats	
Gnr./bnr.:	138/42
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Naust
Arealstorleik:	Ca. 0,8 daa
Forslagsstillar:	Svein Håkon Hetlevik
Grunneigar:	Anne Liv Hetlevik og Inge Mæland
Skildring av innspelet:	Utvide eksisterande naustområde N57 mot sør. Innspelet omfattar berre areal på land.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

		Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet er samansett av open, jorddekt fastmark nærmast sjøen, og 0,9 daa fulldyrka mark mot vegen. Lokalt viktig gytefelt for torsk i Vatsfjorden.</p> <p>Vurdering Ein legg til grunn at det ikkje er snakk om inngrep i sjø. Innspelet vil leggje beslag på eit avgrensa areal fulldyrka mark som ligg for seg sjølv. Svak negativ konsekvens.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag I sjøområdet utanfor eksisterande naustområdet er det registrert den marine naturtypen ålegraseng (DN19) med svært viktig verdi (nasjonal verdi).</p> <p>Vurdering Innspelsområdet ligg berre på land, og det er ikkje spelt inn tiltak i sjø. Avgrensinga til ålegrasområdet går i hovudsak frå moloen og nordover. Innspelet får difor nøytral konsekvens.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrert særskilde landskapsverdiar.</p> <p>Vurdering Strandlinja i innspelsområdet er ikkje utbygd, men det er eit eksisterande naust på same eigedom, like mot nordvest. Området er vendt mot sørvest, og har gode lys-/soltilhøve. Strandsona på begge sider av Vatsfjorden har fleire naust, og tiltaket blir vurdert å vera godt tilpassa dei eksisterande omgjevnadane. Nøytral verknad.</p>	

	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminneverdiar – Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrert særskilde standsoneverdiar. Vurdering Innspeksområdet er i hovudsak jordbruksareal, og er derfor ikkje definert som «tilgjengeleg». Nøytral verknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til tema i området – Ikkje aktuelt.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Innspelet kan medføre oppføring av nye naust, og vil leggje beslag på jordbruksareal. Det er ikkje opparbeid gang- og sykkelveg langs Fv. 4744 forbi området, og transport til og frå området er venta å vera bilbasert. Svak negativ konsekvens.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ingen eller enkle tiltak – låg samfunnskostnad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet støttar opp om buattraktivitet som er ein av arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS. Det er registrert få miljø- og samfunnsverdiar i området, men ein vil bygge ned noko landbruksareal. Svak negativ konsekvens.	

Samla vurdering	Innspelet gjeld inngrep på land for bygging av naust i tilknytning til eksisterande anlegg. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	M	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Ras/skred er ikkje vurdert i gjeldande RP.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for skred. For tiltak i klasse K0 må det vurderast om det er naudsynt med faresonekart-legging.

Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området ligg delvis innanfor område for 20- års stormflo. Akseptabelt sannsyn for F1-tiltak.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad. Blir vurdert som ikkje aktuelt då naust ikkje skal ha varig opphald.	
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Kort avstand til sjø	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Nærleik til sjø gjer at overvatn blir vurdert som eit mindre problem. Usikkerheit: Ekstremvêr er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Lite vegetasjon i innspelsområdet. Fv. 46 vil ha noko funksjon som branngate for ev. grasbrann frå sør.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Behov for ny tilkomst til innspelsområdet. Smal veg med noko utfordrande sikt mot nord.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Innspelet har uakseptabel risiko med omsyn til temaa skred/ras/områdestabilitet og ulukker med transportmiddel. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. VA13, Kombinert føremål bustad og næring, Knapphus, Vats

Gnr./bnr.:	119/45, 105, 119
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Næring, eldre reguleringsplan: forretning
Foreslått arealføremål:	Kombinert føremål bustad og næring
Arealstorleik:	14 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Lena Sjurseike, Knapphus Eigedom as og Vindafjord kommune
Skildring av innspelet:	Endring frå næring til kombinert område for bustad og næring. Det er ein bustad innanfor området i dag.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA og gjeldande reguleringsplan. Innspeksområdet er vist med blått omriss.



MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineralressursar	Ingen landbruksinteresser – ikkje aktuelt	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er gjort observasjonar av gråspurv (nær trua) og granmeis og grønfink (sårbare artar) i nærleiken av området . Arealet består i hovudsak av blandingsskog.</p> <p>Vurdering</p> <p>Utbygging i område der det allereie er utbygd areal rundt, er vurdert å få nøytral konsekvens for naturmangfald og vassmiljø. Tap av skog reduserer karbonlager. Nøytral konsekvens.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ingen registrerte landskapsverdiar. Terrenget skrånar mot sørvest.</p> <p>Vurdering</p> <p>Kan bli behov for terrenginngrep, men ikkje vesentlege i høve til eksisterande omgivnader. Nøytral verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlaget</p> <p>Det er eit registrert kulturminne i området, ein gravhaug som er automatisk freda.</p> <p>Vurdering</p> <p>Ei utbygging vil fordre frigiving av eit automatisk freda kulturminne.</p>	
	Strandsone	Uaktuelt tema	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ingen registrerte verdiar.</p> <p>Vurdering</p> <p>Endring frå næring til kombinert formål vil ikkje endre verknaden for tema.</p>		

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket vil opne for større fleksibilitet i eit område med eksisterande næring, forretning og bustad rundt. Nøytral verknad.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Legg til grunn at eksisterande infrastruktur kan nyttast også for dette området.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Endring frå næringsareal til kombinert formål næring og bustad bygger opp om strategiar om at mindre næringsaktørar skal kunne utvikle seg lokalt. Innspelet støttar også opp om buattraktivitet som er ein av arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS. Det er registrert få miljø- og samfunnsverdiar i området, og innspelet er ikkje vurdert å medføra vesentleg konflikt med andre målsettingar i KPS.</p>	

Samla vurdering	Tiltaket inneber få konflikhtar med registrerte tema, og er i samsvar med dagens situasjon. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabili- tet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn. Krav om reguleringsplan med avbøtande tiltak.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Områda rundt er bygd ut. Ein legg til grunn at det er tilstrekkeleg tilgang på sløkkevatn..	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fart (50 km/t) og god sikt i avkøyrsle	M	M	L	L	Akseptabel risiko – vurdere avbøtande tiltak	Fartsgrense 60 km/t, men utan tilbod om g/s-veg.	Krav om reguleringsplan med avbøtande tiltak
Høgspont		-	-	-	-		ikkje i aktsemd/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	-	-	Akseptabel risiko – vurdere avbøtande tiltak	Deler av arealet ligg i raud og gul støysone.	Krav om reguleiringsplan med avbøtande tiltak
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar		-	-	-	-		Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko	
- Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett							for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. VB02, Spreidd næringsbusetnad og park - Synøvehaug	
Gnr./bnr.:	336/2
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Spreidd næringsbusetnad og park
Arealstorleik:	Ca. 9 daa
Forslagsstillar:	Magne Bjordal
Grunneigar:	Magne Bjordal
Skildring av innspelet:	Areal til fritids- og turistføremål, dels i kombinasjon med bustad- og grøntføremål med mål om å utvikle gardsverksemda og ei ny turistverksemd. Etter høyring er forslaget justert og meir detaljert. Det viser no kva areal som er planlagt for bygningar og eit grøntanlegg i tilknytning til dette. Areal 1 og 3: bygningar for turisme. Areal 2: hage/park

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>I kartbase er ubygd del av området registrert med skog av høg og sær s høg bonitet. Historiske flyfoto tilseier at området har hatt tett skog, men i dag er området høvesvis ope. Det står eit nyare våningshus innanfor området.</p> <p>Vurdering</p> <p>Utbygging legg beslag på eit avgrensa område med potensielle skogressursar. Svak negativ verknad.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ikkje registrerte naturverdiar, men det er fleire viktige artsregistreringar i nærområdet (t.d. vipe i sør og ask i aust). Det er ikkje vegetasjon med særleg funksjon som karbonlager på området i dag.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet er vurdert å ikkje medføre verknadar for tema, nøytral konsekvens.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Ikkje registrerte landskapsverdiar. Kulturlandskap.</p> <p>Vurdering</p> <p>Området ligg rundt ein liten kolle i skråning ned mot sjø, og innspelet gjeld ein ny type arealbruk/utbyggingsform. Det blir vurdert at ny arealbruk vil kunne delvis tilpassast eksisterande omgjevnadar. Svak negativ verknad.</p>	

	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminneverdiar – Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Innspelet ligg utanfor strandsona – Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte verdiar. Vurdering Påverkar ikkje forholda for barn og unge, nærmiljø eller friluftsliv – Nøytral konsekvens.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Kunnskapsgrunnlag Privat gardsveg frå Vikevegen. Dårleg tilrettelagt for bruk av kollektivtilbod, og det er ikkje gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Vurdering Utbygginga vil i stor grad vere bilbasert – Svak negativ verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Tiltaka krev tilkomstveg/parkering og sanitæranlegg. Anlegga vil vere ei privat finansiering, og får ikkje konsekvensar for samfunnskostnadar.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Auka tilbod for turisme og reiseliv. Tiltaket er ei satsing på natur-/gardsbasert oppleving og vil kunne bidra til måloppnåing for attraktive lokalsamfunn der ein av strategiane er å definera kommunen som reiselivsdestinasjon og leggja til rette for berekraftig reiseliv basert på oppleving av natur og kultur. Blir vurdert å vera i samsvar med arealstrategi om å gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt.	



Samla vurdering	Det er få registrerte verdiar i området. Det er gitt føresegnar til området som samsvarar med planlagt arealbruk. Prosjektet kan realiserast utan reguleringsplan og at jordlova skal gjelde for alle delar av prosjektet. Tiltaket bygger opp om satsinga på reiseliv. Kombinasjon mellom turistformål og bustadformål kan vere konfliktfylt. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knyt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Innspelet kan medføre terrengingrep som kan påverke områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.

Stormflo/ havnivåstigning/		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde.	
flaum i elv eller bekk								
Radon		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Høg aktsemdgrad	Det bør utarbeidast omsynssone (H330) som viser utstrekninga av potensielle område med radonkonsent-rasjon over grenseverdi i TEK17.
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overva tn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar overvassituasjonen, men vatn kan leiast til sjø.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Det er ein del skog i området. Ein legg til grunn at det er tilgang på sløkkevatn på garden. TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkmengd, sentral tilknytning til fylkesveg	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet medfører endringar i høve dagens trafikksituasjon.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		H	M	-	-	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	22 kV-leidning (luftspenn) går gjennom innspeletområdet.	Det bør utarbeidast faresone (H370) tilpassa sikringsone for aktuelt høgspantanlegg. Avklarast med netteigar. Det kan òg vere aktuelt å leggje høgspantanlegg i bakken.
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt for innspelet.	

Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for innspelet.	
-Vassnett								
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire) og strålingsfare (høgspenning). Innspelet kan tilråddast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. VB03, Bustad, Vossasvingen - Vikebygd	
Gnr./bnr.:	331/6
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	1,7 daa
Forslagsstillar:	Espen Flåtene
Grunneigar:	Espen Flåtene
Skildring av innspelet:	Ønske om bustadformål
Kartutsnitt/foto:	
	
Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med raudt omriss	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Kunnskapsgrunnlag Registrert som lauvskog med særst høg bonitet. Vurdering Avgrensa verdi som skogressurs, då det er eit lite område som ligg inneklemt mellom bustadtomter.	Green
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte verdiar. Vurdering Vegetasjon har verdi som karbonlager. Nedbygging gir svak negativ konsekvens.	Yellow
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte verdiar. Vurdering Området er delvis utbygd og ei fortetting med tilsvarande arealbruk vil gi nøytral konsekvens.	Green
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne i området.	Grey
	Strandsone	Uaktuelt tema.	Grey
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registreringar som tilseier at innspelsområdet har verdi for barn og unge, nærmiljø eller friluftsliv. Vurdering	Green

	Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø der ein har butikk, skule og barnehage innanfor gangavstand, men ein må krysse fylkesvegen for å komme over på gang- og sykkelvegen. Innspelet får nøytral konsekvens.	
--	--	--


SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Sentralt plassert, nær tilkomstveg og til eksisterande bustadar. Bustadar i nordvest er avsett til bustad i reguleringsplan. Ikkje samanhengande gang- og sykkelveg kan medføre meir bilkøyning til sentrum. Konsekvens blir svak negativ.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Mindre tiltak som ikkje vil krevje ny teknisk infrastruktur.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategiane «å sikre varierte butilbod i alle bygder» og «busettingsomsyn er særskilt gjeldande i Imsland, Bjoa og Vikebygd».	

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar, utan at det går utover andre verdiar. Det er vurdert som attraktivt og realistisk å få bygd ut og vil gi variasjon i tomtetilbodet i bygda. I tillegg er det betydelege utbyggingsplanar på Dommersnes, som ved realisering kan auke behovet for bustadar. Må vurderast saman med VB04. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreduserande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og greiut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		M	M	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Innspelet vil medføre terrenngrep som kan påverka områdestabilitet	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Krav om reguleringsplan.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-		Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	

Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå
								skade på nedanforliggende bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke. Ein legg til grunn at det er tilgang på sløkkevatn i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Vikevegen: 50 km/t, gs-veg	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet medfører små endringar i høve dagens trafikksituasjon – nye bustadar krev løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå Vikevegen.	Krav om reguleringsplan
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Kraftlinje lagt i bakken	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt for innspelet.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for bustadbygging.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire) og strålingsfare (høgspent). Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. VB04, Bustad, Vikebygd	
Gnr./bnr.:	331/6, 76 og 332/1, 54
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	Ca. 13 daa
Forslagsstillar:	Ivar og Jeanette Persvangeren Ødegård
Grunneigar:	Espen Flåtene (331/6), Magnus Rønning og Silje Dommersnes (331/76), Ivar og Jeanette M. Persvangeren Ødegård (332/1) og Else Karrin Dommersnes (332/54)
Skildring av innspelet:	Bustadformål
Kartutsnitt/foto:	
	
Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med raudt omriss.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Kunnskapsgrunnlag Skog på om lag halve innspelsområdet. Barskog med særskilt høgt bonitet. Vurdering Avgrensa verdi som skogressurs, då det er eit lite område som ligg inneklemt mellom bustadtomter.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er registrert fleire observasjonar av fuglar i innspelsområdet. Vanlege artar. Det renn ein bekk gjennom innspelsområdet. Vurdering Eksisterande skog kan ha verdi for fugl og som karbonlager. Vassmiljø og bekken sin funksjon som vassveg må ivaretakast. Dette vil truleg redusere tilgjengeleg byggeareal i området. Middels negativ konsekvens.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Ikkje registrerte verdier. Vurdering Området er delvis utbygd, og ei fortetting med tilsvarende arealbruk vil gi nøytral konsekvens.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	

Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registreringar som tilseier at innspelsområdet har verdi for barn og unge, nærmiljø eller friluftsliv. Vurdering Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø der ein har butikk, leike- og idrettsområde, skule og barnehage innanfor gangavstand, men ein må krysse fylkesvegen for å komme over på gang- og sykkelvegen. Svak negativ konsekvens.
---	---

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Sentralt plassert, nær tilkomstveg og til eksisterande bustadar. Ikkje samanhengande gang- og sykkelveg kan medføre meir bilkøyring til sentrum, då det manglar gang- og sykkelveg på delstrek mellom innspelsområdet og butikk/skule og barnehage. Konsekvens blir svak negativ.
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Vil krevje ny teknisk infrastruktur, som utbyggar sjølv må bera kostnadane for.
	Målsettingar i KP	Vurdering Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategiane «å sikre varierte butilbod i alle bygder» og «busettingsomsyn er særskilt gjeldande i Imsland, Bjoa og Vikebygd».

Samla vurdering	Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar, utan at det går utover andre verdiar. Det er vurdert som attraktivt og realistisk å få bygd ut og vil gi variasjon i tomtetilbodet i bygda. I tillegg er det betydelege utbyggingsplanar på Dommersnes, som ved realisering kan auke behovet for bustadar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreduserande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Innspelet vil medføre terrenngrep som kan påverke områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Krav om reguleringsplan
Stormflo/havnivåstigning/flaum i bekk og elv		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Ligg i aktsemdområde for flaum i vassdrag. Vassmiljø og flaumfare må vurderast i reguleringsplan.	Krav om reguleringsplan.

Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen, som kan ha konsekvensar for eksisterande busetnad og infrastruktur (Vikevegen).	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke. Ein legg til grunn at det er tilgang på sløkkevatn i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Vikevegen: 50 km/t, gs-veg	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet medfører endringar i høve dagens trafikksituasjon – nye bustadar krev løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå Vikevegen.	Krav om reguleringsplan
Høgspenning		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Kraftlinje lagt i bakken	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt for innspelet.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for bustadbygging.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire), flaum i bekk/elv, strålingsfare (høgspenning). Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. VB06, Turistføremål, Plassavegen - Vikebygd	
Gnr./bnr.:	329/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Bustad
Foreslått arealføremål:	Turistføremål
Arealstorleik:	Ca. 3,5 daa
Forslagsstillar:	Bjørn Helge Vik
Grunneigar:	Bjørn Helge Vik
Skildring av innspelet:	Innspelet gjeld omgjerung frå bustad til turistføremål, i tråd med vedteken reguleringsplan for området

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan/ evt. reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med raudt omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Uaktuelt tema.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Ingen registreringar av naturverdiar. Den delen av området som grensar til sjø ligg som friområde i KPA.	
	Landskap	Uaktuelt tema.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag Området er ein del av eit kulturmiljø av regional interesse, med utgangspunkt i både kyrkjemiljø og eit gardstun. Vurdering Området er ein del av eit kulturmiljø av regional interesse, og det må takast omsyn til dette ved ei eventuell utbygging. Turistføremål kan vera med på å styrka identiteten knytt til kulturmiljøet. Konsekvensen vert vurdert som positiv/nøytral.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Området ligg innanfor 100-metersbeltet frå sjø. Arealet direkte i tilknytning til sjø er sett av til friområde i KPA. Vurdering	

		Området er sett av til utbygging i tidlegare og gjeldande planar. Omgjering frå bustad til turistføremål kan vera med på å gjera strandsona meir tilgjengeleg. Uvisshet knytt til verknad gjer at ein plasserer konsekvens i gult, svak negativ.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Strandsona og området langs Plasselva er kartlagd som eit leike-, rekreasjons- og friluftsområde, men med relativt låg brukarfrekvens og dårleg eigenheit. Vurdering Sentral plassering med kort veg til leike- og rekreasjonsområde ved sjø og langs vassdrag. Omgjering frå bustad til turistføremål vil i liten grad ha påverknad på dagens situasjon i området. Nøytral konsekvens for temaet.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Kunnskapsgrunnlag Sentralt plassert, med kort avstand til butikk og sosial infrastruktur. Vurdering Utbygging i området vert ei form for fortetting i strandsona, med gangavstand til butikk. Likevel noko auka transportbehov som følgje av fleire tilreisande til området. Konsekvensen vert vurdert å vera nøytral.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ligg ved utbygde område med moglegheit for tilknytning til infrastruktur.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Turistføremålet er i tråd med målsetting om attraktive lokalsamfunn og berekraftig kommune i KPS. Innspelet byggjer opp om strategiane «definera kommunen som reiselivsdestinasjon» og «bærekraftig næringsutvikling», og strategien om å «fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra, .. og å bygga innanfrå og ut». Samla sett positiv konsekvens.	

Samla vurdering	Innspelet byggjer opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar, utan at det går utover andre verdiar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreduserande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og greiut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/område stabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Innspelet kan medføre terrenngrep som kan påverke områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona eller så må fare utgreiast som

								ein del av kommuneplanarbeidet.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i bekk og elv		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Deler av innspelsområdet ligg i område som kan vere utsett for stormflo med 200-års gjentaksintervall. Akseptabel risiko så lenge tiltak blir plassert utanfor.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen, men vatn kan leiast til sjø.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil, nærleik til sjø	L	L	L	L	Akseptabel risiko – avbøtande tiltak ikkje naudsynt	Ikkje vurdert å utgjere spesiell risiko for området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak ikkje naudsynt	Innspelet medfører meir trafikk på interne vegar høve dagens trafikksituasjon.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspant		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje høgspantanlegg i området.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området - tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Skade på kritisk infrastruktur Vegar, vassnett, kraftforsyning, tele/fiber		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire). Del av området er utsett for framtidig havnivåstigning/stormflo. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. VB07, Kombinert tenesteyting og forretning, Vikebygd

Gnr./bnr.:	328/41,83
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Tenesteyting
Foreslått arealføremål:	Kombinert område tenesteyting, forretning og bustad
Arealstorleik:	3,8 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Vindafjord kommune
Skildring av innspelet:	Ein ynskjer å kombinere tenesteyting med næring/forretning og bustad. Mogleg tomt for daglegvarebutikk

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med raudt omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet grensar til eit mindre, fulldyrka areal. Det er ikkje noko jordbruksareal innanfor innspelsområdet.</p> <p>Vurdering Det er ikkje landbruksareal innanfor innspelsområdet. Ingen påverknad på kringliggjande landbruksareal. Nøytral verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje gjort naturtypekartlegging i området, og det er ingen registreringar av artar i området. Det er ingen større vassdrag i nærområdet.</p> <p>Vurdering Ingen registrerte verdiar med omsyn til naturmangfald. Nøytral verknad.</p>
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området og nærleiken. Arealet er i hovudsak opparbeidd. Innspelsområdet ligg delvis på høgde med veg i aust, og delvis nedanfor vegen. Arealet er fordelt over to nivå.</p> <p>Vurdering</p>

		Området er relativt flatt, og alle tiltak innanfor området blir noko synlege frå vegen. Nøytral verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Uaktuelt tema.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor friluftsområdet <i>Vik skule og barnehage</i>, som er eit leike- og rekreasjonsområde. Området har høg brukarfrekvens, har høg grad av tilrettelegging, og er klassifisert som svært viktig. Det er registrert barnetråkk gjennom innspelsområdet, samt vest og aust for dette. Alle tråkka er knytt til bruk både som skuleveg og fritidsveg. Det er gang- og sykkelveg langs køyrevegane i området.</p> <p>Vurdering</p> <p>Sentral plassering gir moglegheit for eit godt nærmiljø der ein har butikk, leike- og idrettsområde, skule og barnehage innanfor gangavstand. Innspelet kan potensielt leggje beslag på leikeareal, noko som vert vurdert som negativt med omsyn til barn og unge. Det må finnast erstatningsareal for leikeområdet som vert beslaglagt.</p> <p>Sterk negativ verknad.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Sentralt plassert, nær tilkomstveg. Området er allereie avsett til tenesteyting og er opparbeidd, så innspelet vil ikkje medføre noko ytterlegare arealbeslag.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Ligg ved utbygde område med moglegheit for tilknytning til infrastruktur. Låg samfunnskostnad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategiane «å sikre varierte butilbod i alle bygder» og «busettingsomsyn er særskilt gjeldande i Imsland, Bjoa og Vikebygd». Innspelet innfrir òg arealstrategien om å «Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/bygdesentra,... og bygga innanfrå og ut». Ein av arealstrategiane er at det skal settast av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrka bygdesentra.</p>	

Samla vurdering	<p>Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar. Verknadane for born og unge og nærmiljø er sterkt negative som følgje av nedbygging av uteareala til skulen. Ei føring i samband med utviklinga av innspelsområdet må vera å finna erstatningsareal for skulen.</p> <p>Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>
-----------------	---


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for kvikkleireskred. Det må knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje sjø eller vassdrag i området.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Terrengformasjon gjer området usett av opphoping av overflatevatn.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, gode varslingsrutinar	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er skog i området. Det blir lagt til grunn at det er tilgang til sløkkjevatt i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg ÅDT. GSV langs vegen	M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Fv. 4736 – Vikevegen har fartsgrense 50 km/t på aktuell strekning. ÅDT på 800 med 15 % andel lange køyretøy. Det er etablert tilkomst til området. Oversiktlege siktilhøve.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde.	
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Støy frå fylkesveg. Ingen anna kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	

Brann- /eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Daglegvarebutikk kombinert med bustad blir ikkje vurdert å gje auka risiko og sårbarheit for brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko. Ein ser ikkje for seg at tenesteyting og/eller forretningsverksemd som lar seg kombinera med bustad kan utgjere større risiko på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire). Ekstremvêr blir vurdert med akseptabel risiko, men tiltak må gjennomførast. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. VB09, Småbåthamn, Ulvebne - Vikebygd	
Gnr./bnr.:	334/2
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Bruk og vern av sjø/vassdrag med tilhøyrande strandsone RP: Naust, småbåtanlegg, båtopptrekk, ferdsle m.m.
Foreslått arealføremål:	Småbåthamn
Arealstorleik:	Ca. 5,4 daa
Forslagsstillar:	Karl Larsen
Grunneigar:	Karl Larsen
Skildring av innspelet:	Innspelet gjeld eit område i sjø utanfor gjeldande reguleringsplan «Detaljregulering for naustområde Ulvebne» (planid 1160-14-08). Ein ynskjer å etablere småbåtanlegg lengre ut enn det gjeldande reguleringsplan opnar for per no, og vil difor at innspelet skal bli avsett til småbåthamn. Utvida areal i sjø er m.a. grunngitt med behov for betre skjerming av naust og småbåtanlegg mot vind- og bølgepåslag.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto, utsnitt av gjeldande kommuneplan og reguleringsplan. Innspelet er vist med raudt omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p><u>Fiske</u></p> <p>Kombinert føremål som ligg utanfor bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone er avsett til fiske og ferdsle, og er samanfallande med fiskeområdet Ålfjordbotn, som blir mykje nytta til både aktive og passive fiskereiskap.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet vil strekkje mogleg småbåtanlegg lengre ut i sjø. Så lengje ein held seg innanfor område som i dag er avsett til bruk og vern, blir det vurdert at innspelet ikkje kjem i konflikt med fiske- og fiskeriinteresser. Nøytral verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje gjort naturtypekartlegging i området, og det er få registreringar av artar i området. Nord for innspelet har Ulvebneelva utlaup til Ålfjorden.</p>

		Vurdering Innspelet blir vurdert å ikkje ha noko direkte verknad. Nøytral konsekvens.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i nærleiken. Gjeldande reguleringsplan har omsynssone for landskap som skal ivareta bekk sør i planområdet. Vurdering Innspelet grensar til eit eksisterande område for fritidsbustader, og eit regulert naustområde. Naustområdet er ikkje realisert. Utviding av område for småbåtanlegg blir vurdert å vera noko synleg. Middels negativt.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Vurdering Ikkje kjende kulturminne i området – ikkje relevant.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Regulert naustområde er ikkje realisert. Det er ikkje registrert særlege strandsoneverdiar/ålmenne interesser i området. Vurdering Reguleringsplanen blir vurdert som 0-alternativ. Det vil potensielt kunne bli eit større anlegg enn det som er regulert. Svak negativ verknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ingen registrerte friluftslivsområde i området. Gjeldande reguleringsplan har innregulerte friområde og friluftsføremål. Det er ikkje registrert barnetråkk i området. Vurdering Innspelet legg ikkje opp til vidare hindring for ålmenn ferdsle samanlikna med 0-alternativet. Tilgang til sjø er sikra. Nøytral verknad.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Vil ikkje generere ytterlegare trafikk utover det som er regulert.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Kunnskapsgrunnlag Gjeldande reguleringsplan regulerer inn tilkomst til området. Vurdering Den aktuelle reguleringsplanen er ikkje realisert. Utvidinga av sjøarealet vil ikkje medføre ytterlegare kostnader i samband med veg, vatn og avløp. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Naustområdet ved innspelsområdet er regulert, men enno ikkje realisert. Realisering av prosjektet vil støtte opp om buattraktivitet.	

Samla vurdering	Innspelet ligg like ved eit etablert område for fritidsbustadar, og eit innregulert område for naust med kai- og bryggjeanlegg mv. Innspelet vil legge til rette for eit tryggare småbåtanlegg. Tiltaket er vurdert å ikkje vera i konflikt med verdiar eller interesser i sjø. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
------------------------	---

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for jord- og flaumskred og kvikkleireskred. Ras/skred er ikkje vurdert i gjeldande RP.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for skred. For tiltak i klasse KO må det vurderast om det er naudsynt med faresonekart-legging.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet ligg i sjø, og vil falle inn under område for 20-årsflaum.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Høg aktsemdgrad. Ikkje relevant for innspelet.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Sterk vind er relevant for planlagde tiltak.	
Skog-,lyng-, og grasbrann		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Tiltak i sjø.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Kan medføre auke i sjøbasert ferdslse. Innspelet blir vurdert å ikkje medføre endringar med omsyn til vegbasert trafikk/transport.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Mogleg utfylling i sjø. Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine. Vegstøy frå	

							fylkesvegen er ikkje relevant.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Tiltak i sjø. Ingen særskild brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema ras/skred/områdestabilitet. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr.VD01, Bustad, Nedre Hallingstad - Vikedal	
Gnr./bnr.:	66/1, 107
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	4 daa
Forslagsstillar:	Bjørn Kjetil Skipevåg
Grunneigar:	Bjørn Kjetil og Hilde Skipevåg
Skildring av innspelet:	Omgjering av eit areal som omfattar eksisterande bustadhus frå LNF til bustad, som ei erstatning for bustadareal på gnr. 66, bnr. 66
Kartutsnitt/foto:	
<p>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet er delvis utbygd med eit våningshus og ein landbruksbygning. Resten av området består av impediment open fastmark og lauvskog, og vegtilkomst frå Movegen i aust. Tilgrensande areal i nordaust er fulldyrka mark.</p> <p>Vurdering</p> <p>Omgjering av areal med liten verdi knytt til landbruk får ikkje særskild negativ konsekvens. Nøytral verknad for landbruk.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert verdiar knytt til naturtypar, artar eller anna naturmangfald i området. Gjennom skogområdet går det ein bekk/dreneringsgrøft.</p> <p>Vurdering</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde verdiar i området, men omdisponering til bustad vil kunne føra til ei nedbygging av grønne areal, som både kan fungera som karbonlager og som leveområde for ulike fugleartar. Verknadane for temaet er større for området på 66/66 som er avsett i KPA i dag, enn for det innspelte området. Samla sett vert difor verknaden i høve til 0-alternativet vurdert å vera positiv.</p>

	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Innspelsområdet er relativt flatt, og mykje flatare enn avsett bustadområde på 66/66.</p> <p>Vurdering</p> <p>Bustadbygging i området vil krevja noko opparbeiding av terreng, men tomter kan tilpassast landskapet på ein god måte, og vil i liten grad vera synleg i området. Innspelsområdet er vesentleg flatare enn avsett bustadområde på 66/66, og verknaden blir difor vurdert å vera positiv.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet inkluderer to SEFRAK-registrerte bygningar. Den eine er eit våningshus frå første kvartal av 1900-talet, medan den andre er ein driftsbygning frå same periode, knytt til den gamle Prestegarden i området. Driftsbygningen er ei ruin eller fjerna i dag.</p> <p>Vurdering</p> <p>Omgjering til bustad vil føra til moglegheit for bygging av fleire bustadar, og det må då takast omsyn til eksisterande SEFRAK-bygg. Våningshuset er ikkje omfatta av kulturminnelova og soleis ikkje formelt verna, men kommunen må gjera vurderingar dersom det blir søkt om endringar av bygget. Verknaden for temaet blir vurdert å vera nøytral.</p>	
	Strandsone	Området ligg ikkje i strandsona – Ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innfallspørt til det viktige friluftsområdet <i>Sønnanåheia</i> ligg på andre sida av Movegen.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelsområdet ligg relativt nærme nærturterrenget knytt til <i>Sønnanåheia</i>, og har noko verdi temaet. Avstanden til næraste bustadområde i sør er ikkje lang, og det er heller ikkje avstanden til Vikedal skule og sentrumsområdet. Verknaden blir vurdert til å vera nøytral.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Plasseringa av innspelsområdet er relativ sentral, med kort avstand til eksisterande bustadar og til Vikedal sentrum. Det er veglys ned til sentrum, men ikkje eiga løysing for gåande og syklende, noko som kan føra til auka transportbehov og meir bilkøyring. Verknaden blir difor svak negativ.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Det vil vera behov for mindre tiltak med tilkopling til eksisterande infrastruktur, med kostnader som utbyggar sjølv må kosta. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Attraktive lokalsamfunn er eit av satsingsområda i KPS. Innspelet bygger opp om strategiane «å sikre varierte butilbod i alle bygder», men har ein marginal målkonflikt knytt til strategi om å «minska talet på personbiltransportar og få større del av den samla transporten over på sykkel, gange og kollektiv». Uvesentleg målkonflikt. Nøytral konsekvens.</p>	

Samla vurdering	<p>Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar, utan at det går særskild utover andre verdiar. Innspelt løysing er og vesentleg meir gunstig enn det avsette arealet på gnr./bnr. 66/66, som ein føreset blir teke ut av KPA.</p> <p>Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>
-----------------	---


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Skredfare-kartlegging Vindafjord	H	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Faresonekartlegging for steinsprang, jord- og flaumskred og sørpeskred viser ingen risiko for innspelsområdet. Innspelet vil medføre terrenngrep som kan påverka områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knyttast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk	Avstand til næraste vassdrag	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Usikker aktsemdgrad. Usikkerheita gjer at risikoen blirt vurdert som relativt høg, sjølv om byggeteknisk forskrift stiller krav til radonsperre i alle nye bygningar for varig personopphald.	Det bør utarbeidast omsynssone (H330) som viser utstrekninga av potensielle område med radonkonsentrasjon over grenseverdi i TEK17.
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Eksisterande grøfter	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil, tilgang på sløkkevatn	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog i området, men denne er ikkje særskild tett. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkmengde	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande	Fv. 4752 har låg trafikkmengd, men er smal og har relativt høg fartsgrense (60 km/t).	

						tiltak er ikkje naudsynt	Det manglar fortau fram til Vikedal sentrum.	
Høgspent		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Det står ei høgspentmast i den sørlege delen av innspelsområdet, med kabel i luftstrekk, som er ein del av distribusjonsnettet (22 kV).	Det bør utarbeidast faresone (H370) tilpassa sikringssone for aktuelt høgspentanlegg. Avklarast med netteigar. Det kan òg vere aktuelt å leggje høgspentanlegg i bakken.
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ligg delvis i gul støysone frå fv. 4752.	Avbøtande tiltak for eventuelt nye bustadar i gul støysone må dokumenterast i samband med søknad om tiltak.
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire) men innspelet kan tilråddast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. VD03, Næring, Vikedalsosen - Vikedal	
Gnr./bnr.:	43/34,78
/Dagens arealføremål (0-alternativet):	Fritids- og turistføremål og hamn
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	2,1 daa
Forslagsstillar:	Billy Grimaas
Grunneigar:	Vikedal Kai AS (43/34) og Billy Grimaas (43/78)
Skildring av innspelet:	Eksisterande hurtigbåtkai. Innspelet ynskjer å fange opp faktisk arealbruk som inkluderer sjøbasert næring

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet er eit utbygd og opparbeidd areal. I sjøen utanfor er det ei fredingsone for anadrom fisk tilknytt Osavika/Vikedalsosen. Heile fjorden er definert som eit lokalt viktig gytefelt for torsk.</p> <p>Vurdering Ingen verdi med omsyn til landbruk og mineralressursar. Ein legg til grunn at innspelet ikkje medfører arealbeslag i sjø. Nøytral verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til naturmangfald på land, og området har ingen funksjon som karbonlager. Sandeidfjorden har god økologisk tilstand, og udefinert kjemisk tilstand. Vikedalsosen har betydning for anadrom laksefisk.</p> <p>Vurdering Innspelet gjeld landareal, og legg ikkje opp til direkte inngrep i sjø. Kaien blir allereie nytta til næringsaktivitetar i dag. Nøytral verknad.</p>

	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskild viktig landskap i området. Innspelsområdet ligg rett utanfor det regionalt viktige landskapet <i>Vikedal – Søndenaaneset</i>.</p> <p>Vurdering</p> <p>Terrenget i innspelsområdet er opparbeidd, og arealet er delvis utbygd. Omgjering til næringsområde vil i liten grad ha verknad utover dagens situasjon. Nøytral verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminneverdiar – Uaktuelt tema.	
	Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Området ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Området blir i dag nytta til samferdsle (hurtigbåtkai), næringstransport og fritidsfiske.</p> <p>Vurdering</p> <p>Næringsføremål kan komme til å redusere tilgjenge til området, for eksempel om det vert behov for inngjerding av næringsareal. Svak negativ verknad.</p>	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Området har ingen registrert verdi knytt til nærmiljø, friluftsliv eller born og unge. Kaien vert noko nytta til fritidsfiske.</p> <p>Vurdering</p> <p>Næringsformål kan komme i konflikt med dagens bruk av området, middels negativ konsekvens.</p>	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Innspelsområdet ligg på nordsida av Vikedalsosen, i relativt kort avstand frå Vikedal sentrum, langs Fv. 46. Området blir nytta som hurtigbåtanløp, og noko næring/næringstransport, men innspelet opnar for at området i større grad kan nyttast til næring enn i dag. Ein føreset at det blir gjeve føringar for at ev. ny/auka næringsverksemd i området blir sjøretta, og at hurtigbåtanløpet blir sikra. Ein bør unngå besøksintensiv næring då arealet er avgrensa med omsyn til parkering og manøvrering av køyretøy. Transportbehov blir likevel vurdert å auke. Svak negativ verknad.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Eksisterande infrastruktur kan i stor grad truleg nyttast. Låg samfunnskostnad. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket byggjer og opp om hovudmål om berekraftig næringsutvikling og strategi om utvikling av små næringsverksemdar, men førstnemnde er avhengig av typen næring. Innspelet spesifiserer ikkje kva type næring ein ser for seg på arealet. Strategien om «rett verksemd på rett plass» tilseier at næringsverksemd på staden bør vera sjøretta. Lokaliseringa utanfor sentrum og utan gang- og sykkelveg tilseier at besøksintensiv næring ikkje bør tillatast. Usikkerheit knytt til kva type næringsverksemd tilseier svak negativ verknad.</p>	

Samla vurdering	<p>Tiltaket har få konflikstar knytt til registrerte verdiar for miljøtemaa, og fører ikkje til nye arealbeslag. Innspelet gjeld å endre føremål i samsvar med dagens bruk, men er likevel vurdert å kunne medføre privatisering av strandsona, og vere til hinder for bruk som fiskeplass. Det bør setjast føringar for at næring på arealet skal vera sjøretta, og ikkje publikumsretta/besøksintensiv, og at hurtigbåtanløpet skal sikrast. Det er fleire innspel i strandsona i området like nord for Vikedalsosen kor trafikkavvikling og tilkomst kan vera utfordrande. Det bør utarbeidast ein felles plan for området. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>
-----------------	---


ROS-analyse

	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for kvikkleireskred. Det må knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Ligg delvis i aktsemdområde for stormflo med 200-års returnivå. Dette gjeld og eksisterande bygning i innspelsområdet. Største tillatne sannsyn for stormflo for næringsbygningar er 200-års returnivå.	Næringsbygningar kan ligga i aktsemdområde for stormflo med 200-års returnivå, men ved bygging av nye bygningar bør det vurderast avbøtande tiltak som sikrar mot stormflo med bølgepåverknad. Ved bygging av nye bygningar vil det stillast plankrav, og tilstrekkeleg tryggleik må sikrast då.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Kort avstand til sjø	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen. Overvatn kan i stor grad leiast mot sjø, utan å gjera skade på andre eigedommar.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense på fv. 46, eksisterande avkøyrslle med akseptabel sikt	L	M	L	M	Akseptabel risiko	Hurtigbåten frå Vikedal til Stavanger har få avgangar pr. veke. Det er elles stort sett ferdsel med småbåtar til og frå båthamna i området. Usikkerheit om kva type verksemd som vil etablerast her, men ferdsel på sjø vil truleg ikkje bli vesentleg auka.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	

Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som er tenkt etablert i området. Brann i bygning kan få konsekvensar for båt som ligg til kai, og anløp for hurtigbåt, og vice versa.	Ved bygging av nye næringsbygg blir det stilt plankrav, og brann- og eksplosjonsfare må då utgreiast.
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som er tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko knytt til kai og veg.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for temaa område stabilitet (kvikkleire), stormflo og brann. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. VD04, Næring, Håvika/Søndenå - Vikedal	
Gnr./bnr.:	67/5
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	12 daa
Forslagsstillar:	Vikedal Mur og anlegg as
Grunneigar:	Ingvil Søndenaa Halvorsen
Skildring av innspelet:	Endring frå LNF til næring, for å sikra tilgang til areal for næring/industri som ikkje bør ligga i sentrum. Arealinnspelet er redusert etter høyring.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet er i hovudsak registrert med barskog med særst høg bonitet, men og noko impediment blandingsskog langs Saudavegen i vest. Pr dags dato er skogen i området hogd ut. I samband med uttak av tømmer er det etablert ein tømmerveg frå sørvest mot nordaust. Etter uttaket har vegen vore nytta i samband med utbygging av bustadar øvst i Søndenåfeltet. Grunnen i området er samansett av granitt, som potensielt kan vera ein nyttig ressurs både internt i området i samband med opparbeiding av terreng, men og til andre prosjekt utanfor innspelsområdet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket legg opp til omdisponering av skog med særst høg bonitet, men delar av dette er omdisponert allereie i samband med tømmeruttak med tilhøyrande veg. Mineralressursane i området kan vera nyttige ved utbygging i området, men og til andre prosjekt dersom massebalansen tilseier det. Med bakgrunn i inngrep i skog med særst høg bonitet, blir verknaden vurdert å vera middels negativ.</p>

	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til naturmangfald, men området har ein viss funksjon som karbonlager.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet vil føra til nedbygging av tidlegare delvis ubygd areal, og sjølv om det ikkje er gjort særskilde registreringar knytt til naturmangfald, er risikoen for skade på viktige artar til stades. Middels negativ verknad for tema.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelet ligg i det regionalt viktige fjordlandskapet som dekkjer området Vikedal – Søndenaaneset. Terrenget på det innspelte arealet er noko opparbeidd med tømmerveg, som går vidare til Søndenaåfeltet. Terrenget i innspelsområdet er småkupert men relativt flatt ved Saudavegen, og gradvis brattare opp i dalen mot nordaust.</p> <p>Vurdering</p> <p>Vidareutvikling til næringsføremål krev vesentlege terrenginngrep, spesielt i nordaust. Næringsområdet kan etablerast på fleire nivå oppover i terrenget for å dempa terrenginngrepa noko, men vil likevel krevja inngrep for å sikra tilkomst og store nok flater. Synlegheit av terrenginngrepa blir dempa av omkringliggjande terreng og skog. Det er i hovudsak frå Saudavegen inngrepa vil vere synlege, elles ligg området godt skjerma for omgjevnadane. Verknad er vurdert til middels negativ. Eit redusert areal er vurdert å gi mindre negativ konsekvens, sjå samla vurdering under.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminneverdiar – Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Tiltaket ligg ikkje innanfor strandsona - Ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelet ligg i randsona av registrert nærturterreng rundt Sønnaåheia. Før tømmervegen blei bygd, gjekk det ein tursti gjennom innspelsområdet frå bustadfeltet i nord og vidare sørover som del av rundtur rundt Sønnaåheia.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket vil ha ei viss påverknad på registrert nærturterreng, tilgjenge og spesielt opplevinga knytt turar og opphald i området. Svak negativ verknad.</p>	

		Tema	Vurdering av konsekvensar
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet ligg om 1,5 km frå sentrum i Vikedal, langs Saudavegen (fv. 46), og noko kortare frå næraste bustadområde i Søndenaåfeltet. Området er spelt inn med bakgrunn i behov for areal som kan stetta opp om meir plasskrevjande næringsverksemdar, og det er slik type næring det bør leggjast opp til, med tanke på avstand til sentrum og manglande løysing for gåande og syklande. Samstundes legg tiltaket opp til eit vesentleg arealbeslag, og verknaden blir difor vurdert å vera middels negativ.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Det må påreknast kostnader for privat utbyggar knytt til etablering av teknisk infrastruktur. Det ligg ikkje føre informasjon som tilseier behov for særskilde samfunnskostnader, og verknaden blir difor vurdert å vera nøytral.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket er i strid med LNF-føremålet i gjeldande KPA, med arealstrategi i KPS om å fortetta og bygga utanfrå og inn, og med arealstrategi om å bygga for å minimera transportbehovet, spesielt med bil. Samstundes er tiltaket i tråd med målsetting om attraktive lokalsamfunn, og spesielt arealstrategi om tilrettelegging for næringsliv og rett verksemd på rett stad. Sistnemnde føreset at det er snakk om næring som ikkje kan etablerast i tettstaden. Med bakgrunn i konflikt mellom fleire mål og strategiar, blir verknaden vurdert å vera svak negativ.</p>	

Samla vurdering	<p>Tiltaket har negativ verknad knytt til tema landskap og når det gjeld nedbygging av skog og natur. Konfliktane er størst i nordleg og austleg del av arealet, der terrenngrepa vil bli størst. Det bør difor vurderast å ta ut den austlege og nordlege delen av innspelsområdet der terrenget er brattast, slik at ein sit igjen med det noko flatare arealet langs Saudavegen. Av omsyn til friluftslivsinteresser bør det sikrast turvegforbindelse gjennom området. Behovet for denne typen næringsområdet er til stades, men det kan ikkje gå på bekostning av dei andre temaa i området.</p> <p>Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>
-----------------	---


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. Verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områ destabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Ligg delvis i aktsemdområde for kvikkleire, delvis i utlaupsområde for steinsprang, og delvis i aktsemdområde for snøskred S2 utan skogeffekt. Innspelet vil medføre terrenngrep som kan påverka områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for snøskred, kvikkleireskred og steinsprang. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan- arbeidet. For snøskred må det vurderast om skog skal sikrast verna. For bygningar i klasse K0 må det vurderast om det er naudsynt med faresonekartlegging
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad. Ikkje relevant for bygningar utan varig personopphald.	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen. Det må sikrast at avrenning ikkje får skade på omkringliggende	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-

							infrastruktur, til dømes Fv.46.	rammeplan i samband med reguleringsplan.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	M	M	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Fv.46 har høg fartsgrense, og det må sikrast at siktilhøva i tilkomsten til området er tilstrekkeleg.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Det går ei høgspenline i luftstrekk like nord for område, men sjølve eigedommen ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som er tenkt etablert i området. Usikkerheit tilseier noko risiko.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som er tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. VD05, Næring, Håvika - Vikedal	
Gnr./bnr.:	67/67
/Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	6 daa
Forslagsstillar:	John Sofus Grimås
Grunneigar:	John Sofus Grimås
Skildring av innspelet:	Omgjering frå LNF til næring. Arealet inneheld ein gamal vegstasjon

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	Innspelsområdet er utbygd med ein tidlegare vegstasjon, og har difor ingen verdi knytt til tema - Ikkje aktuelt.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til naturmangfald i området - Ikkje aktuelt.	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg i det regionalt viktige fjordlandskapet som dekker området Vikedal – Søndenaaneset. Terrenget på det innspelte arealet er planert ut om lag på nivå med Saudavegen i aust, men ein liten haug i vest og noko skrånande terreng i sør er bevart. Kringliggande terreng i vest er bratt ned mot sjø.</p> <p>Vurdering</p> <p>Terrenget i innspelsområdet er opparbeidd, og arealet er delvis utbygd. Omgjering til næringsområde vil i liten grad få påverknad utover dagens situasjon avhengig av utnytting og utforming. Nøytral verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i området - Ikkje aktuelt.	

	Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Størsteparten av arealet er innanfor 100-metersbeltet frå sjø. Ubebygd strandsoneareal i vest er bratt, og i liten grad tilgjengeleg for ferdsle og opphald.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelsområdet er i stor grad utbygd, og har lite verdi som opphalds- og ferdsleareal i strandsona. Øvrig areal i strandsona er bratt og i liten grad tilgjengeleg. Omgjering til næringsareal har ingen verknad på eksisterande bruk i strandsona, og verknaden er difor nøytral.</p>	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Det er ikkje registrert verdiar knytt til barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse i området - Ikkje aktuelt.	

		Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Innspelsområdet ligg om 1,5 km frå sentrum i Vikedal, langs Saudavegen (fv. 46), og noko kortare frå næraste bustadområde i Søndenafeltet. Innspelet legg til rette for transformasjon av ein tidlegare vegstasjon, men avhengig av type næring ein tillét å etablere vil biltrafikken til området auka. Det bør difor leggast føringar for type næring på eigedommen, for å unngå besøksintensiv næring. Dette er i tråd med dagens bruk, knytt til lagerverksemd. Samla sett blir verknaden vurdert til å vera svak negativ, med bakgrunn i transportbehovet.</p>		
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Eksisterande infrastruktur kan truleg nyttast, og samfunnskostnaden er difor låg. Nøytral verknad.</p>		
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket inneber transformasjon av eit allereie utbygd område, i tråd med målsetting knytt til berekraftig kommune. Tiltaket byggjer og opp om hovudmål om berekraftig næringsutvikling og strategi om utvikling av små næringsverksemd, men førstnemnde er avhengig av typen næring. Lokaliseringa utanfor sentrum og utan gang- og sykkelveg tilseier at besøksintensiv næring ikkje bør tillatast, men området er godt eigna for meir plasskrevjande verksemd, til dømes lagerverksemd. Dette vil i såfall vera i samsvar med strategi om «rett verksemd på rett plass». Samla sett blir verknaden vurdert nøytral.</p>		

Samla vurdering	<p>Tiltaket har få konflikter knytt til registrerte verdiar for miljøtemaa, og fører ikkje til nye arealbeslag. Det bør setjast føringar for type næring for å unngå stor auke i biltrafikk til området.</p> <p>Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>
-----------------	--


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Ligg delvis i aktsemdområde for kvikkleire, delvis i utlaupsområde for steinsprang, og delvis i aktsemdområde for snøskred S2 utan skogeffekt. Innspelet vil medføre terrengingrep som kan påverka områdestabilitet.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for snøskred, kvikkleireskred og steinsprang. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet. For snøskred må det vurderast om skog skal sikrast verna. For bygningar i klasse K0 må det vurderast om det er naudsynt med faresonekartlegging
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad. Ikkje relevant for bygningar utan varig personopphald.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen. Det må sikrast at avrenning ikkje får skade på omkringliggande bygningar/eigedommar.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								

Ulukker med transportmiddel		L	M	M	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Eksisterande avkøyrse kan nyttast.	.
Høgspenn		M	M	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande	Det går ein 22 kV høgspennleiing i luftspenn langs vestsida av Fv.46,	Det bør utarbeidast faresone (H370) tilpassa sikringssone for aktuelt høgspennanlegg.
						tiltak bør vurderast	delvis inne på innspelsområdet.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som er tenkt etablert i området. Usikkerheit tilseier noko risiko.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som er tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire). Innspelet kan tilråast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. VD06, Naust, Kvernavika - Vikedal	
Gnr./bnr.:	43/19, 78
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF og fritids- og turistformål
Foreslått arealføremål:	Naust
Arealstorleik:	0,6 daa
Forslagsstillar:	Billy Grimaas
Grunneigar:	Billy Grimaas og Tollef Terje Berg
Skildring av innspelet:	Omgjering frå LNF og fritids- og turistføremål til naust. Turistføremål i gjeldande KPA er større enn behovet tilseier

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet er registrert som impediment lauvskog, og den vestlege delen av arealet er bygd ut med naust, tilkomstveg og tilhøyrande kai. I sjø er det registrert eit gytefelt for torsk, som dekkjer store delar av Sandeidfjorden.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet inneber arealbeslag i eit område som er registrert som impediment lauvskog, og som er delvis avsett til LNF i gjeldande KPA. Arealet har ikkje verdi knytt til skogbruk eller fiske, og verknaden blir difor vurdert å vera nøytral.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskild viktig naturmangfald i området. Sjøområdet utanfor Vikedalselva og Vikedalsosen er omfatta av fredingszone for anadrom fisk.</p> <p>Vurdering</p> <p>Det er lite eller ingen vegetasjon i innspelsområdet, og konsekvensen for naturmangfald på land er difor nøytral. I sjø kan ev. nye brygger eller utfyllingar få negative verknadar for tilhøve til laks i området. Innspelsområdet omfattar ikkje areal i sjø, men det er sannsynleg at ein ved etablering av naust ønskjer tilrettelegging av kai eller brygge i sjø. Middels negativ verknad.</p>	

	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskild viktig landskap i området. Terrenget i innspelsområdet er delvis opparbeidd og planert ut i vest, medan det i aust er særst bratt ned mot sjø enkelte stader, med glatte berg.</p> <p>Vurdering Innspelet inneber store inngrep i terrenget og truleg utfylling i sjø, dersom det skal kunna byggast naust på den austlege delen av innspelsområdet. Terrenginngrepa vil vera synleg frå hurtigbåtkaien i aust og frå sjø i sør. I høve 0-alternativet der austleg del er avsett til utbyggingsformål er verknaden vurdert å vere middels negativ for tema.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminneverdiar – uaktuelt tema.	
	Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert konkret bruk av strandsona i området. Terrenget tilseier at strandsona i liten grad er tilgjengeleg for ålmenn ferdsle.</p> <p>Vurdering Ei eventuell bygging av naust i strandsona vil føra til arealbeslag, og potensielt meir privatisering. Fortetting mellom eksisterande utbygde område i strandsona som er lite tilgjengeleg og som allereie er avsett til utbygging i KPA gir nøytral konsekvens.</p>	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag Ein er ikkje kjend med at området blir nytta av barn og unge, eller til aktivitetar knytt til friluftsliv og folkehelse.</p> <p>Vurdering Ein vurderer at tiltaket ikkje endrar tilhøva for born og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse, og verknaden er difor nøytral.</p>	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Uaktuelt tema.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering Normalt vil det vere lite tilrettelegging for teknisk infrastruktur ved naust, og det i tilfelle små samfunnskostnader ved slike tiltak.</p> <p>Tilkomst til eksisterande naust er vanskeleg både for køyrande og gåande, og er ikkje godkjent av vegmynda. Det er ikkje opparbeida snuareal utanfor vegen, bilar må bruka fylkesvegen for å kunne snu. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, men det er sett i gong reguleringsplanarbeid for å sikre gangtilkomst. Ein godkjent tilkomstveg til området vil krevje store terrenginngrep. Utfordringar knytt til trafikksituasjonen i området gir middels negativ konsekvens. Ein legg til grunn at tilkomst må bli frå aust, via Vikedal kai.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering Eit naustområde kan støtte opp om buattraktivitet, som er ein at arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS, men ytterlegare fortetting i strandsona kan òg bryte med arealstrategi for berekraftig kommune kor ein skal ta vare på strandsona og natur. Middels målkonflikt, og middels negativ verknad.</p>	

Samla vurdering	<p>I innspelsområdet er det eit nyleg oppført naust. Austleg del inngår i eit større område avsett til turistføremål i gjeldande KPA. Terrenget og trafikksituasjonen for eksisterande naust gjer at ei eventuell fortetting med naust må få tilkomst frå aust. Det er fleire innspel i strandsona i området like nord for Vikedalsosen kor trafikkavvikling og tilkomst kan vera utfordrande. Det bør utarbeidast ein felles plan for området.</p> <p>Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>
-----------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Synleg fjell i dagen	H	L	M	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Ras/skred er ikkje vurdert i gjeldande RP.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for skred. For tiltak i klasse KO må det vurderast om det er naudsynt med faresonekart-legging.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Området ligg delvis innanfor område for 20-års stormflo. Akseptabelt sannsyn for F1-tiltak.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad. Blir vurdert som ikkje aktuelt då naust ikkje skal ha varig opphald.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Nærleik til sjø gjer at overvatn blir vurdert som eit mindre problem. Usikkerheit: Ekstremvêr er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, Fv. 46	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Lite vegetasjon i innspelsområdet. Fv. 46 vil ha noko funksjon som branngate for ev. grasbrann frå sør.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Eksisterande tilkomst frå Fv. 46 er ikkje godkjend, og terrenget i området tilseier at tilkomst må vera via kaien i aust.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området. Det bør utarbeidast ein felles plan for tiltak i strandsona i området.

Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Innspelet har uakseptabel risiko med omsyn til temaa skred/ras/områdestabilitet og ulukker med transportmiddel. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. VD08, Reinseanlegg, Søndenåneset- Vikedal	
Gnr./bnr.:	67/5
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: næring
Foreslått arealføremål:	Reinseanlegg
Arealstorleik:	Ca. 6 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Ingvil Søndenaa Halvorsen
Skildring av innspelet:	Kommunen har planar om å etablere kloakkreinseanlegg. Anlegget skal erstatte dagens anlegg ved hamna i Vikedal.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss



	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Arealinnspelet legg beslag på om lag 6 daa regulert næringsareal like aust for tømmerkaien i Vikedal. Arealet er ikkje opparbeidd og består i hovudsak av barskog.</p> <p>Vurdering</p> <p>Skogressursen er svært avgrensa. Innspelet blir vurdert å ha nøytral konsekvens.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrerte naturverdiar i området, men vest for tømmerkaien er det ein registrert tareskogførekomst med verdi A. Verdien er grunnleggjande med storleik på førekomst og at den overlappar med eit viktig gytefelt for torsk.</p> <p>Fjorden er klassifisert med god økologisk tilstand, mens kjemisk tilstand ikkje er klassifisert. Skogsareal er karbonrikt areal.</p> <p>Vurdering</p> <p>Ingen registrerte verdiar knytt til naturmangfald på land. Det blir føresett at ev. reinseanlegg må søkje om utsleppsløyve. Moderat verknad på karbonrike areal. Svak negativ verknad.</p>	

	Landskap	Etablering av eit reinseanlegg vil krevje inngrep i terrenget. Det er bratt ned mot sjøen, og av den grunn truleg best å dra anlegget noko opp frå sjøen. Den næraste strandsona/skråninga ned mot sjøen kan dermed skjermast til ei viss grad. Området ligg innanfor registrert viktig landskap i Rogaland: «Vikedal Søndenaeset». Vurdering Arealet er regulert til næringsformål, men ikkje opparbeidd. Innspelet grensar til tømmerkaien i vest. Etablering av reinseanlegg vil vere godt synleg frå sjøen. Noko negativ verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne.	
	Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Det grensar til tømmerkaien i vest. Inngrepet vil påverke strandsona negativt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert dokumenterte/kartlagde friluftsområde knytt til innspelet. Vurdering Inngrepet er vurdert å ha nøytral konsekvens for tema.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Uaktuelt tema.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Utbygging av nytt reinseanlegg gir god miljøgevinst på sikt. Tiltaket er vurdert som svært samfunnsnyttig.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Eit mål i KPS er å redusera forureining, og arealstrategi for å oppnå dette er å sikre at vassførekomst skal ha god økologisk og kjemisk tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning.	

Samla vurdering	Innspelet gjeld etablering av nytt reinseanlegg. Det vil bidra positivt med tanke på vassforvaltning og hindre forureining til sjø. Høg samfunnsnytte. Innspelet blir tilrådd med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		M	L	M	M	Uakseptabel risiko – avbøtande tiltak naudsynt	Området ligg under marin grense (aktsemdområde for kvikkleire). Innspelet vil medføre terrenginngrep som kan påverka områdestabilitet.	Tiltaket vil krevje reguleringsplan der grunnforhold må vurderast.
Stormflo/havnivåstigning/		H	L	L	L	Noko risiko	Kan lokaliserast på kotenivå som sikrar mot stormflo/havnivåstigning.	Sikrast i reguleringsplan

flaum i elv eller bekk								
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg risiko	
Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Kort avstand til sjø	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan medføre endringar i overvassituasjonen. Overvatn kan leiast til sjø.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil, tilgang på sløkkevatn	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Innspelet vil ikkje medføre vesentleg auke i trafikk.	
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelet ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Mellombels forureining til sjø kan oppstå under anleggsfasen. Det blir føreset at det i eit utsleppsløyve/forureinings - løyve kjem fram føringar for anleggsfasen.	
Brann- /eksplosjonsfare		L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Gass frå avløp/kloakk er ikkje «flyktig», og har veldig høg eksplosjonsgrense. Tiltaket blir vurdert å ikkje utgjere forhøga brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for tiltaket/innspelet.	
Samla vurdering	Risiko er akseptabel. Innspelet kan tilrådest.							

Innspel nr. VD09, Bustad, Urabø - Vikedal

Gnr./bnr.:	67/3
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	12,5 daa
Forslagsstillar:	Senterpartiet
Grunneigar:	Kjetil Gilje
Skildring av innspelet:	Endre frå LNF til bustad.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet består i all hovudsak av lauvtrevegetasjon på høg til særskilt høg bonitet.</p> <p>Vurdering Legg beslag på skogressursar, konsekvensar er vurdert å gi svak til middels negativ verknad for tema.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskild viktig naturmangfald i innspelsområdet.</p> <p>Vurdering Skogområdet har ingen registrerte verdiar, men har ein viss lokal verdi. Tiltaket kan føra til nedbygging av dette området, som og har ein verdi som karbonlager. Verknaden av tiltaket blir vurdert til å vera svak negativ.</p>
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Arealet ligg innanfor kategorien kystlandskap, men utan å vere registrert som viktig landskap eller kulturlandskap. Arealet ligg i skrånande terreng, nordvestvendt, og stig bratt mot sør, frå om lag kote 58 til 88 (gjennomsnittleg stigning på om lag 35%).</p> <p>Vurdering Innspelsområdet krev relativt store terrenginngrep for å kunna tilretteleggjast. Tilkomst</p>

		<p>kan bli vansekeleg, både av omsyn til den bratte stigninga, men også i høve til eksisterande busetnad.</p> <p>Planlegging av nye bustadar bør eventuelt ta opp høgdeskilnadene på ein måte som gir god terrengetilpassing. Middels negativ verknad.</p> <p>Ved førstegangsbehandlinga blei innspelet «silt ut» med følgande argumentasjon: «Bratt høgtliggjande areal mellom Urabø og øvste husrekkja i Søndenaufeltet. Der er sett av byggeområde for bustadar nedanfor som heller bør byggjast ut.»</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området – Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Innspelsområdet ligg ikkje i strandsona – Ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg i ytterkant og delvis mellom to eksisterande bustadområde (Urabø og Søndenaufeltet). Avstanden til Vikedal skule, sentrum og idrettsanlegg er mellom 0,6 og 1,0 km. Det er ingen registreringar av at arealet blir nytta til friluftsliv, heller ingen grønne korridorar gjennom arealet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Området ligg tett på eksisterande busetnad, med gangavstand delvis på gang- og sykkelveg og fortau til sentrum, skule og fritidsaktivitetar. Nøytral verknad.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Sentral plassering legg til rette for miljøvennleg transport. Gangavstand til sentrumsfunksjonar som skule, barnehage, idrettsanlegg, daglegvarehandel m.v. Tett på eksisterande bustadområde. Innspelet blir sett på som ei naturleg av utviding av bustadområde i vest. Med utgangspunkt i at arealbeslaget er relativt lite, blir verknaden for tema vurdert til å vera nøytral.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket vil krevja etablering av ny teknisk infrastruktur, med påkopling til eksisterande leidningsnett i vest. Dette føreset tilstrekkeleg kapasitet både for straum, vatn og avlaup. Kostnadane må berast av privat utbyggar, og samfunnskostnaden blir vurdert til å vera låg. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket byggjer opp om satsingsområdet i KPS om attraktive lokalsamfunn, og om arealstrategi som inneber «å sikre varierte butilbod i alle bygder».</p> <p>I Vikedal er det relativt mykje ledig bustadareal, både ferdig regulert og areal sett av i gjeldande KPA. I følge bustadanalysen og undersøkingar av tilgjengeleg areal, vil det som er regulert i dag vere langt meir enn tilstrekkeleg fram mot 2040. Det er mellom anna fleire ledig bustadtomter i Vikedal sentrum sør, på Holmen og i Søndenaufeltet sør. Desse tre felte opnar for varierte butilbod, dvs. både konsentrerte bustadtypar og einestadar, nokon tett på sentrum, andre i noko større avstand (Søndenaufeltet).</p> <p>Innspelet byggjer opp om strategiar i KPS, gir eit auka tilbod om utsiktstomter tett på eksisterande busetnad, men behovet er ikkje til stades i inneverande planperiode, derav svak negativ verknad.</p>	

Samla vurdering	Plasseringa tett på eksisterande busetnad er positivt, men i sum er det tilstrekkeleg ferdig regulert bustadareal i Vikedal. Innspelet blei vedtatt tatt med gjennom vedtak i formannskapet 09.06.2026.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapt farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Dei nedre delar av området ligg under marin grense og derav i aktsemdsområde for kvikkleireskred. Terrenngrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det er utarbeidd faresoner i kommuneplankartet som viser utstrekninga av potensielle område for naturfare. Fare må utgreiast nærare på reguleringsplannivå.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Låg risiko	Ein mindre del av området (i nord/nordaust) ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.	Den delen av arealet som er sett av med omsynssone flaumfare krev vidare vurderingar på reguleringsplannivå, eventuelt kan arealet tas ut av byggeområdet.
Radon		M	M	-	-	Akseptabel risiko	Usikker aktsemdsgrad	Radonkonsentrasjon må utgreiast nærare på reguleringsplannivå.
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapt farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Tilkomst via eksisterande avkøyring frå fv 46 kan nyttast.	Tilkomst må sikrast via eksisterande avkøyring frå fylkesveg. Arealet ligg i bratt terreng og beste trase for tilkomst må utgreiast på reguleringsplannivå.
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	

Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema ras/skred/områdestabilitet, men innspelet kan tilrådest ved implementering av plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel							

Innspel nr. Ø01, Bustad, Litle Nerheim - Ølen

Gnr./bnr.:	291/9
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	27,5 daa
Forslagsstillar:	Pål Viland Monstad
Grunneigar:	Pål Viland Monstad
Skildring av innspelet:	Endre frå LNF til bustad. (Arealet som ligg sør for Nerheimsvegen er tatt ut)

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet består av fulldyrka jord, eit gardstun, ein eksisterande bustad og ein garasje, samt eit lite skogareal med impediment lauvskog. Arealet ligg utanfor kjerneområde landbruk.</p> <p>Vurdering Innspelet tilseier ei vesentleg omdisponering av 14 daa landbruksjord til utbyggingsføremål. Arealet ligg utanfor kjerneområde landbruk, men verknaden for tema er likevel vurdert til sterk negativ.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskild viktig naturmangfald i innspelsområdet. Det renn ein bekk/avrenning frå landbruksareal gjennom skogområdet i nordvest. Skogen og bekken har ein verdi både som lokalt naturområde og som karbonlager.</p> <p>Vurdering Skogområdet har ingen registrerte verdiar, men har likevel lokal verdi. Tiltaket kan føra til nedbygging av dette lokalt viktige naturmangfaldet, som har ein funksjon knytt til vassmiljø i bekken, og som karbonlager. Verknaden av tiltaket blir vurdert til å vera svak negativ.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Terrenget i innspelsområdet stig jamnt og slakt frå nord mot sør, frå om lag kote +25 i nord til kote +50 i sør. Det går to vegar gjennom området og det er ei løe og eit bustadhus her.</p> <p>Vurdering Innspelsområdet krev ikkje særskild store terrengingrep for å kunna tilretteleggjast for bustadbygging, og nye bustadar kan tilpassast omgjevnadane godt. Nøytral verknad.</p>	

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området – Ikkje aktuelt.	
Strandsone	Innspelsområdet ligg ikkje i strandsona - Ikkje aktuelt.	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg tett på eksisterande bustadar i nord, og på sentrum i Ølen. Avstanden til Ølen skule og idrettsområdet er mellom 1,2 til 2,2 km. Det er ingen registreringar som tilseier at sjølve innspelsområdet har ein verdi knytt til tema.</p> <p>Vurdering</p> <p>Området ligg sentralt i Ølen, med gangavstand på gang- og sykkelveg og fortau til sentrum, skule og fritidsaktivitetar. Det er ein ulempe at E134 må kryssast for å nå desse målpunkta. Nøytral verknad.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Sentral plassering legg til rette for miljøvennleg transport. Gangavstand til sentrumsfunksjonar som skule, barnehage, idrettsanlegg, daglegvarehandel m.v. Relativt stort arealbeslag, men tett på eksisterande bustadområde. Med utgangspunkt i arealbeslaget blir verknaden for tema vurdert til å vera middels negativ.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket vil krevja etablering av ny teknisk infrastruktur, med påkopling til eksisterande leidningsnett i nord. Dette føreset tilstrekkeleg kapasitet både for straum, vatn og avlaup. Kostnadane må berast av privat utbyggar, og samfunnskostnaden blir vurdert til å vera låg. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket byggjer opp om satsingsområdet i KPS om attraktive lokalsamfunn, og om arealstrategi som inneber «å sikre varierte butilbod i alle bygder». Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategi om å «ta vare på jordbruksareal» og at «dyrka mark og dyrkbar jord skal vernast om».</p> <p>I bustadanalysen for Vindafjord er bustadbehovet fram mot 2040 vurdert, og det er konkludert med eit behov for fleire konsentrerte bustadar i tettstadsområdet i Ølen. Arealet skal erstatte bustadområde på Blikragarden som viser seg vanskeleg å realisere. Målkonflikten med strategiar i KPS tilseier at tiltaket får middels negativ verknad. Arealet ligg nær tettstaden og i tilknytning til eksisterande bustadområde. Det ligg også på «rett side» det vil seie på vestsida av sentrum der kommunen vil at veksten skal komme. Det er gang- og sykkelveg til barnehage og skule, sentrum og til Ølensvåg. Det er ei ulempe at E134 må kryssast for å nå skule og barnehage.</p> <p>Innspelet vil føre til nedbygging av 14 daa dyrka mark, men området ligg utanfor langsiktig grense/kjerneområde landbruk.</p> <p>I følgje bustadanalysen er Ølen den bygda som samla har hatt størst bustadbygging dei siste åra. Det går fram av bustadanalysen at det er ledig bustadareal i Ølen (Blikragarden, som nå blir føreslått tatt ut og erstatta med dette innspelet og innspel Ø02), men at det truleg ikkje er tilstrekkeleg. Utbygging av konsentrerte bustadtypar i områda tett på sentrumskjernen bør prioriterast.</p>	

Samla vurdering	Innspelet fører til relativt store arealbeslag i område med fulldyrka mark. Plasseringa i høve til Ølen sentrum er relativ sentral. Innspelet må sjåast saman med Ø01 og at bustadområdet på Blikragarden blir tatt ut. Arealet ligg utanfor kjerneområde landbruk. Med bakgrunn i at Ølen saman med Skjold, er den tettstaden som har hatt størst bustadbygging, at innspelet ligg tett på sentrum og at innspelet ligg vest for sentrum som er den utviklingsretning som skal prioriterast i eit langsiktig perspektiv, blir innspelet blir tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse



Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrengingrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		M	M	-	-	Moderat til låg risiko		
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Tilkomst må sikrast via eksisterande avkøyring frå E134.	
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i	
							seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	

Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, men innspelet kan tilråddast ved implementering av plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel							

Innspel nr. Ø02, Bustad, Litle Nerheim - Ølen	
Gnr./bnr.:	291/25
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF RP: Jord- og skogbruk og bustader
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	29 daa
Forslagsstillar:	Torkel Andor Viland, Tormod Markhus og Vindafjord kommune
Grunneigar:	Torkel Andor Viland, Tormod Markhus og Henrik Nerheim
Skildring av innspelet:	Endre frå LNF til bustad. Innspelet er noko utvida etter høyring. Den smale stripa i nord er tenkt som tilkomst til bustadområdet.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA, og gjeldande reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet er samansett av fulldyrka jord (12,7 daa), overfaltet dyrka jord (5,7 daa), innmarksbeite (1 daa), skog (3,4 daa) og bebygd areal (6 daa) som er eksisterande busetnad med tilkomstveggar både frå nord og søraust.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelsområdet har store verdiar knytt til landbruk. Innspelet legg opp til ei relativt stor omdisponering av dyrka mark, men utanfor kjerneområde for landbruk i KPA. Verknaden for tema er difor sterkt negativ.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskild viktig naturmangfald i innspelsområdet. Skogområdet er delvis avsett til bustadføre mål i gjeldande reguleringsplan, og resten av skogen blir vurdert til å ha lokal verdi som naturområde og som karbonlager.</p> <p>Vurdering</p> <p>Skogområdet har ingen registrerte verdiar, men har ein viss lokal verdi. Tiltaket kan føra til nedbygging av dette området, som og har ein verdi som karbonlager. Verknaden av tiltaket blir vurdert til å vera svak negativ.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Terrenget i innspelsområdet stig jevnt og slakt frå nord mot sør, frå om lag kote +20 i nord til kote +40 i sør. Terrenget er delvis opparbeidd med tilkomstveggar og eksisterande bustadhus.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelsområdet krev ikkje særskild store terrenginngrep for å kunna tilretteleggjast for bustadbygging, og nye bustadar kan tilpassast omgjevnadane godt. Nøytral verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området – Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Innspelsområdet ligg ikkje i strandsone – Ikkje aktuelt.	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg tett på eksisterande bustadar i nord, og på sentrum i Ølen. Avstanden til Ølen skule og idrettsområdet er mellom 1,2 til 2,2 km. Det er ingen registreringar som tilseier at sjølve innspelsområdet har ein verdi knytt til tema.</p> <p>Vurdering</p> <p>Området ligg sentralt i Ølen, med gangavstand på gang- og sykkelveg og fortau til sentrum, skule og fritidsaktivitetar. Det er ein ulempe at E134 må kryssast for å nå desse målpunkta. Nøytral verknad.</p>		

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Sentral plassering legg til rette for miljøvennleg transport. Gangavstand til sentrumsfunksjonar som skule, barnehage, idrettsanlegg, daglegvarehandel m.v. Relativt stort arealbeslag, men tett på eksisterande bustadområde. Innspelet blir sett på som ei naturleg av utviding av bustadområde i nord. Med utgangspunkt i arealbeslaget blir verknaden for tema vurdert til å vera svak negativ.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Tiltaket vil krevja etablering av ny teknisk infrastruktur, med påkopling til eksisterande leidningsnett i nord. Dette føreset tilstrekkeleg kapasitet både for straum, vatn og avlaup. Kostnadane må berast av privat utbyggar, og samfunnskostnaden blir vurdert til å vera låg. Nøytral verknad.</p>	
Målsettingar i KP	Vurdering		

	<p>Tiltaket byggjer opp om satsingsområdet i KPS om attraktive lokalsamfunn, og om arealstrategi som inneber «å sikre varierte butilbod i alle bygder». Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategi om å «ta vare på jordbruksareal» og at «dyrka mark og dyrkbar jord skal vernast om».</p> <p>I bustadanalysen for Vindafjord er bustadbehovet fram mot 2040 vurdert, og det er konkludert med eit behov for fleire konsentrerte bustadar i tettstadsområdet i Ølen. Målkonflikten strategiar i KPS tilseier at tiltaket får middels negativ verknad.</p> <p>Arealet ligg nær tettstaden og i tilknytning til eksisterande bustadområde. Det ligg også på «rett side» det vil seie på vestsida av sentrum der kommunen vil at veksten skal komme. Det er gang- og sykkelveg til barnehage og skule, sentrum og til Ølensvåg. Det er ei ulempe at E134 må kryssast for å nå skule og barnehage.</p> <p>Innspelet vil føre til nedbygging av dyrka mark, men ligg på «rett side» av langsiktig grense/kjerneområde landbruk.</p> <p>Bustadanalysen: Ølen er den bygda som samla har hatt størst bustadbygging dei siste åra. Det går fram av bustadanalysen at det er ledig bustadareal i Ølen, Blikragarden, men den blir føreslått tatt ut. Utbygging av konsentrerte bustadtypar i områda tett på sentrumskjernen bør prioriterast.</p> <p>Innspelet må sjåast i saman med Ø01 og at Blikragarden blir føreslått tatt ut.</p>	
--	--	--

Samla vurdering	<p>Innspelet fører til relativt store arealbeslag i område med fulldyrka mark. Plasseringa i høve til Ølen sentrum er relativ sentral. Innspelet må sjåast saman med Ø01 og at bustadområdet på Blikragarden blir tatt ut. Arealet ligg utanfor kjerneområde landbruk. Med bakgrunn i at Ølen saman med Skjold, er den tettstaden som har hatt størst bustadbygging, at innspelet ligg tett på sentrum og at innspelet ligg vest for sentrum som er den utviklingsretning som skal prioriterast i eit langsiktig perspektiv, blir innspelet blir tatt med vidare.</p>
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ om evt. usikkerheit knytt til avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrenginngrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		M	M	-	-	Moderat til låg risiko		

Ekstremvær/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Tilkomst må sikrast via eksisterande avkjøyring frå E134.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, men innspelet kan tilrådest ved implementering av plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel							

Innspel nr. Ø03, Kombinert føremål bustad og næring, Litle Nerheim - Ølen

Gnr./bnr.:	291/36
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Næring, friområde og samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur
Foreslått arealføremål:	Kombinert føremål bustad og næring
Arealstorleik:	1,7 daa
Forslagsstillar:	Unni Marie Lien
Grunneigar:	Unni Marie Lien
Skildring av innspelet:	Endring frå næring og friområde til kombinert område for bustad og næring (faktisk bruk). Eigedommen blir i dag nytta til grunneigar si verksemd (Unni Marie rosemaling.com) som er forretning, handverksverksemd og bustad.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA og gjeldande reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



M I L J Ø	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineralressursar	Området er i hovudsak utbygd, og har ingen registrerte verdiar knytt til tema, verken på land eller i sjø – Ikkje aktuelt.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til naturmangfald i området. Ølsjøen er registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Vurdering Tiltaket omfattar allereie utbygd areal på land, og ikkje areal i sjø. Verknaden for tema er difor vurdert å vera nøytral.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Innspelsområdet ligg i tilknytning til E134 i sør, med svakt hellande terreng mot sjø i nord. Vurdering Området er utbygd, og det er ikkje behov for særskilde terrenginngrep i vidareutvikling av eigedommen. Nøytral verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne i området – Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet ligg i sin heilskap innanfor 100-meterbeltet langs sjø. Eigedommen er utbygd med eit kombinert nærings-/bustadbygg, parkeringsplass og hage, og strandsona er i stor grad privatisert. Vurdering Innspelsområdet er i stor grad bygd ut i tråd med ønska arealføremål. Omgjering vil difor ikkje ha reell påverknad på strandsona i særskild grad. Nøytral verknad.	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ingen friluftsverdiar i sjølve innspelsområdet, men arealet i vest er avsett til friområde i gjeldande KPA. Dette området er registrert som eit leike- og rekreasjonsområde rundt Blikrastranda badeplass. Vurdering Omgjering til kombinert føremål for bustad og næring påverkar ikkje tilhøva for friluftsverdiane i området, då området allereie er utbygd i dag. Nøytral verknad.		

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Tiltaket inneber ei omgjering av føremål i tråd med utbygd situasjon i innspelsområdet. Det er soleis ikkje snakk om beslaglegging av nye utbyggingsområde. Tiltaket ligg tett på E134, med kort avstand til Ølen sentrum, og med gang- og sykkelveg på heile strekninga inn til tettstaden. Nøytral verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp	Vurdering Ingen behov for ny teknisk infrastruktur, og tema er difor ikkje aktuelt.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet vidarefører ei lokal næringsverksemd og opnar for kombinasjon med bustad i tråd med faktisk bruk. Nøytral verknad.	

Samla vurdering	Tiltaket inneber få konflikhtar med registrerte tema, og er i samsvar med dagens situasjon. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapt farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Eigedommen er utbygd, og eventuelle terrenngrep vert små og avgrensa.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred.. Det må anten knytast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Eigedomen ligg delvis innanfor sone for stormflo med 200 år gjentaksintervall i 2100. Bygningen ligg utanfor sone. Akseptabel risiko så lenge nye tiltak blir plassert utanfor sone for 200-års stormflo, eller det blir opparbeid avbøtande tiltak for ny bygningsmasse. Terrenget nedanfor eksisterande bygning ligg på mellom kote +2,1 og 2,2, og dermed utanfor aktsemdområde for stormflo.	Minimum kotehøgde for bygningar er sikra i føresegnene. Ved søknad om tiltak eller bruksendring må tryggleik dokumenterast, anten ved plassering over gitt kotehøgde, eller gjennom avbøtande tiltak.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Området er utbygd, og overvatn kan leiast til sjø utan å skada andre eigedomar. Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt.	
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje skog i området.	
Menneskeskapt farar								

Ulukker med transportmiddel	Låg fart (50 km/t) og god sikt i avkøyrse	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Mykje trafikk på E134, men låg fart og god sikt i avkøyrse.	
Høgspent		-	-	-	-		Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Eksisterande bustad ligg i gul/raud støysone. Ikkje behov for nye avbøtande tiltak. Elles ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-		Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-		Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, men med føreslått plangrep kan innspelet tilrådest. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. Ø05, Bustad, Hiljesteinsvika - Ølen	
Gnr./bnr.:	291/67
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	0,4 daa
Forslagsstillar:	Terje Digernes
Grunneigar:	Terje og Anne Torill Digernes
Skildring av innspelet:	Omgjering frå LNF til bustad på deler av eigdommen, slik at heile eigdommen blir sett av til bustadføremål
Kartutsnitt/foto:	
<p>Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.</p>	

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet er registrert med lauvskog av sær høg bonitet. Området ligg innanfor kjerneområde landbruk i gjeldande KPA.</p> <p>Vurdering Omgjering frå LNF til bustad inneber moglegheit for nedbygging av skog med sær høg bonitet. Samstundes er området lite (0,4 daa), og får ikkje konsekvensar for omkringliggande landbruksareal. Nøytral verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskild viktig, verna eller annan typar artar eller naturmangfald i området. Skogen har ein lokal verdi som leveområde for fuglar, og som karbonlager.</p> <p>Vurdering Tiltaket inneber nedbygging av skog med lokal verdi, men området er lite, og ligg tett på eksisterande bustadar på staden. Svak negativ verknad.</p>
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Terrenget stig frå E134 i nord og opp mot skog i sør. Naboiegdommane i aust og vest er bygd ut med eksisterande bustadar, og det går ein privat veg opp til ein bakanforliggande bustad i sør.</p>

		Vurdering Innspelet vil krevja noko terrengetilpassing, i eit område som allereie er delvis utbyggt med eksisterande bustadar og tilkomstveggar. Omgjering til bustad vil kunna tilpassast eksisterande landskapsbilete, og vil i liten grad vera synleg i landskapet. Nøytral verdi.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området – Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Området ligg innanfor 100-metersbeltet frå sjø, men E134 fungerer som ein barriere i området, slik at den funksjonelle delen av strandsona ligg nord for vegen – Ikkje aktuelt.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Ein kjenner ikkje til at området blir nytta av born og unge eller til friluftsliv. Eigedommen ligg tett på eksisterande bustadar og nærmiljø knytt til desse. Det er gang- og sykkelveg langs E134 både til Ølen og Ølensvåg. Vurdering Innspelet vil gjere at heile tomta blir liggande som byggeområde, tilsvarande langt sør som nabotomta. Tomta er ein del av eit eksisterande bustadmiljø, med trygg veg til sosial infrastruktur både i Ølen og Ølensvåg. Nøytral verknad.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Tiltaket inneber ei fortetting i eksisterande bustadområde, med gang- og sykkelveg til sosial infrastruktur og sentrumsområde. Nøytral verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ny bustad kan koplast på eksisterande infrastruktur i området, og dette må utbyggjar sjølv kosta. Samfunnskostnadane er minimale. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Tiltaket byggjer opp om satsingsområde knytt til attraktive lokalsamfunn, med arealstrategi om variert butilbod, auke i gange og sykkel, og fortetting i eksisterande bustadområde. Ubetydeleg grad av målkonflikt. Nøytral verknad.	

Samla vurdering	Tiltaket fører med seg små og få negative verknadar knytt til registrerte verdiar, og er samstundes med på å byggja opp under satsingsområde knytt til attraktive lokalsamfunn. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvensreducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for

-Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire						tiltak er naudsynt	Terrengingrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	kvikkleireskred. Det må anten knytast plankrav til omsynsna, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Låg til moderat aktsemdgrad.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Eksisterande overvassnett og grøfter langs E134	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fart på E134, og god sikt i opparbeidd avkøyrsele	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ny bustad kan nytta eksisterande vegar i området.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet er omfatta av gul støysone langs E134. Elles ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	Avbøtande tiltak for bustad i gul støysone må dokumenterast i samband med søknad om tiltak.
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	

Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, men innspelet kan tilråddast ved implementering av plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. Ø07, Næring, Fikse - Ølen	
Gnr./bnr.:	276/16
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF og Råstoffutvinning Om lag halve eiegenomen er vist bandlagt for regulering i KDP E134 Bakka-Solheim RP: Vegetasjonsskjerm og Steinbrudd og masseuttak
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	13,6 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Glis Eieendom AS
Skildring av innspelet:	Tidlegare trafikkstasjon. Tanken (drivstofftank) er lokalisert på eiegenomen

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan og reguleringsplan. Innspeletområdet er vist med blått omriss.

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet er samansett av bebygd areal og jorddekt mark som har barskog av særskilt høg bonitet (ca. 5,7 daa). Hovudbergart i området er grandiorittisk gneis. Lausmassar i området er morenemateriale med stadvis stor mektigheit. Brødrene Flatebø har eit pågåande masseuttak av pukk i nordaust som går delvis inn i innspelsområdet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelsområdet blir vurdert å ha ingen til liten verdi for landbruk. Grunneigar sin intensjon er å ta ut massar for å få eit tilrettelagt næringsområde. Å avsetje det aktuelle arealet til næring kan likevel ha noko negativ verknad på moglegheita for eit heilskapleg uttak av potensielle mineralressursar lengre sør i området. Svak negativ verknad.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert naturtypar eller særskild viktige artar i innspelsområdet. Det er registrert fleire vanlege karplantar, soppar og mosar. Det er myrområde aust og sørvest for innspelsområdet, med bekk som renn mellom desse. Myrområde i sørvest er delvis fylt ut.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet blir vurdert å ha lite direkte risiko for naturmangfald og vassmiljø. Liten negativ effekt på karbonlagre. Svak negativ verknad.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området.</p> <p>Vurdering</p> <p>Området er allereie opparbeid, og blir nytta som næringsområde. Området ligg like ved veg, og er allereie godt synleg. Vidare opparbeiding utover dagens opparbeida areal vert noko synleg. Svak negativ verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det kommunalt listeførte kulturminnet «Postvegen» ligg på motsett side av E134 frå innspelsområdet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Det er ikkje venta at innspelet får vesentleg verknad på kulturminneinteressar i området. Nøytral verknad.</p>	
	Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona – Ikkje aktuelt	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Den gamle postvegen på andre sida av E134 er registrert som eit svært viktig friluftsområde. Aust for innspelsområdet ligg det regionalt viktige friluftsområdet <i>Olalitraktene</i>. Det er registrert eit mindre barnetråkk tilknytt ein bustad på motsett side av E134.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet blir vurdert å ikkje ha verknad på tilhøve knytt til barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse. Nøytral verknad.</p>		

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet vil leggje beslag på areal som er avsett til LNF og råstoffutvinning. Deler av arealet er i bruk til «Tanken» og lager. Næringsverksemd på området vil medføre auke i transportbehov, og det burde ikkje leggest opp til detaljhandel eller besøksintensiv verksemd. Næringsverksemd på staden burde kunne dra nytte av plassering ved ei hovudferdsleåre, og nær plassering til Etne kommune. Svak negativ verknad.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg,	<p>Vurdering</p> <p>I høve til dagens næringsverksemd på staden så er det ikkje naudsynt med anna enn enkle tiltak. Etablering av andre verksemdar kan medføre fleire tiltak, og kan ha høgare kostnad,</p>	

vatn og avløp (VVA)	for privat utbyggar. Ein er kjent med at Etne kommune har planar for kommunal utbygging på si side av kommune- og fylkesgrensa, men er ikkje kjent med ev. behov for oppgradering av offentleg infrastruktur i området knytt til innspelet, anna enn det som følgjer av det pågåande planarbeidet for E134. Låg samfunnskostnad. Nøytral verknad.	
Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet er i tråd med arealstrategi om å styrka næringsverksemdar (gje mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt), og om å ta i bruk eit allereie grått (bearbeidd) areal. Liten målkonflikt.	

Samla vurdering	<p>Deler av innspelsområdet langs E134 er omfatta av det pågåande arbeidet med detaljregulering av E134 mellom Ølen og Fikse. Planen er ikkje vedteken, men vil sannsynlegvis medføra flytting av tilkomst til næringsområdet, ny byggegrense frå veg, og mellombels bandlegging av arealet langs vegen i samband med bygging. Ei utbygging på eigdommen må tilpassast ny reguleringsplan for E134, når den blir vedteken. Tiltaket har nokre mindre negative verknader med omsyn til miljøtemaa. Næringsareal i tilknytning til E134 blir sett på som positivt, men det bør ikkje leggest opp til detaljhandel eller besøksintensiv verksemd på området.</p> <p>Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.</p>
-----------------	---



ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje relevant for næringsverksemd.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.

Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er lite skog i området. Vindafjord	
							er ikkje særskild utsett for tørke.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	M	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast		Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspenst		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Det går høgspenst i luftstrekk gjennom området. Denne blir flytta eller lagt i grunnen i samband med reguleringsplanarbeid for E134 mellom Ølen og Fikse.	Det bør utarbeidast faresone (H370) tilpassa sikringssone for aktuelt høgspentanlegg. Avklarast med netteigar. Det kan òg vere aktuelt å leggje høgspentanlegg i bakken.
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ligg delvis i gul og raud støysone frå E134. Eksisterande verksemd (Tanken) er ei potensiell forureiningskjelde. Ein kjenner ikkje til kva type næringsverksemd som er tenkt etablert i området, og usikkerheita gjer risikoen større.	Risiko for forureining må avklarast på eit meir detaljert nivå i ROS-analyse på reguleringsplannivå.
Brann-/eksplosjonsfare		M	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Tanken ligg i området i dag, og ein kjenner ikkje til kva type næringsverksemd som er tenkt etablert. Usikkerheita gjer risikoen større.	Brann og eksplosjonsfare må avklarast på eit meir detaljert nivå i ROS-analyse på reguleringsplannivå.
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er knytt til verksemdrelaterte tema gjer at det må utarbeidast ein reguleringsplan der desse tema blir avklart i ei meir detaljert ROS-analyse. Innspelet kan tilrådest ved implementering av plankrav. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. Ø09, Sentrum, Ølen sentrum - Ølen	
Gnr./bnr.:	282/19, 52, 64, 72, 73 og 290/36, 57, 61, 74
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Bustad RP: Bustad, B/K, B/F/K, offentlig friområde, parkeringsplass mv.
Foreslått arealføremål:	Sentrumsføremål
Arealstorleik:	14 daa
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Anna Herborg Heggebø, Anne Marie Oftedal, Gerd Kari Hjelmervik, Hild Tone Heggebø Bjordal, Jenny Nesse, Kjellaug Heggebø Sandvig, Mari-Anne Heggebø Kro, Ruth Jorunn Heggebø, Torleif Heggebø (282/19), Torstein Kåre Aasbø (282/52), Anna Herborg Heggebø (282/64), Mari-Anne Heggebø Kro (282/72), Aud Oddny Tvinnereim (282/73), Ioulia Fedorova Riis (290/36), Harald Askvik og Gina Helene Kleppe (290/57), Ioulia Fedorova Riis (290/61), Monica Jenny Søndena (290/74/0/1), Søvli Barane-Hage (290/74/0/2), Donatas og Roberta Cibauskis (290/74/0/3), Steffen Eikesdal (290/74/0/4)
Skildring av innspelet:	Omgjering frå bustadføremål og kombinert bustad/kontor til sentrumsføremål

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan og reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineralressursar	Arealet er sett av til bustadføremål i gjeldande KPA, og endring til anna utbyggingsføremål endrar ikkje situasjonen for tema. Ikkje aktuelt.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Arealet er sett av til bustadføremål i gjeldande KPA, og endring til anna utbyggingsføremål endrar ikkje situasjonen for tema. Ikkje aktuelt.	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Innspelsområdet er relativt flatt, med noko stigning mot Eidselva og E134 i sør.</p> <p>Vurdering</p> <p>Verknaden av ny bygningsmasse kan avgrensast ved å tilpassa byggehøgde til omkringliggande busetnad. Fortetting krev ikkje store terrengingrep. Nøytral verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet er ein del av eit regionalt viktig kulturmiljø, som omfattar bygningsmiljøet i den historiske delen av Ølen sentrum, avgrensa av sjø i nord, Eidselva i aust, E134 i sør og nyare bygningar i vest. Innanfor innspelsområdet ligg det ei rekke SEFRÅK-registrerte bygningar.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet legg opp til mogleg fortetting og tilrettelegging for kombinert bygningsmasse i eit område med regionalt viktig kulturmiljø, knytt til bygningsmiljøet i området. Ei utbygging i området må utgreiast nøye gjennom reguleringsplanarbeid, for å sikra best mogleg tilpassing til omgjevnadane, og minst mogleg motstrid med eksisterande bygningsmiljø. Som følge av at avbøtande tiltak vil vera mogleg å iverksette, blir verknaden vurdert å vera middels negativ.</p>	
	Strandsone	Området ligg delvis innanfor 100 metersbeltet, men i eit tettbygd sentrumsområde er det ikkje strandsoneverdiar på denne sida av Sjoargata – Ikkje aktuelt.	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg sentralt i Ølen sentrum, med kort avstand til sentrumsfunksjonar, skule, barnehage og idrettsområde. Området inneheld fleire eksisterande bustadar, og avstanden til omkringliggande bustadareal langs Sjoarvegen er kort.</p> <p>Vurdering</p> <p>Den sentrale plasseringa til innspelsområdet gjer det mogleg å byggja på eksisterande nærmiljø og miljø for born og unge, utan at det får negativ påverknad for verdiar knytt til folkehelse og friluftsliv. Positiv verknad.</p>		

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet opnar for fortetting/transformasjon i Ølen sentrum. Det reduserer behovet for nye utbyggingsområde og legg til rette for miljøvennleg transport, med gangavstand til sosial infrastruktur og sentrumsfunksjonar. Positiv verknad.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet vil krevja påkopling til eksisterande infrastruktur i området. Avhengig av storleiken på ny utbygging kan det vera behov for tiltak på offentleg leidningsnett, til dømes kapasitetsoppgradering. Ein kjenner ikkje til at dette behovet er til stades i sentrumsområdet, og samfunnskostnaden blir difor vurdert å vera låg. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet er i tråd med satsingsområde knytt til attraktive lokalsamfunn, og med arealstrategi om fortetting, tilrettelegging for sentrumsføremål i tettstadane og variert butilbod. Innspelet legg til rette for miljøvennleg transport. Positiv verknad.</p>	

Samla vurdering	Innspelet inneber omgjeriing frå bustadføremål til sentrumsføremål i eit sentralt område i Ølen sentrum. Konfliktane med andre tema er små, men det må gjerast nøye vurderingar knytt til kulturminne/kulturmiljø for å sikra at framtidig utbygging blir tilpassa eksisterande bygningsmiljø på ein god måte. Samla sett inneber tiltaket ei god måloppnåing knytt til KPS, og liten konflikt med andre tema. I gjeldande KPA er arealet sett av til bustad, men ein del av arealet er regulert til kombinert føremål bustad/kontor. Føreslått endring til sentrumsføremål er ei mindre justering. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Allereie utførte terrenginngrep	H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrenginngrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må anten knyttast plankrav til omsynssona, eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplan-arbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Delar av innspelsområdet ligg i aktsemd-/fareområde for flaum i Eidselva. Elva går i kulvert/under bru både nedstraums og oppstraums, og opphoping utover	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for elv i Eidselva. Faktisk flaumsituasjon må utgreiast og avbøtande tiltak
							akaktsemdområde kan skje begge stader..	innarbeidast på reguleringsplannivå.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen. Overvatn må handterast internt i området, for å unngå skade på omkringliggande bygningar og infrastruktur.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.

Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje skog i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense, låg trafikkmengd, god sikt i Sjoargata	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Endringa vil føra til auka trafikkmengd, og eksisterande tilkomst frå Sjoargata bør oppgraderast. Auke i mjuke trafikantar kan føra til auka risiko for ulukker mellom gåande/syklende og køyrande.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Støy frå fylkesveg. Ingen anna kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Verksemder tillate innanfor sentrumsføremål kombinert med bustad blir ikkje vurdert å gje auka risiko og sårbarheit for brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ein er ikkje kjent med kva for verksemd(er) som tenkt etablert på området. Usikkerheit tilseier noko risiko. Ein ser ikkje for seg at tenesteyting og/eller forretningsverksemd som lar seg kombinera	
							med bustad kan utgjere større risiko på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, flaum i elv og bekk og ekstremver/overvatn, men innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel/uakseptabel.							

Innspel nr. Ø10, Småbåtanlegg og badeplass, Mulagata - Ølen	
Gnr./bnr.:	290/92
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone RP: Trafikkområde i sjø og vassdrag
Foreslått arealføremål:	Småbåthamn og Friluftsområde (i sjø)
Arealstorleik:	Ca. 2,1 daa
Forslagsstillar:	Ølen Tomteselskap AS
Grunneigar:	På landareal: Ølen Tomteselskap AS
Skiltring av innspelet:	Badeplass og småbåtanlegg i samband transformasjon av tilstøytande landareal i sør til (konsentrert busetnad)

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan og reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Landbruk, fiske og mineralressursar	Det er ingen verdiar knytt til landbruk, fiske og mineralressursar i området – Ikkje aktuelt.

Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Den sårbare fuglearten ærfugl er registrert i sjøområda like ved innspelsområdet. Ølsfjorden har moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.</p> <p>Vurdering</p> <p>Det blir vurdert at innspelet ikkje har risiko for skade på naturmangfald eller vassmiljø. Nøytral verknad.</p>	
Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området.</p> <p>Vurdering</p> <p>Det eksisterande landskapsbilete på staden er prega av utbygd strandsone og kai-/bryggjeanlegg. Tiltaka vert noko synleg. Svak negativ verknad.</p>	
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ei sefrak-registrering i strandsona like ved område spelt inn som badeplass (Friluftsområde).</p> <p>Vurdering</p> <p>Det er aktuelt at det blir opparbeid badeplass i forkant av dei moglege naustrestane. Det blir vurdert at eigenverdien av ruinen er låg. Innspelet påverkar i liten grad. Nøytral verknad.</p>	
Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>I innspelsområdet er den eksisterande byggmassen tett på sjø/strandlinja, og tilgjenge med omsyn til ålmenn ferdsle er låg. Innspelt område ligg mellom to eksisterande område for småbåtanlegg.</p> <p>Vurdering</p> <p>Badeplass blir sett på som positivt med omsyn til friluftsliv/rekreasjon. Delen av innspelet som gjeld småbåtanlegg kan føre til at tilgjenge blir betre. Lite tilgjengeleg strandsone i dag. Positiv verknad.</p>	
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Innspelsområdet ligg tett på eksisterande bustadar i nordaust, og på sentrum i Ølen. Avstanden til Ølen skule er under 1 km. Det er ikkje registrert barnetråkk knytt til Mulagata, eller friluftsområde knytt til strandsona. Det er ingen registreringar som tilseier at sjølve innspelsområdet har ein verdi knytt til tema.</p> <p>Vurdering</p> <p>Området ligg relativt sentralt i Ølen, med gangavstand på gang- og sykkelveg og fortau til sentrum, skule og fritidsaktivitetar. Småbåthamn og badeplass gir moglegheiter for rekreasjon. Positiv verknad.</p>	

Tema	Vurdering av konsekvensar	
Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet blir sett i samanheng med planlagt bustadprosjekt som medfører transformasjon av allereie utbygde område. Sentral plassering. Positiv verknad.</p>	
Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet om badeområde og småbåthamn er venta å berre medføre enkle tiltak. Nøytral verknad.</p>	
Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet blir sett i samanheng med planlagt bustadprosjekt . Tiltaket byggjer opp om satsingsområdet i KPS om attraktive lokalsamfunn. Kommunen skal balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde. Lite/ingen målkonflikt. Positiv verknad.</p>	

Samla vurdering	Plasseringa i høve til Ølen sentrum er sentral. Ingen/få eksisterande verdiar knytt til miljø. Innspelet er del av eit transformasjonsprosjekt i eit allereie utbygd område. Badeplass (friluftsområde) blir sett på som positivt, småbåthamn/-anlegg vert sett på som nøytralt. Lite negative verknadar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.		


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for skred. For tiltak i klasse KO må det vurderast om det er naudsynt med faresonekart-legging.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet ligg delvis i sjø, og vil falle inn under område for 20-års stormflo. Konstruksjonar i sjø skal vera tilpassa endringar i havnivå.	Landanlegg må tilpassast aktuelt stormflonivå.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad. Ikkje relevant for innspelet.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Auka hyppigheit av ekstremvær. Sterk vind er relevant for planlagde tiltak.	
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Tiltak i sjø.	
Menneskeskapte farar								

Ulukker med transportmiddel		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Kan medføre auke i sjøbasert ferdsle.	
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd/fareområde.	
Forureining		L	L	L	L	Akseptabel risiko –	Mogleg utfylling i sjø. Ingen kjend	
-til luft, grunn, vatn, lydforhold						Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Tiltak i sjø. Ingen særskild brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema ras/skred/områdestabilitet. Innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspel nr. Ø11, Naust, Nausthaugen - Ølen	
Gnr./bnr.:	270/2
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF og Småbåthamn
Foreslått arealføremål:	Naust
Arealstorleik:	535 m ²
Forslagsstillar:	Jarle Hetland Ljosnes
Grunneigar:	Jarle Hetland Ljosnes
Skildring av innspelet:	Utviding av eksisterande naustområde

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Området på land er opparbeid og planert. Det er registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk lengre ut i Ølsfjorden, og ein låssettingsplass i søraust. Det er ingen fiske- eller fiskeriinteresser knytt til sjølve innspelsområdet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet blir vurdert å ikkje ha influens på nærliggjande gyteområde og låssettingsplass. Nøytral verknad.</p>

	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er registrert eit viktig brakkvannsdelta knytt til Osen mot søraust. Det er registrert observasjonar av fleire truga fugleartar knytt til Osen og brakkvannsdeltaet. Det er ikkje registrert særskilde naturtypar eller artar innanfor innspelsområdet. Ølfsfjorden har moderat økologisk tilstand, og dårleg kjemisk tilstand.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltak vil sannsynlegvis medføre tiltak i sjø. Svak negativ verknad.</p>	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Innspelsområdet ligg i tilknytning til fylkesveg 4760 - Dreganesvegen, og heller mot sjø i sør. Det ligg ein eksisterande molo ved innspelsområdet.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket inneber etablering av naust på ei strekning av strandsona som allereie er delvis utbygd. Nye naust vil vera synlege frå veg og sjø, men kan verta delvis skjult/kamuflert som følge av bakanforliggjande busetnad. Middels negativ verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området, og tema er difor ikkje aktuelt.</p>	
	Strandsone	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Strandsona i området er i utgangspunktet relativt tilgjengeleg for ålmenta, men fylkesvegen fungerer som ein barriere for gåande som ønskjer å kryssa vegen. Innspelsområdet grensar til eksisterande naustområde.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket inneber ei nedbygging og privatisering av strandsona i eit område med lokalt press på slike areal. Sjølv om strandsona langs fylkesvegen har noko utfordrande tilkomst og smale, mindre tilgjengelege areal så har den ein verdi som opphalds- og rekreasjonsområde. Nedbygging av strandsoneareal i ein del av kommunen med moderat press på strandsona tilseier middels negativ verknad.</p>	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er ikkje registrert friluftslivsområde innanfor eller i nærleik av innspelsområdet. Det er ikkje registrert barnetråkk tilknytt området. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs eller trygg vegkryssing av fylkesvegen på den aktuelle strekninga.</p> <p>Vurdering</p> <p>Endringa vil ikkje få verknadar for tema. Nøytral verknad.</p>	

		Tema	Vurdering av konsekvensar
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	<p>Vurdering</p> <p>Innspelet er ei forlenging av eksisterande naustområde sør for fylkesveg 4760, og samlokalisering av naustområde er positivt. Det innspelte området må nytta eksisterande avkøyrsløse til resten av nausta i området. Naustområdet ligg tett på eksisterande bustadar, og med kort avstand til Ølen sentrum.</p>	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	<p>Vurdering</p> <p>Normalt vil det vere lite tilrettelegging for teknisk infrastruktur ved naust, og det er i tilfelle små samfunnskostnader ved slike tiltak. Nøytral verknad.</p>	
	Målsettingar i KP	<p>Vurdering</p>	

	Eit naustområde kan støtte opp om buattraktivitet, som er ein at arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS, men ytterlegare fortetting i strandsona kan òg bryte med arealstrategi for berekraftig kommune kor ein skal ta vare på strandsona og natur. Middels målkonflikt, og svak negativ verknad.	
--	--	--

Samla vurdering	Tiltaket er ikkje i stor konflikt med miljøtemaa, men fører blant anna til ytterlegare nedbygging av ein del av strandsona der det er tiltak frå før. Naustområda nordvest for innspelsområdet er fullt utbygde, og naustareal i området er etterspurt. Stetter opp om attraktive lokalsamfunn/bustadområde. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse



Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Terrenget i området er bearbeidd i stor grad, og faren er truleg ikkje reell, men dette må dokumenterast.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielt område for kvikkleire. Naust er ein bygningstype som ligg i klasse KO i NVE sin rettleiar for tryggleik mot kvikkleireskred (NVE 1/2019), der unntak for plankrav kan vurderast.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Området ligg innanfor aktsemdområde for 20-års stormflo. Akseptabelt sannsyn for F1-tiltak.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Avrenning til sjø	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Nærleik til sjø gjer at overvatn blir vurdert som eit mindre problem. Usikkerheit: Ekstremvêr er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.

Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje skog i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkmengd, låg fart, eksisterande avkøyrse	L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Eksisterande tilkomst må brukast. Ikkje auke i trafikk. Fartsgrense 50 km/t.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje høgspantanlegg i området.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ingen kjent forureining i området frå før, og tiltaket i seg sjølv blir ikkje vurdert å medføre forureining.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen særskild brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for innspelet.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire) men innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. Ø16, Utviding av sentrum mot aust, - Ølen

Gnr./bnr.:	281/103, 207, 243, 271 og 281
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Bustad og friområde RP: Bustad, naust og turveg
Foreslått arealføremål:	Sentrumsføremål
Arealstorleik:	2,9 daa
Forslagsstillar:	Vedtak i formannskapet
Grunneigar:	Ove Arild Christiansen, Magne og Tore Christiansen, Mittdistrikt Invest As
Skildring av innspelet:	Endre frå bustadføremål til sentrumsføremål

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan og reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineralressursar	Kunnskapsgrunnlag Ikkje aktuelle tema.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Arealet er delvis utfylt og opparbeidd. Vurdering Nøytral verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilte verdiar knytt til landskap i området. Innspelsområdet er på ei flate på sjøsida av Dreganesvegen. Det er gitt løyve til å bygge to naust. Utfylling og etablering av steinsett kant mot sjøen er utført. Vurdering Området ligg i tilknytning til større bygningar (m.a. Ølen kulturhus/Sjøperlo og Ølen vidaregåande skule) og bustadområde. Utbygging krev ikkje store terrenginngrep. Nøytral verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området, og tema er difor ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Området ligg i strandsona, tett inntil eksisterande sentrumsformål med offentlege funksjonar som kulturhus, bibliotek, vidaregåande skule og småbåthamn i nærleiken. Utfylling og etablering av steinsett kant mot sjøen er utført. Det er etablert turveg langs sjøkanten. Vurdering Ei utbygging må ta omsyn til allmenta sine interesser og oppretthalda framkomsten (turvegen) langs sjøen. Svak negativ konsekvens.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet ligg sentralt i Ølen sentrum, med kort avstand til sentrumsfunksjonar, skule, barnehage og idrettsområde m.m. Avstanden til omkringliggjande bustadareal (Littlehagen og Roa) langs Dreganesvegen er kort. Vurdering Den sentrale plasseringa gjer det er mogleg å byggja på eksisterande nærmiljø og miljø for born og unge, utan at det får negativ verknad for verdiar knytt til folkehelse og friluftsliv. Positiv verknad.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Innspelet opnar for utviding av Ølen sentrum i austleg retning og kan gi rom for høgare grad av utnytting av areala. Dette kan redusera behovet for nye utbyggingsområde og legg til rette for miljøvennleg transport, med gangavstand til sosial infrastruktur og sentrumsfunksjonar. Positiv verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Innspelet vil krevja påkopling til eksisterande infrastruktur i området. Kommunale anlegg i området. Nøytral verknad.	
Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet er i tråd med satsingsområde knytt til attraktive lokalsamfunn, og med arealstrategi om fortetting, tilrettelegging for sentrumsfremål i tettstadane og variert butilbod. Støttar opp under målet å utvikla Ølen som eit samlande kommunesenter og legg til rette for miljøvennleg transport. Positiv verknad.		

Samla vurdering	Innspelet inneber omgjeriing frå bustadføremål og friområde til sentrumsføremål i eit sentralt område i Ølen sentrum. Konfliktane med andre tema er små. Samla sett inneber tiltaket ei god måloppnåing knytt til KPS, og liten konflikt med andre tema. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 10.12.2024.
-----------------	--

ROS-analyse



Hendingar/og eller ev. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om ev. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Her er allereie utførte terrenginngrep	H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg under marin grense og derfor i aktsemds-område for kvikkleireskred. Terrenginngrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		H	L	L	M	Akseptabel risiko – men avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg delvis i le av Holmen og småbåthamna.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo. Situasjon må utgreiast og avbøtande tiltak innarbeidast på reguleringsplannivå.
Radon		-	-	-	-		Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvêr/klimaendringar Sterk vind, ekstrem nedbør /overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko, men avbøtande tiltak er naudsynt	Området kan vera eksponert for sterke vindar. Overvatn kan leiast til sjø	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må tilhøve som følgje av klimaendringar takast omsyn til.
Skog-, lyng- og grasbrann		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense, moderat trafikkmengde, god sikt	M	M	L	L	Akseptabel risiko men avbøtande tiltak bør vurderast	Avhengig av kva som vil bli bygd, kan endringa føra til auka trafikkmengde og fleire mjuke trafikantar. Dette kan føra til auka risiko for ulukker mellom gåande/syklende og køyrande.	Trafikktryggleik må følgjast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemds-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Delar av området ligg i gul støysonen langs Dreganesvegen. Ingen anna kjend forureining i området frå før	Det må takst omsyn til trafikkstøy ved planlegging og prosjektering.

							og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert medføra forureining.	
Brann- /eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Type verksemder som kan tillatast innanfor sentrumsføremål kombinert med bustad blir ikkje vurdert å gje auka risiko og sårbarheit for brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber - Vassnett		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er ikkje kjent kva for tiltak som er tenkt etablert på området. Ein ser ikkje for seg at tiltak som let seg kombinera med bustad kan utgjere større risiko på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet. Ei utbygging kan bli påverka av stormflo og ekstremver/overvatn, men kan tilråddast ved implementering av avbøtande tiltak. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. Ø17, Leirduebane, Fikse - Ølen	
Gnr./bnr.:	276/4
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Idrettsanlegg, skytebane (leirdue)
Arealstorleik:	16,5 daa
Forslagsstillar:	Etne og Vindafjord skyttarlag
Grunneigar:	Ole Dag Østhus
Skildring av innspelet:	Eksisterande skytebane og eit ønskje om noko utviding.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA og reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Innspeksområdet er samansett av bebygd areal og jorddekt mark (2,5 daa), myr (3,5 daa) og barskog av høg bonitet (10,5 daa). Hovudbergart i området er grandiorittisk gneis. Lausmassar i området er morenemateriale med stadvis stor mektigheit.</p> <p>Vurdering Innspeksområdet blir vurdert å ha noko verdi for landbruk (skog). Grunneigar har gitt Etne og Vindafjord skyttarlag løyve til å disponere arealet. Å sette det aktuelle arealet til skytebane kan ha noko negativ verknad på skogressursen. Svak negativ verknad.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Området blei NIN-kartlagt i 2021 (prosjektnamn Olalia), men det aktuelle arealet er ikkje registrert med verdi. Noko areal er myr.</p> <p>Vurdering Innspelet blir vurdert å ha lite direkte risiko for naturmangfald og vassmiljø og ingen negativ effekt på karbonlagre. Nøytral verknad.</p>
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området.</p> <p>Vurdering Området er i liten grad opparbeid, og blir nytta til skytebane over naturleg terreng. Ingen store inngrep er planlagt. Nøytral verknad.</p>
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Kunnskapsgrunnlag Det kommunalt listeførte kulturminnet «Postvegen» ligg på motsett side av E134 frå innspeksområdet.</p> <p>Vurdering Det er ikkje venta at innspelet får vesentleg verknad på kulturminneinteressar i området. Nøytral verknad.</p>
	Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona – Ikkje aktuelt
Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag Skytebanen er eit tilbod også til barn/unge og støtter opp om den store jaktinteressa som blir utøvd i kommunen. Den gamle postvegen på andre sida av E134 er registrert som eit svært viktig friluftsområde. Sør for innspeksområdet ligg det regionalt viktige friluftsområdet <i>Olalitraktene</i>.</p> <p>Vurdering Innspelet blir vurdert å ha positiv verknad på tilhøve knytt til barn og unge og friluftsliv. Nøytral verknad.</p>	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Areal og transportplanlegging	Skytebanen har vore på staden i mange tiår. Det er bygd opp eit felles anlegg for Etne og Vindafjord skyttarleg. Lokalisering på kommunegrensa fører til ein del transport, men samstundes har tiltaket ein slik karakter at det bør ligge utanfor busetnaden. Nøytral verknad.
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Innspelet fører ikkje til vesentleg auka aktivitet, men vil gi leirduebanen større areal. Det vil ikkje berøre teknisk infrastruktur utover det som gjeld i dag. Nøytral verknad.
Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet støttar opp om kommuneplanen sine strategiar under satsingsområdet Attraktive lokalsamfunn. Skytebanen er eit godt kultur- og aktivitetstilbod som blir drive	

		gjennom eit samarbeid. Tilbodet skapar også ein sosial møteplass og stimulerer til aktivitet. Positiv verknad.	
--	--	--	--

Samla vurdering	I hovudsak gjeld innspelet å få planformål i tråd med faktisk bruk. Den aktiviteten som skyttarlaget driv på skytebanen på Fikse (både Etne og Vindafjord) er eit svært viktig tilbod til folk i alle aldrar. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	---


ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje relevant for næringsverksemd.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Ikkje aktuelt		
Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	M	L	L	M	Akseptabel risiko	Det er ein del skog i området Aktivitet på staden må vere merksam på skogbrannfare.	Informasjon, skilting m.m.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Godkjent avkøyning til E134	M	L	L	L	Akseptabel risiko –	Ingen endra bruk, eksisterande godkjent avkøyning.	
Høgspent		M	L	L	L	Akseptabel risiko –	Det går høgspent i luftstrekk vest for området, men vil ikkje berøre aktiviteten på skytebanen.	

Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Kan skape støy og forureining	Tidligere retningslinjer om skyttebanestøy, T-2/93, fastsatte at eksisterande skyttebanar ikkje skal konsesjons-behandlast gjennom forurensningsloven. Denne praksisen ligg fast, og eksisterande skytebanar er derfor i utgangspunktet ikkje omfatta av konsesjonsplikt. Skyttarlaget må ha etablere rutinar for handtering av ammunisjonen.
Brann- /eksplosjonsfare		L	L	L	L	Akseptabel risiko		
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Dette er eit eksisterande anlegg. Risiko er akseptabel. Innspelet kan tilrådest.							

Innspel nr. ØV01, Bustad, Vaka- Ølensvåg	
Gnr./bnr.:	313/49
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	2,2 daa
Forslagnsstillar:	Kjartan Vaka Lothe
Grunneigar:	Kjartan Vaka Lothe
Skildring av innspelet:	Endre frå LNF til bustad, for å inkludere eksisterande bustadhus i eit etablert bustadområde

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Arealet er utbygd med eksisterande bustad.</p> <p>Vurdering Tiltaket er ikkje vurdert å få konsekvensar for tema, då arealbruken i dag er bustad, og det er heller ikkje tilgrensande område som vil få forringa verknad av endringa. Nøytral verknad.</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Ikkje registrerte naturverdiar i området - Ikkje aktuelt.	
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i nærleiken.</p> <p>Vurdering Endringa til bustadføremål er ikkje vurdert å medføre verknadar for landskap. Nøytral verknad.</p>	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området - Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Innspelsområdet ligg ikkje i strandsona - Ikkje aktuelt.	

Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Vurdering Innspelet er vurdert å ikkje få konsekvensar for barn og unge, nærmiljø, friluftsliv, då arealet allereie er utbygd med denne arealbruken. Nøytral verknad.
---	---

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar
	Areal og transportplanlegging	Arealbruk og transport vil ikkje endre seg som følge av endringa til bustadformål – Ikkje aktuelt.
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Det er lagt til grunn at det ikkje er snakk om ytterlegare utbygging som krev utviding av eksisterande teknisk infrastruktur. Nøytral verknad.
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet er ei lita utviding av bustadområde for å få bustad på gnr./bnr. 313/49 inkludert. Har inga betydning med tanke på overordna plan.

Samla vurdering	Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller ev. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om ev. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg i aktsemdområde for kvikkleire.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		-	-	-		Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad.	
Ekstremvêr/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Eigedommen er opparbeidd, og det er difor ikkje behov for avbøtande tiltak.	

Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er skog i området. Vindafjord er ikkje særskild utsett for tørke. Ein legg til grunn at det	
							er tilgang på sløkkevatn i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkmengd, tilkomst er etablert	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Tilkomst til eigedommen er etablert, og det er ikkje registrert trafikkulukker i området.	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine.	
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein har ikkje kjennskap til at verksemda/tiltaket fører med seg særskild risiko for brann/eksplosjon.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ein kjenner ikkje til at tiltaket fører med seg risiko for skade på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet/kvikkleireskred, men innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel/uakseptabel.							

Innspel nr. ØV03, Næring, Båsnæs - Ølensvåg	
Gnr./bnr.:	311/11, 8
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	1,6 daa
Forslagsstillar:	Arriva Shipping AS/Sandfrakt eiendom AS v/ Omega Areal AS
Grunneigar:	Sandfrakt Eigedom AS (311/11) og Sigmund og Terje Lunde (311/8)
Skildring av innspelet:	Endre frå bruk og vern av sjø og vassdrag til næring. Bedrifta har behov for å utvide kaiområde, for å få betre djupne og større kai

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Etnefjorden – Ølsfjorden er registrert som nasjonal laksefjord. Det er fleire fiske- og fiskeriinteresser knytt til fjorden, men innspelsområdet rører ikkje direkte ved desse.</p> <p>Vurdering</p> <p>Tiltaket fører ikkje med seg arealbeslag som får direkte påverknad på registrerte verdier knytt til fiske, men utfylling i sjø kan føra med seg negative verknadar i anleggsperioden. Det blir føresett at tilflot til naust på 311/8 vert sikra/ivareteke. Mogleg forureining i samband med ev. utfylling, og tiltak i sjø i nasjonal laksefjord gjer svak negativ konsekvens.</p>
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag</p> <p>Det er registrert fleire fugleartar tilknytt Ølsfjorden, med anna fleire raudlisteartar og ansvarsartar. Registreringane er gjort eit stykke frå innspelsområdet, og det er ingenting som tilseier mykje fugleaktivitet tilknytt verksemda på Båsnæs. Ølsfjorden har moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.</p> <p>Vurdering</p> <p>Innspelet blir vurdert å ha lite direkte risiko for naturmangfald, men kan gjennom samla belastning utgjere risiko for ytterlegare skade på vassmiljøet knytt til Ølsfjorden. Svak negativ verknad.</p>

	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i nærleiken. Vurdering Utviding av eksisterande kai blir truleg noko synleg. Liten negativ verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området – Ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Innspelet ligg i strandsona, i tilknytning til eksisterande kaianlegg. Innspelet er privatisert gjennom dagens næringsverksemd, og har truleg liten verdi knytt til opphald og rekreasjon langs sjø. Vurdering Utviding av eksisterande kai påverkar ikkje situasjonen i strandsona, og verknaden er difor nøytral.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert friluftsområde eller barnetråkk i nærleiken av området. Vurdering Tiltaket får nøytral verknad for tema.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Tiltaket vil føra til ei utviding av eksisterande kai i sjø, knytt til eksisterande næringsverksemd. Nøytral verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Tiltaket krev utfylling/peling i sjø, som må kostast av privat utbyggar. Samfunnskostnadane er små eller ingen. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Tiltaket inneber ei utviding av eksisterande kaiareal knytt til næringsverksemda på tomta. Dette er i tråd med arealstrategiar i KPS om attraktive lokalsamfunn, om å styrka næringsverksemd, og fortetting/vidare utbygging av allereie utbygde område. Arealbeslag i sjø kan få konsekvensar for natur og miljø, noko som er i strid med arealstrategi om å ta vare på desse verdiane. Samla sett blir verknaden vurdert til å vera nøytral.	

Samla vurdering	Tiltaket er ikkje i særskild konflikt med registreringar i området, så fram det blir teke sikte på å i størst mogleg grad unngå skader på naturmangfald i samband med bygging. Tiltaket er med på å sikra større djupne ved kai, noko som er positivt for å få inn større båtar og tryggare tilkomst for desse. Det må sikrast at naudsynte undersøkingar i sjø blir gjort før løyve til kai blir gitt. Innspelet blir tilrådd tatt med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Skog	H	M	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Det har vore utført faresonekartlegging av området med omsyn til alle ras- og skredtypar med unntak av kvikkleireskred. Innspelsområdet er «klarert» for alle skred med unntak av kvikkleireskred. Ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for kvikkleireskred. Det må anten knyttast plankrav til omsynssona eller så må fare utgreiast som ein del av kommuneplanarbeidet.
Stormflo/havnivåstigning/flaum i elv eller bekk		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Eksisterande kai er dimensjonert for stormflo. Utviding av kai blir føresetett etablert på tilsvarande nivå som eksisterande kai. Dimensjonerande sannsyn er 1/20.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdgrad. Ikkje aktuelt for planlagt tiltak.	
Ekstremvær/Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Kort avstand til sjø	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet vil medføre endringar i overvassituasjonen. Overvatn kan leiast til sjø.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg. Det bør stillast krav til utarbeiding av VA-rammeplan i samband med reguleringsplan.

Skog-,lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil, tilgang på sløkkevatn	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ingen vegetasjon i innspelsområdet. Fulldyrka mark grensar til eigedomen.		
Menneskeskapte farar									
Ulukker med transportmiddel		L	M	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Meir/større kaiareal medfører potensielt meir trafikk, samt trafikk frå større fartøy. Ny/endra tilkomst til området nyleg regulert.	Tryggleik knytt til ferdsle i sjø bør avklarast gjennom reguleringsplan.	
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Distribusjonsnett (22 kV) går i luftspenn til sørsida av Bjoavegen. Bakkekabel vidare. Innspelet ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.		
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Næringsverksemd kan føra med seg forureining. Anleggsfasen for tiltaket kan medføre partikkelspreiing til sjø.		
Brann-/eksplosjonsfare		L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Tiltaket i seg sjølv blir vurdert å ikkje utgjere forhøga brann- og eksplosjonsfare. Objekt som ev. blir lagra på kaien kan ha påverknad på risiko.		
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		L	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Sjøkabel for høgspenn (22 kV- distribusjonskabel) som går frå Båsnas til Ølen kan vera utsett under anleggsarbeid knytt til kaiutviding.	Distribusjonskabel må sikrast gjennom reguleringsplan.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire). Ekstremvêr/klimaendringar, ulukker med transportmiddel og skade på kritisk infrastruktur er tema kor avbøtande tiltak bør vurderast. Innspelet kan tilråast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.								

Innspel nr. ØV05/ØV06, Næring, Myrastranda - Ølensvåg	
Gnr./bnr.:	292/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Kommuneplanen: park, parkeringsplass og sjøareal Reguleringsplan (landareal på nordsida av E134): friområde, badebasseng og parkering
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	Heile =100 daa til sjø, 48 daa på land. ØV05 =100 daa til sjø, 30 daa på land ØV06 = 12 daa til sjø, 18 daa på land
Forslagsstillar:	1. Chainco v/ Reidar Matre og 2. Henry Alvseike. Vedtak i formannskapet
Grunneigar:	Landarealet: Henry Alvseike
Skildring av innspelet:	1. Behov for eit større næringsområde knytt til sjø blant anna for lagring og sal av kjetting til offshore- og landbasert industri – utfylling av areal i sjø.

Kartutsnitt/foto:



Utsnitt av flyfoto og endra forslag til KPA. Innspelsområdet er merka med blått omriss.

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Ca. 5 daa fulldyrka ligg innanfor innspelsområdet. Det er registrert gyteområde for torsk i Ølsfjorden.</p> <p>Vurdering Innspelsområdet stekkjer ut mot det registrerte gyteområde og aktivitet i og i tilknytning til eit næringsområde her kan påverka gyteområdet negativt. Dyrka mark vil bli omdisponert. Svak negativ konsekvens.</p>	Yellow
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag I Naturbase er heile fjorden vist som modellert område for ålegras. Dette er ikkje reelt, men i dei grunne områda inn mot stranda kan det vera pårekeleg med førekomstar av ålegras.</p> <p>Det er registrert førekomstar av geitsvingel og havstarr (ansvarsartar) ask (trua art) i området. Vidare er det registrert framande artar: kjempespringfrø, syrin, hagenellik, tunbalderbrå og stikkelsbær. Det er registrert fleire raudlista fugleartar knytt til Ølsfjorden. Fjorden har moderat økologisk tilstand, og dårleg kjemisk tilstand.</p> <p>Ølsjøen er ein del av den nasjonale laksefjorden <i>Etnesfjorden – Ølsfjorden</i></p> <p>Vurdering Det er nasjonale interesser knytt til Ølsfjorden som nasjonal laksefjord. Ei utfylling vil pårekeleg ha negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet m.a. knytt til dei grunne områda inn mot land. Forureining gjennom partikkelspreiing frå utfylling vil bli av mellombels karakter. Sterk negativ verknad.</p>	Red
	Landskap	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området.</p> <p>Vurdering Delar av landareal på nedsida av E134 området er allereie opparbeid og dyrka. Området ligg like ved veg, og er allereie godt synleg frå begge sider av fjorden og ved utfylling vil området framstå som ei stor flate ut i fjorden og landskapsrommet. Middels negativ verknad.</p>	Yellow
	Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det ligg restar av grunnmur av eit naust i området. Kart viser ei Sefrak-registrering, men dette er anten rive eller ei feilregistrering av det tidlegare naustet. Det er ikkje registrert andre kulturminne eller kulturmiljø i området. Nøytral konsekvens.</p>	Green
	Strandsone	<p>Vurdering Innspelet ligg i strandsona og er på nedsida av E134 delvis resultat av utfylling. Ein del av arealet her er oppdyrka, men delar har naturleg strandlinje med svaberg og strand. Strandsona i er i utgangspunktet relativt tilgjengeleg for ålmenta, men E134 er ein barriere mellom gang- og sykkelvegen og området. Sterk negativ verknad.</p>	Red
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	<p>Kunnskapsgrunnlag I gjeldande reguleringsplan er området regulert til friområde og badeplass, men er no delvis opparbeidd og dyrka. E134 er ein barriere for bruk av området for friluftslivsaktivitetar, då gang- og sykkelvegen ligg på motsett side.</p> <p>Vurdering Avhengig av kva aktivitet som vil koma i området, kan dette ha negativ verknad på nærmiljø og folkehelse som følgje av støy, ljøs m.m. Middels negativ verknad.</p>	Yellow

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Området ligg tilgjengeleg frå E134 og sjøen og sentralt plassert i forhold til eksisterande næringsverksemd i fjorden elles. Nøytral verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ei utbygging vil krevje infrastrukturtiltak i form av og teknisk infrastruktur, som vil medføre samfunnskostnadar. Kommunalt avløpsanlegg går fram til vestsida av Berge Sag. Leidningsnett til Ølen vassverk er ikkje kjent. Svak negativ verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering I arealplanlegginga skal kommunen «balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal» og «rett verksemd skal på rett stad». Tiltaket vil vera i mogleg konflikt med strategien om at kommunen skal «arbeida for at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og god kjemisk tilstand».	

Samla vurdering	Innspelet vil gi negativ konsekvens for tema fiske, naturmangfald og strandsone. Også for temaa landskap, friluftsliv og nærmiljø, får innspelet noko negativ konsekvens. Men det vil vere positivt med tilrettelegging for næringsareal til sjø. Type verksemd vil avgjera behovet for avbøtande tiltak. Det må stillast plankrav. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 09.06.2026.
------------------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller ev. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om ev. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/ områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg under marin grense og derfor i aktsemdsområde for kvikkleireskred. Terrenginngrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ein stor del av området som er sjøareal er føresett utfyllt og er omfatta av stormflonivå for alle gjentaksintervall. Avhengig av kva som skal etablerast i området vil stormflo og bølgepåverknad måtte takast omsyn til. Det er registrerte eit aktsemdsområde flaum frå bekk i vest.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo. Det må knytast plankrav til omsynssona.
Radon		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Det blir lagt til grunn at det ikkje vil bli etablert bygningar med varig personopphald.	

Ekstremvær/ klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/ overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Sterkere vind som følgje av klimaendringar kan få konsekvensar for tiltak. Usikkerheit: Ekstremvær er ikkje føreseieleg	Tiltak må dimensjonast for å tola auke i vind og bølgepåverknad.
Skog-, lyng- og grasbrann		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje skog i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		H	H	M	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i tilknytning til E134.	Krav om reguleringsplan med meir detaljert ROS-analyse.
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Avhengig av kva tiltak som blir realisert i området, vil det vera risiko for utslepp av forureinande stoff til sjø. Usikkerheit tilseier høgare risiko. Delar av området ligg innanfor raud støysone langs E134.	Krav om reguleringsplan med meir detaljert ROS-analyse, inkl. støyyvurdering på omgjevnadane.
Brann-/eksplosjonsfare		M	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Avhengig av kva tiltak som blir realisert i området, kan det vera tiltak representera ein risiko for omgjevnadane.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		M	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ev. tiltak og aktivitet tett på E134 kan føra med seg risiko for skade og trafikkstans på E134 som er ein kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, men innspelet kan tilråddast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep.							

Innspelet nr. ØV07, Reinseanlegg, Ulvaneset- Ølensvåg	
Gnr./bnr.:	313/2 og 312/3
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: LNF
Foreslått arealføremål:	Reinseanlegg
Arealstorleik:	Ca. 6 daa inkl. tilkomstveg
Forslagsstillar:	Vindafjord kommune
Grunneigar:	Sissel Eldholm, Betty Lise Eldholm og Line Aguirre Eldholm
Skildring av innspelet:	Kommunen har planar om å etablere kloakkreinseanlegg med tilkomstveg på arealet. Anlegget er planlagt plassert på Ulvaneset og skal erstatta dagens anlegg i Osen i Ølen sentrum (slamavskiljar) og anlegget på eigedommen til Westcon Yards på Lunde.

Kartutsnitt/foto:

Flyfoto og utsnitt av endra forslag til KPA. Innspelsområdet er vist med blått omriss



	Tema	Vurdering av konsekvensar	
MILJØ	Landbruk, fiske og mineralressursar	<p>Kunnskapsgrunnlag Arealinnspelet legg beslag på om lag 3 daa fulldyrka jord, resterande areal er skogkledd med i hovudsak lauvtre.</p> <p>Vurdering Skogressurs er svært avgrensa, men saman med beslag av dyrka mark blir innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens</p>	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	<p>Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrerte naturverdiar i området. Det er registrert fleire fugleartar tilknytt Ølsfjorden, både av raudlisteartar og ansvarsartar. Registreringane er gjort eit stykke frå innspelsområdet. Ølsfjorden er klassifisert til å ha moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Skogsareal er karbonrikt areal.</p> <p>Vurdering</p>	

		Det blir føresett at ev. reinseanlegg må søkje om utsløppsløyve. Ein legg til grunn at avløpsvatn vert tilstrekkeleg reinsa og ikkje medfører forringa tilstand av vassmiljøet i Ølsfjorden. Moderat verknad på karbonrike areal ingen direkte påverknad på registrerte fuglar. Nøytral verknad.	
	Landskap	Ligg i skrånande terreng ned mot sjøen. Det dyrka arealet er noko flatare enn næraste strandsona. Ulvaneset stikk ut midt i Ølsfjorden og vil vere godt synleg frå sjøen. Vurdering Fortrinnsvis vil dei flataste delane av området nyttast til reinseanlegg for å unngå store landskapsinngrep. Den næraste strandsona/skråninga ned mot sjøen kan dermed skjermast til ei viss grad. Det er ingen registrerte landskapsverdiar i området, heller ingen inngrep frå før, derav noko negativ landskapsverknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag Det ligg eit automatisk freda kulturminne like nord for området. Det er ei gravrøys med tverrmål 16 meter og høgde opptil 2,5 m. Vurdering Kulturminnet vil bli noko negativt påverka av endra omgivnader.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Det er ingen andre inngrep i umiddelbar nærleik, eit naust 100 lengre sør og eit eldre verneverdig naust 135 m nord for området. Beiting av småfe dominerer bruken av området i dag. Vurdering Inngrepet vil påverke strandsona negativt	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert dokumenterte/kartlagde friluftsområde knytt til innspelet. Vurdering Inngrepet er vurdert å å nøytral konsekvens for tema.	

	Tema	Vurdering av konsekvensar	
SAMFUNN	Areal og transportplanlegging	Tiltaket vil føre til noko trafikk i samband med drift, men dette vil vere avgrensa. Nøytral verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Utbygging av nytt reinseanlegg gir god miljøgevinst på sikt. Tiltaket er vurdert som svært samfunnsnyttig.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Eit mål i KPS er å redusera forureining, og arealstrategi for å oppnå dette er å sikre at vassførekomstar skal ha god økologisk og kjemisk tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning.	

Samla vurdering	Innspelet gjeld reinseanlegg på deler av dyrka mark. Det vil bidra positivt med tanke på vassforvaltning og hindre forureining til sjø. Høg samfunnsnytte. Innspelet blir tilrådd med vidare.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller evt. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områ destabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		M	L	M	M	Uakseptabel risiko – avbøtande tiltak naudsynt	Området ligg under marin grense (aktsemdområde for kvikkleire). Innspelet vil medføre terrenginngrep som kan påverka områdestabilitet.	Tiltaket vil krevje reguleringsplan der grunnforhold må vurderast.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		H	L	L	L	Ikkje aktuelt		
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg risiko	
Ekstremvêr/ Klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Kort avstand til sjø	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan medføre endringar i overvassituasjonen. Omsyn til drenering av dyrka mark. Overvatn kan leiast til sjø.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng-, og grasbrann	Nasjonalt bålforbod, tilkomst for brannbil, tilgang på sløkkevatn	L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er noko skog i området.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak kan bli naudsynt	Innspelet vil ikkje medføre vesentleg auke i trafikk på fylkesvegen, men ny tilkomstveg og avkjøring må sikrast tilstrekkeleg sikt.	Plankrav
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Innspelet ligg ikkje i aktsemd-/fareområde.	
Forureining -Til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	L	L	Akseptabel risiko	Mellombels forureining til sjø kan oppstå under anleggsfasen. Det blir føresett at det i eit utsleppsløyve/forureinings - løyve kjem fram føringar for driftsfasen.	

Brann- /eksplosjonsfare		L	L	L	M	Akseptabel risiko	Gass frå avløp/kloakk er ikkje «flyktig», og har veldig høg eksplosjonsgrense. Tiltaket blir vurdert å ikkje utgjere forhøga brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar -Kraftforsyning -Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikke aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for tiltaket/innspelet.	
Samla vurdering	Risiko er akseptabel. Innspelet kan tilrådest.							

Arealinnspel med uavklart risiko

Dette er ein oversikt over alle arealinnspele som i ROS-analysen har komme ut med gul eller raud farge. Til desse blir det stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan, med krav om utgreiing.

Det går tydeleg fram av lista kva for tema som det er knytt risiko til og kva som må utgreiast på reguleringsplannivå.

Område	Bygd	Arealformål	Usikkerheit	Krav til utgreiing på reguleringsplannivå
B03	Bjoa	Næring (utviding ved Granberg)	Rasfare; snøskred Overvatn Skogbrann - sløkkevatn	X X X
B04	Bjoa	Råstoffutvinning	Trafikkulykke	X
B05	Bjoa	Bustad, Utbjoa - eksisterande	Støy	Eksisterande bustadar, ferdig utbygd!
B06	Bjoa	Bustad - Molovegen	Ras; kvikkleireskred Overvatn	X X
B09	Bjoa	Naust, Haugsgjerd	Ekstremvær	Eksisterande naust, ferdig utbygd!
B12	Bjoa	Naust, Molovegen	Rasfare; kvikkleireskred Ekstremvær	X X
B13	Bjoa	Turist- og reiselivsformål, Steinslandsvegen	Skogbrann Trafikkulykke	X X
B15	Bjoa	Kombinert formål, skuleområdet	Rasfare; kvikkleireskred Flaum Overvatn Trafikkulykke	X X X X
IM01	Imsland	Næring, Ølmedal	Overvatn	X
IM02	Imsland	Råstoffutvinning, Frøvika	Rasfare; snøskred, steinsprang, kvikkleire og jord- og sørpeskred	X
IM03	Imsland	Kombinert formål, skuleområdet	Flaum Overvatn Trafikkulykke	X X X
SA01	Sandeid	Bustad, Ilsvåg	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn Trafikkulykke Støy	X X X X
SA03	Sandeid	Bustad, Østbøfeltet	Rasfare; kvikkleireskred og sørpeskred Flaum Overvatn Trafikkulykke Støy	X X X X X

SA06	Sandeid	Småbåtanlegg	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo/havnivåstigning	X X
SA07	Sandeid	Turveg, Olalia	Overvatn	X
SA09	Sandeid	Kombinert formål, teknisk bygg	Rasfare; kvikkleireskred	X
SA10	Sandeid	Kombinert formål, dagsenter	Rasfare; kvikkleireskred Trafikkulykke	X X
SK01	Skjold	Bustad, Isvik	Kvikkleire Overvatn	X X
SK02	Skjold	Bustad, Isvik	Overvatn	X
SK03	Skjold	Bustad, Trovåg	Rasfare; kvikkleire Radon Overvatn	X X X
SK04	Skjold	Bustad, Skjoldali	Overvatn	X
SK05	Skjold	Kombinert formål, Haraldseidvågen aust	Rasfare; snøskred og kvikkleireskred Stormflo Overvatn Brann	X X X X
SK06	Skjold	Råstoffutvinning, Liaheia	Overvatn Trafikkulykker	X X
SK08	Skjold	Fritids- og turistformål, Haraldseidvågen vest	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn	X X
SK09	Skjold	Næring, Liaheia	Overvatn Støy Brann/eksplosjonsfare Kritisk infrastruktur	X X X X
SK10	Skjold	Akvakultur, Sagjå	Rasfare; kvikkleire Stormflo Overvatn	X X X
SK11	Skjold	Trase for teknisk infrastruktur, Toraneset	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo Overvatn	X X X
SK12	Skjold	Sentrumsformål, Isvik	Rasfare; kvikkleireskred Flaum Overvatn Trafikkulykker Støy	X X X X X
SK13	Skjold	LNF-spreidd næring, Langalandsvika	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo Overvatn	X X X
SK17	Skjold	Naust, Haraldseidvågen aust	Rasfare; kvikkleireskred Ekstremver	X X
SK18	Skjold	Småbåtanlegg, Haraldseidvågen aust	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo Ekstremver	X X X
SK20	Skjold	Reinseanlegg, Toraneset	Overvatn	X

SK21	Skjold	Naust, Haraldseidvågen aust	Rasfare; kvikkleireskred Ekstremver	X X
VA01	Vats	Bustad, Knapphus	Rasfare; snøskred og lausmasskred	X
VA02	Vats	Bustad, Tinghaugvegen	Rasfare; kvikkleireskred	Eksisterande bustadar, ferdig utbygd!
VA03	Vats	Bustad, Kårhus	Rasfare; kvikkleireskred Radon Overvatn	X X X
VA05	Vats	Bustad, Blikravegen	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn Trafikkulykke Støy	X X X X
VA06	Vats	Næring, Knapphus er regulert!	Rasfare; kvikkleireskred Flaum Overvatn Trafikkulykke Forureining	X X X X X
VA07	Vats	Kombinert formål; privat tenesteyting/reiseliv, Nesheim	Rasfare; kvikkleireskred Radon Overvatn Trafikkulykke Støy	Allereie utbygd, nye tiltak krev reguleringsplan
VA08	Vats	Kombinert; bustad/næring	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn Høgspenning	X X X
VA10	Vats	Naust, Steinneset	Rasfare; kvikkleireskred Ekstremver	X X
VA12	Vats	Naust, Kvigeneneset	Rasfare; kvikkleireskred Ekstremver Trafikkulykke	X X X
VA13	Vats	Kombinert formål; bustad og næring, Knapphus	Overvatn Trafikkulykke Støy	X X X
VB02	Vikebygd	Spreidd næringsbusetnad og park, Synøvehaug	Rasfare; kvikkleireskred Radon Overvatn Skogbrann Trafikkulykke Kraftlinje	X X X X X X
VB03	Vikebygd	Bustad, Vossasvingen	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn Trafikkulykke	X X X
VB04	Vikebygd	Bustad, Vossasvingen	Rasfare; kvikkleireskred Flaum Overvatn Trafikkulykke	X X X X

VB06	Vikebygd	Turistformål	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo Overvatn	X X X
VB07	Vikebygd	Kominert; tenesteyting, forretning, bustad	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn	X X

VB09	Vikebygd	Småbåtanlegg	Rasfare; kvikkleireskred og jord- og flaumskred	X
VD01	Vikedal	Bustad, Hallingstad	Rasfare; kvikkleireskred Radon Overvatn Høgspenst Støy	X X X X X
VD03	Vikedal	Næring og hamn, Vikedalsosen	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo Overvatn Trafikkulykke	X X X
VD04	Vikedal	Næring, Håvika - Søndenå	Rasfare; kvikkleireskred, steinsprang og snøskred Overvatn Trafikkulykke	X X X
VD05	Vikedal	Næring, Håvika (vegstasjonen)	Rasfare; kvikkleireskred, steinsprang og snøskred Overvatn Høgspenst	X X X
VD06	Vikedal	Naust, Kvernavika	Rasfare; kvikkleireskred Ekstremvær Trafikkulykke	X X X
VD08	Vikedal	Reinseanlegg, Søndenåneset	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo/havnivåstigning Overvatn	X X X
VD09	Vikedal	Urabø	Rasfare; kvikkleireskred Radon Overvatn	X X X
Ø01	Ølen	Bustad, Litle Nerheim	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn	X X
Ø02	Ølen	Bustad, Litle Nerheim	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn	X X
Ø03	Ølen	Kombinert; bustad og næring, Litle Nerheim	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo/havnivåstigning Overvatn Støy	Eigedomen er utbygd, men transformasjon /ny utbygging krev reguleringsplan.
Ø05	Ølen	Bustad, Hiljesteinsvika	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn Støy	X X X

Ø07	Ølen	Næring, Fikse (vegstasjonen)	Overvatn Trafikkulykke Høgspenn Støy Brann	X X X X X
Ø08	Ølen	Hamn	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo/havnivåstigning Ekstremver Forureining	X X X X
Ø09	Ølen	Sentrum, Ølen sentrum	Rasfare; kvikkleireskred Flaum Overvatn Trafikkulykke	X X X X

Ø10	Ølen	Småbåtanlegg og badeplass, Mulagata	Rasfare; kvikkleire Stormflo/havnivåstigning	X X
Ø11	Ølen	Naust, Nausthaugen	Rasfare; kvikkleireskred Ekstremver	X X X
Ø16	Ølen	Utviding av sentrum mot aust	Rasfare; kvikkleireskred Stormflo/havnivåstigning Ekstremver Trafikkulykke	X X X X
Ø17	Ølen	Leirduebane, Fikse	Skogbrann Forureining	X X
ØV01	Ølensvåg	Bustad, Vaka (eksisterande)	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn	Eksisterande bustad!
ØV03	Ølensvåg	Næring, Båsnæs	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn Trafikkulykke Skade på kritisk infrastruktur	X X X X
ØV05	Ølensvåg	Næring, Myrastranda	Rasfare; kvikkleire Stormflo/havnivåstigning Ekstremver Trafikkulykke Forureining Støy Brann/eksplosjonsfare Skade på kritisk infrastruktur	X X X X X X X X
ØV07	Ølensvåg	Reinseanlegg, Ulvaneset	Rasfare; kvikkleireskred Overvatn Trafikkulykke	X X X